



## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kommunestyresalen, Rådhuset)
<b>Dato:</b>	20.05.2021
<b>Tid:</b>	10:00

**Om smittesituasjonen gjeldande koronavirus endrar seg fram til møtet, kan møte bli endra frå fysisk møte til Teams-møte.**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Lorentz Lunde  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 5/21 GK 6/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.04.2021	2019/68	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 9/21	Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet	2019/79	
PS 10/21 PS 11/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval Eventuelt	2019/72 2020/83	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 7/21 RS 8/21	Budsjettbrev 2020 frå Statsforvalteren - Tysnes kommune FKT - medlemsinformasjon april 2021	2019/79 2019/18	

**Godkjenningssaker**  
**GK 5/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**



Tysnes kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/68-15  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	6/21	20.05.2021

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.04.2021**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.04.2021 er lagt med som vedlegg i saka.





## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte, (via Teams)
<b>Dato:</b>	22.04.2021
<b>Tid:</b>	10:00 - 10:30

### Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lorentz Lunde	Leiar	KRF
Britt Ersvær	Nestleiar	AP
Lars Heine Kåsa	Medlem	SP
Sigvard Michael Madsen	Medlem	H

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Haugland	Medlem	FRP

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marit Gunn Dalland	Kåre Haugland	FRP

### Merknader

### Andre som møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Kalsnes	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helene Ruud	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Lorentz Lunde  
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.2021	2019/68	
<b>Politiske saker</b>			
PS 6/21	Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning - prosjektplan	2021/31	
PS 7/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/72	
PS 8/21	Eventuelt	2020/83	
<b>Referatsaker</b>			
RS 4/21	Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen	2019/18	
RS 5/21	20/5274-7 Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften	2019/18	
RS 6/21	FKT - medlemsinformasjon mars 2021	2019/18	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.2021**

**Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 18.02.2021.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.02.2021 vart samrøystes godkjent.

## **Politiske saker**

### **PS 6/21 Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning - prosjektplan**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personal forvaltning.
2. Eventuelt korrigerert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 06.05.2021. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 01.11.2021, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

**Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor presenterte forslag til prosjektplan slik den ligg føre og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Mellom anna vart føremål, problemstillingar og metode presentert for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønskjer eit tilleggspunkt som tek for seg å sjå nærare på permisjonsreglementet i kommunen. Dette vert innarbeida i prosjektplanen. Ny prosjektplan vert å senda til sekretariatet. Utvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personal forvaltning.
2. Korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 06.05.2021. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 01.11.2021, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

#### **PS 7/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

##### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

#### **Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

##### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt i saka, gjeldande gjennomgang av møteprotokollane frå andre politiske utval.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

#### **PS 8/21 Eventuelt**

##### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### **Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

##### **Handsaming i møte**

Ingen saker vart handsama under eventuelt.

#### **Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

#### **Referatsaker**

#### **RS 4/21 Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen**

#### **Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

##### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

**RS 5/21 20/5274-7 Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften**

**Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

**RS 6/21 FKT - medlemsinformasjon mars 2021**

**Saksprotokoll 22.04.2021 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

**Politiske saker**  
**PS 9/21 Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Tysnes kommune - uttale frå**  
**kontrollutvalet**



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/79-11  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	9/21	20.05.2021

## Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet

### Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 14.10.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

### Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2020 for Tysnes kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet - Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Tysnes kommune
- 2 Årsmelding 2020 for Tysnes kommune
- 3 Årsrekneskap 2020 for Tysnes kommune
- 4 Revisjonsberetning 2020 for Tysnes kommune
- 5 Revisjonsrapport 2020 for Tysnes kommune
- 6 Rapport etter etterlevelseskontroll 2020 for Tysnes kommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Innleiing

Kontrollutvalet vil i møte 20.05.2021, behandla utvalet sin uttale til Tysnes kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2020.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vera til stades i møtet og presentere årsrekneskapen og svara på spørsmål.

#### Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

#### Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

#### Grunnlag for uttalen

Dokument og handsamingar som danner grunnlaget for denne saka er:

- Avlagt årsrekneskap frå rådmann motteke 05.05.2021
- Rådmann si årsmelding, motteke 05.05.2021
- Revisjonsmelding, dagsett 15.04.2021
- Nummererte brev, revisjonsrapport nr. 9, dagsett 15.04.2021
- Rapport etter etterlevingskontroll dagsett 15.04.2021
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen
- Gjennomført påsjå-ansvar overfor revisor

I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding (sjå vedlegg). Her er medteke at netto driftsresultat er kr. 1.509.927, og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr. 1 509 927.

### Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll



I den nye kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen står det dette:

*«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.*

*Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.*

*Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»*

På bakgrunn av dette har Deloitte AS levert «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen» dagsett 15.04.2021 (sjå vedlegg).

Uttalen omhandler avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga. Det går vidare m.a. fram at uttalen er basert på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Det er gjennomført kontroll gjeldande reglar om sjølvkostområde i tilknytning til vatn, etter reglar i kommunelova.

Til slutt konkluderer Deloitte AS m.a. slik:

*«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tru at Tysnes kommune i det alt vesentlige har etterlevd føresegnene i kommunelova knytt til sjølvkostområdet for vatn. Revisor vil likevel gjera merksam på at det blei avdekka feil i berekninga som ligg til grunn for vassavgifta, men at Tysnes kommune no har retta opp avvika.*

*Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivarta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Tysnes kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.»*

### **Revisjonsrapport nr. 9 for rekneskapsåret 2020 frå Deloitte AS**


Revisjonsrapport nr. 9 for 2020 frå Deloitte AS til kommunen inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet, (Sjå vedlegg) Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve nokre tilrådingar til kommunen på tilhøve som bør og kan forbedrast.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve desse tilrådingane.

### **Vurdering av rekneskapen**

Av rekneskapen for 2020 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 1 510 000 dvs. netto resultatgrad på 0,48 % (Sett opp mot sum driftsinntekter kr. 313 428 000). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 2,5 % i 2020. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Tysnes kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2016 (+ 3,99 %), 2017 (+ 4,88 %), 2018 (+ 3,51 %), 2019 (+ 1,86 %) og 2020 (+ 0,48%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2020 er positivt. Det er vesentleg lågare enn tilrådingane frå TBU og vesentleg under snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 - 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Tysnes kommune har ei lånegjeld i 2020 tilsvarende 62,5 % av sum driftsinntekter, altså noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal for 2019 var 62,9%. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 19,8 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Totalt sett har Tysnes kommune tilfredsstillande, lånegjeld og disposisjonsfond. Driftsresultatet for 2020 som er vesentleg lågare enn tilrådinga frå TBU og vesentleg lågare enn landsgjennomsnittet som i år er på 2,5 %.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Det er ei målsetting om at denne bør vere under 5%. I 2020 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 10,46 %.

Oppsummert har Tysnes kommune eit driftsresultat positivt med 0,48 % og eit disposisjonsfond på 19,8 % for 2020, medan lånegjelda er på 62,5 % av driftsinntektene, og gjeldsbelastninga målt av driftsinntektene er på 10,46 %. Det vert tilrådd at kontrollutvalet i sin uttale omtaler driftsresultat og gjeldsbelastninga som lite tilfredsstillande, og at gjeldsgrad er og disposisjonsfond er tilfredsstillande.

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2020, etter krava frå kommunelova § 14-7 og § 25-2.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»

Vidare står det dette i kommunlova § 25-2:

*«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»*

Rådmannen har i årsmeldinga s. 41- 43 gjort greie for intern kontroll og statlege tilsyn på ei god måte.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Regnskapsmessig mindreforbruk
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

## **Konklusjon**

Oppsummert har Tysnes kommune eit positivt driftsresultat med 0,48 % og eit disposisjonsfond på 19,8 % for 2020 medan lånegjelda er på 62,5 % av driftsinntektene. Driftsresultat, lånegjeld og gjeldsgrad som for dårleg, og at disposisjonsfond er meir enn tilfredsstillande.

På bakgrunn av det som kjem fram i «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen og revisjonsrapport nr. 9 for 2020 frå Deloitte AS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be rådmannen om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapportane.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.



Til Tysnes kommune ved kommunestyret.

## UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2020

Kontrollutvalet har 20.05.2021 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Tysnes kommune som er motteke frå rådmann 05.05.2021, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.2021.

Kommunen har i 2020 eit netto driftsresultat på kr 1 510 000. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2020 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

### Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 0,48 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 62,5 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 10,46 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at denne ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 19,8 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Kontrollutvalet registrerar at nøkkeltala gjeldande netto driftsresultat og gjeldsbelastning er vesentleg dårlegare enn tilrådingane, medan lånegjelda er tilfredstillande og disposisjonsfondet er vesentleg betre enn tilrådinga.

### Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Tysnes kommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 9 frå Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar

Kontrollutvalet ber kommunestyret ta resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga frå Deloitte AS, dagsett 15.04.2021 til etterretning.

Kontrollutvalet er i all hovudsak nøgd med Tysnes kommune si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f og rapportering etter kommunelova § 25-2.

### På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 15.04.2021 og revisjonsrapport nr. 9 datert 15.04.2021, har kontrollutvalet ikkje merknader til Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2020.

Kopi:

Formannskapet



## TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 970 46 500

UGGDAL, 31.03.2021

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
20/328-9	2385/21	001	TK//STDAL	

## ÅRSMELDING 2020

### Innhald

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING.....	5
1. ØKONOMI.....	7
2. PERSONAL OG ORGANISASJON.....	24
2.1 Styringsstruktur.....	24
2.2 Organisasjonsdemografi.....	25
2.3 Likestilling.....	25
2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær.....	26
2.7 Etikk.....	29

POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN.....	31
3.1. Politikk og samfunnsutvikling .....	31
3.2    Prosjekt.....	36
3.3 Digitalisering.....	39
3.4 Planarbeid .....	40
3.5 Internkontroll og statlege tilsyn .....	41
4.    TENESTEOMRÅDA .....	44
<b>4.1 Sentraladministrasjonen</b> .....	44
4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta .....	44
4.1.2 Val.....	46
4.1.2 IT.....	46
4.1.3 Innkjøp .....	47
4.1.4 Eigedomsskatt .....	47
4.1.5 Fast eigedom .....	48
4.1.6 Samfunnstryggleik og beredskap .....	49
4.1.7 Klima og energi.....	49
4.1.8 Økonomi og løn .....	50
4.1.9 Næring og reiseliv .....	50
4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv.....	51
4.1.11 Folkehelse .....	55
4.1.12 Bibliotek.....	55
4.1.13 Tysneshallen .....	59
<b>4.2 Oppvekst</b> .....	60

4.2.1 Grunnskule.....	60
4.2.2 PPT.....	66
4.2.3 Spesialundervisning.....	66
4.2.4 Blå skule.....	68
4.2.5 Skulefritidsordning - SFO.....	70
4.2.7 Vaksenopplæring.....	70
4.2.8 Kulturskulen.....	71
4.2.7 Barnehagar.....	72
4.2.8 Tenester for barn og familie.....	76
4.2.8.1 Helsestasjon og skulehelsetenesta.....	76
4.2.8.2 Jordmor.....	79
4.2.8.3 Psykisk helse for barn og unge.....	79
4.2.8.3 Barnevern.....	80
<b>4.3 Helse og sosial.....</b>	<b>83</b>
4.3.2 Helseavdelinga.....	83
4.3.2.1 Psykisk helse.....	83
4.3.2.2 Legekontor.....	85
4.3.2.3 Legevakt.....	86
4.3.2.4 Fysioterapi.....	86
4.3.2.5 Ergoterapi.....	87
4.3.3 Pleie- og omsorg.....	89
4.3.3.1 Institusjon.....	89
4.3.3.2 Open omsorg.....	91

4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma.....	92
<b>4.4 Landbruk og teknisk .....</b>	<b>97</b>
4.4.1 Eining for forvaltning .....	97
4.4.1.1 Plan og byggjesak .....	97
4.4.1.2 Kart og oppmåling .....	99
4.4.2 Eining for brann og redning.....	102
4.4.2.1 Brann og redningsteneste.....	102
4.4.3 Drift og vedlikehald .....	104
5. AVSLUTNING.....	107



## 0. RÅDMANNEN SI INNLEIING

Kjære lesar, då er tida igjen komen for at me skal gjera opp status for året som no ligg bak oss. Årsmeldinga er i år som tidlegare relativt omfattande, samstundes så er det mange viktige tilhøve som heilt sikkert kunne vore lagt meir vekt på.

Frå rådmannen si innleiing til årsmeldinga for 2019 står det skrive:

Det må samstundes understrekast at dette er ei årsmelding i Koronaen si tid. Me veit ikkje ennå kva som vil følgja av den situasjonen me er inne i, men også i årsmeldinga er det relevant å nemna dette då det er eit tilhøve som vil påverka drifta vår og våre økonomiske posisjon vidare. Det me kan sei heilt sikkert er at den pågåande situasjonen med stengte skular og barnehagar påfører verksemda eit inntektstap, dette skjer direkte gjennom tapte inntekter knytt til SFO og barnehagar. Me ser også at det påfører oss ekstra utgifter mellom anna opp mot brann, pleie og omsorg og helsetenester. Me er usikre på korleis dei litt meir langsiktige konsekvensane av situasjonen blir mellom anna opp mot skatteinntekter, utvikling av lokalt næringsliv, søknader om økonomisk sosialhjelp med vidare. Det er også lagt fram fleire statlege krisepakker, i ei av desse er det lagt opp til tilleggsøyvingar til kommunesektoren. Det er også antyda at kommunane vil kunne få dekka sine meirkostnader som følgjer av arbeidet med Korona. Me har i dag oppretta eit eige prosjektnummer for dette slik at me skal ha moglegheit til å enkelt kunne gjera greie for desse kostnadane.

Når me no er kome godt inn i 2021 så er det framleis ei årsmelding i Koronaen si tid, og rådmannen er tilbake på heimekontoret. Før mars 2020 var det neppe nokon av oss som kunne forestilla oss at me skulle gå på butikken med munnbind, eller at me skulle slutta å handhelsa. I årsmeldinga er dette eit punkt som går igjen når dei ulike verksemdsområda skildrar si drift for meldingsåret. Me ser også at ein del av utviklingsarbeidet har lidd under det faktum at det er vanskeleg å gjennomføra involverande og gode prosessar. Det knyter seg også uro til deler av næringslivet vårt som har måtte gå gjennom uttalige periodar av nedstenging og driftsinnskrenkingar. Det er også mørke skyer til korleis dette påverka den psykiske helsa vår, og særskilt korleis det påverkar dei som er barn og unge i dag. Me har von om at vaksineringsprosessen over tid sikrar oss at me kan ta opp att liva våre slik dei var før me vart treft av denne pandemien, det er samstundes ei påminning om kor sårbare me eigentleg er.

Det er også positive ting som har skjedd i det siste året! Tysnessamfunnet framstår som stadig meir vitalt og me er på full fart mot 3000 innbyggjarar! Gode og stabile fødselstal er viktig både for kommuneøkonomien og for drifta vår i skular og barnehagar.

2020 vart også eit merkjeår for kommunen då dette var året då me tok tilbake Onarheimsseglet i kommunevåpenet vårt, flagget med kommunevåpenet heng ennå ikkje over Rådhuset, men me har von om at det skal gjera det når kommunestyre endeleg handsamar denne meldinga.

Skatteinngongen til kommunen er framleis god sjølv om den har falt monaleg sidan 2019. I 2020 fekk me også ei større utbetaling frå Havbruksfondet, heile utbetaling i meldingsåret vart nytta til å betala ned lån. Me har også fått eit lite drypp av havbruksmidlar no i 2019, i samsvar med kommunestyre sine føringar vert deler av dette nytta til å betale ned lån.

Å trekkje fram nokre element i innleiinga yt sjeldan god rettferd, det er mange forhold som kunne vore nemnt her som ikkje er det. Innleiinga er heller ikkje meining å vera eit referat frå meldinga. Så då gjenstår det å takka tilsette, politikarar og innbyggjarar for eit godt samarbeid i året som ligg bak oss og ønskja dykk alle god lesing!

Steinar Dalland  
Rådmann

# 1. ØKONOMI

Hovudtal for drifta 2020:

<b>DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Regulert budsjett 2020</b>	<b>Oppr. budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
<b>Tal i 1000 kroner</b>				
Rammetilskot	-111 559	-112 974	-111 774	-100 294
Inntekts- og formuesskatt	-94 663	-93 906	-93 906	-105 762
Eigedomsskatt	-10 757	-10 500	-10 500	-10 757
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-19 868	-19 833	-762	-3 159
Overføringer og tilskot frå andre	-42 095	-22 398	-22 398	-39 809
Brukarbetaling	-9 832	-9 934	-12 366	-11 295
Sals- og leigeinntekter	-24 654	-23 036	-23 345	-20 156
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-313 428</b>	<b>-292 582</b>	<b>-275 052</b>	<b>-291 232</b>

I 2020 mottok kommunen 19,1 mill.kr frå Havbruksfondet, mot 1,9 mill.kr. i 2019 og 24,1 mill.kr i 2018. I 2021 er det venta eit beløp rundt 8 mill.kr.

Beløpet på 19,1 mill.kr i 2020 vart i sin heilhet nytta til nedbetaling av lån. Midlane får difor ingen effekt på netto driftsresultat.

Skatteinntgangen har vore god dei siste åra, med 2019 som eit rekordår med ei innbetaling på 116% av landsgjennomsnittet før utjamning. I 2020 vart denne redusert til 105%. I beløp inneber denne reduksjonen litt over 11 mill.kr. Tilsvarande tal etter utjamning i inntektssystemet gjekk skatteinntgangen ned frå 105% i 2019 til 101% i 2020. Endeleg reduksjon i skatteinntgangen vart då «berre» 4,7 mill.kr.

Gjennom året 2020 fekk kommunen fleire korona-midlar i rammetilskotet, mellom anna gjennom krisepakke 3 på 2,4 mill.kr samt 1,2 mill.kr til vedlikehald av kommunale bygg. Sistnevnte vart nytta i sin heilhet til dette formålet. Samla vart skatteinntekter og rammetilskot omtrent som budsjettert.


Gjennom året 2020 auka folketalet med 1,9%. Dette gjev ein god inngangsverdi for rammetilskotet i 2021.

Utgifter :

<b>DRIFTSUTGIFTER</b>	<i>Rekneskap 2020</i>	<i>Regulert budsjett 2020</i>	<i>Oppr. budsjett 2020</i>	<i>Rekneskap 2019</i>
<b>Tal i 1000 kroner</b>				
Lønsutgifter	155 822	153 314	149 049	150 692
Sosiale utgifter	31 922	33 896	41 302	33 943
Kjøp av varer og tenester	75 736	56 004	53 589	71 503
Overføringer og tilskot til andre	17 232	16 692	16 552	16 675
Avskrivning	11 917	11 762	11 762	11 231
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>292 628</b>	<b>271 668</b>	<b>272 254</b>	<b>284 044</b>

Samla utgiftsauke gjennom 2020 vart 3%. Men i denne auken ligg særskilte utgifter i 2020, mellom anna 1,2 mill.kr til ekstraordinært vedlikehald av kommunale bygg (korona-midlar). I tillegg har pandemien påført oss ekstra utgifter spesielt innafor helseområdet, men også i skular og barnehagar. Eit redusert lønsoppgjer som fylgje av pandemien reduserte dei samla lønsutgiftene.

## Fordeling utgifter 2020



Løn og sosiale kostnader utgjør 64 % av dei totale kostnadane. Dersom me justerer for innleige på omsorgssenteret og open omsorg (13,2 mill.kr) vert utgjør personalkostnadane 69 %. For å kunne ivareta ein sunn økonomi framover er det essensielt å ha kontroll på desse kostnadane.

**FINANS - INNTEKT OG  
UTGIFTER** Tal i 1000 kroner

	<i>Rekneskap 2020</i>	<i>Regulert budsjett 2020</i>	<i>Oppr. budsjett 2020</i>	<i>Rekneskap 2019</i>
Renteinntekter	-1 593	-1 693	-1 693	-2 035
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0
Renteutgifter	3 856	5 099	5 099	4 533
Avdrag på lån	28 944	29 132	10 061	10 494
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>31 207</b>	<b>32 539</b>	<b>13 468</b>	<b>12 992</b>
Motpost avskrivning	-11 917	-11 762	-11 762	-11 231
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-1 510</b>	<b>-136</b>	<b>-1 091</b>	<b>-5 427</b>
<i>Netto driftsresultat i %</i>	<i>0,5 %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,4 %</i>	<i>1,9 %</i>

Netto driftsresultat før disponering vart 1,5 mill.kr (0,5%). I seg sjølv er dette eit nokså nøkternt resultat, men det er verdt å kommentere at tilsvarande tal hadde vore 20,6 mill.kr (6,6%) dersom me ikkje hadde nytta havbruksmidlane til nedbetaling av lån.

Disponering :

<b>Disponering eller dekking av netto driftsresultat. Tal i 1000 kroner</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Regulert budsjett 2020</b>	<b>Oppr. budsjett 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Overføring til investering	760	2 190	2 190	752
Netto avsetning eller bruk av bundne driftsfond	2 248	-480	-480	621
Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond	-1 499	-1 574	-619	4 054
<b>Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat</b>	<b>1 510</b>	<b>136</b>	<b>1 091</b>	<b>5 427</b>

Netto driftsresultat på 1,5 mill.kr. består av finansiering av egenkapitalinnskott KLP (0,76 mill.kr), netto overføring til bundne driftsfond (2,2 mill.kr) samt netto bruk av ulike disposisjonsfond (1,5 mill.kr)

Oversikt over fond med årets bevegelse :

<b>Disposisjonsfond</b>	<b>Beløp i 1000 kr</b>
Beholdning 01.01.	58 910
Bruk av fondet i driftsregnskapet	1 638
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	-
Avsetninger til fondet (fotnote 1)	4 804
Beholdning 31.12.	62 076

<b>Bundne driftsfond</b>	<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01.	7 795
Bruk av fondene i driftsregnskapet	1 130
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	-
Avsetninger til fondene	3 378
Beholdning 31.12.	10 044
<b>Ubundne investeringsfond</b>	<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01.	1 203
Avsetninger til fondene	75
Bruk av fondene	85
Beholdning 31.12.	1 193
<b>Bundne investeringsfond</b>	<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01.	3 860
Avsetninger til fondene	430
Bruk av fondene	-
Beholdning 31.12.	4 290



**Rekneskap 2019 - udisponert fond****Beløp**

Beholdning 01.01 (udisponert overskot 2017/18) :	4 665
Årets udisponerte resultat (mer- eller mindreforbruk)	-
Årets disponering av tidlegare resultat (mer- eller mindreforbruk)	4 665
Beholdning 31.12.	-

Hovudtal investering:

<b>Investeringsutgifter Tal i 1000 kroner</b>	<i>Rekneskap 2020</i>	<i>Reg. budsjett 2020</i>	<i>Oppr. budsjett 2020</i>	<i>Rekneskap 2019</i>
Investering i varige driftsmidler	60 033	83 778	83 778	21 715
Tilskot til andre sine investeringar	737	0	0	0
Investering i aksjer og deler i selskap	760	850	850	752
Utlån av egne midlar	455	0	0	0
Avdrag på lån	1 816	0	0	1 813
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>63 802</b>	<b>84 628</b>	<b>84 628</b>	<b>24 280</b>

I 2020 starta den fysiske bygginga av nytt mellomtrinn på Tysnes skule, og dette prosjektet dominerer dermed investeringsutgiftene i år. Prosjektet held fram gjennom 1.halvår av 2021.

Rekneskap fordelt på KOSTRA-funksjon (beløp i 1000 kr) :

	KOSTRA-tekst	Året 2020			Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
		Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett		
100	Politisk styring	2 837	2 217	2 142	2 755	1 970
110	Kontroll og revisjon	550	924	924	757	616
120	Administrasjon	14 247	15 526	15 934	15 391	15 059
121	Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	438	335	335	411	327
130	Administrasjonslokaler	980	972	2 006	772	1 048
170	Årets premieavvik	-3 818	0	0	-6 842	-4 573
171	Amortisering av tidligere års premieavvik	4 084	0	0	3 180	2 458
172	Pensjon	82	0	0	8	80
173	Premiefond	-2 002	0	0	-2 548	-4 083
180	Diverse fellesutgifter	187	7 784	2 448	213	78
201	Barnehage	24 428	22 570	23 687	23 705	21 042
202	Grunnskole	37 799	37 242	37 509	35 880	35 647
213	Voksenopplæring	-359	-593	-593	-258	-945
215	Skolefritidstilbud	793	224	224	588	544
221	Barnehagelokaler og skyss	2 527	2 494	2 505	3 300	2 468
222	Skolelokaler	7 771	6 860	6 911	6 562	6 857
223	Skoleskyss	953	1 600	1 600	1 408	1 617

	<b>KOSTRA-tekst</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rev. Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Rekneskap 2018</b>
231	Aktivitetstilbud barn og unge	0	8	8	336	330
232	Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	2 776	2 895	2 879	2 519	2 209
233	Annet forebyggende helsearbeid	697	842	842	888	877
234	Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personer med funksjonsnedsettelse mv.	6 175	5 076	5 065	5 822	5 769
241	Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	11 210	8 257	10 030	10 997	9 183
242	Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	849	798	792	668	704
243	Tilbud til personer med rusproblemer	423	11	11	151	80
244	Barneverntjeneste	2 591	2 551	2 545	2 644	2 532
251	Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	800	958	958	1 543	1 269
252	Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	2 166	2 506	2 506	2 580	2 012
253	Helse- og omsorgstjenester i institusjon	31 069	26 693	28 215	30 425	28 127
254	Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	35 643	32 458	32 518	36 333	35 422
261	Institusjonslokaler	6 422	5 631	5 657	6 710	6 128
265	Kommunalt disponerte boliger	-567	-1 006	-970	-720	-829
273	Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	627	598	598	608	591
275	Introduksjonsordningen	-365	-277	-277	-37	-682
276	Kvalifiseringsordningen	133	140	140	156	120
281	Ytelse til livsopphold	1 927	1 686	1 686	1 939	1 671
285	Tjenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	13	0	0	0	0

	<b>KOSTRA-tekst</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rev. Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Rekneskap 2018</b>
301	Plansaksbehandling	961	1 312	1 302	916	1 005
302	Byggesaksbehandling og eierseksjonering	311	183	170	776	443
303	Kart og oppmåling	718	800	783	879	1 076
320	Kommunal næringsvirksomhet	0	0	0	0	-117
325	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	417	883	375	1 138	545
329	Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	1 258	1 413	1 393	1 496	1 472
330	Samferdsel og transporttiltak	-488	-580	-580	-418	-576
332	Kommunale veier	6 965	5 316	5 316	5 074	4 617
338	Forebygging av branner og andre ulykker	198	444	444	281	116
339	Beredskap mot branner og andre ulykker	4 241	3 360	4 013	3 611	3 254
340	Produksjon av vann	1 316	274	274	98	0
345	Distribusjon av vann	-1 412	-131	-131	113	92
350	Avløpsrensing	550	722	718	481	220
353	Avløpsnett og innsamling av avløpsvann	-906	-817	-821	-697	-563
354	Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l. på avløpsanlegg	-92	0	-4	-40	-48
355	Innsamling, gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall	-94	0	-7	-56	-89
360	Naturforvaltning og friluftsliv	78	50	65	93	50
370	Bibliotek	1 059	972	972	938	864

	<b>KOSTRA-tekst</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rev. Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Rekneskap 2018</b>
377	Kunstformidling	-48	0	0	-41	-63
380	Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	172	195	195	125	137
381	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	1 593	1 341	1 512	1 626	1 217
383	Kulturskoler	981	984	984	978	915
385	Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	2 542	2 234	2 331	1 588	865
390	Den norske kirke	2 322	2 385	2 385	2 320	2 149
392	Tilskudd til tros- og livssynssamfunn	117	77	77	107	86
393	Gravplasser og krematorier	1 099	928	928	1 073	1 071
800	Skatt på inntekt og formue	-105 420	-104 406	-104 406	-116 519	-101 276
840	Rammetilskudd og øvrige generelle statstilskudd	-132 634	-112 524	-132 795	-102 988	-124 067
860	Motpost avskrivninger	-11 917	-11 762	-11 762	-11 231	-10 907
870	Renter, utbytte og lån	31 240	13 495	32 566	13 012	29 945
880	Avsetninger, bruk av avsetninger, overføring fra drift til investering og inndekking av merforbruk og udekket beløp	789	4 871	4 871	1 755	5 919
899	Merforbruk og udekket beløp fremført til inndekking i senere år - Avvikspost/rapportkontroll	0	0	0	4 665	5 925

Rekneskap fordelt på ansvar (internrekneskap) (beløp i 1000 kr) :

*Sentraladm/stab/støtte :*

Ansvar	Ansvar (T)	Året 2020			Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
		Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett		
1100	Kommunestyre, formannskap, nemnder	4 163	4 438	4 306	4 280	3 519
1120	Rådmannskontor	7 782	6 631	7 039	7 733	7 504
1121	Eigedomsskatt	128	0	0	0	0
1140	Utval/råd	51	66	66	78	52
1150	Administrasjonsbygg	0	972	10	772	1 048
1180	Fellesfunksjonar	6 622	6 102	6 102	6 257	5 464
1181	Tillitsvald	488	474	474	481	457
1192	Kommuneval – stortingsval	10	0	0	119	4
1430	Næringsutvikling	176	610	102	440	341
1434	Reiseliv	237	264	264	688	195
1455	Veterinær	150	150	150	150	150
1456	Veterinærsamarbeid	-27	0	0	0	-1
1460	Alkoholomsetnad -kontroll	-54	-62	-62	-68	-58
1500	Kultur	1 872	1 811	1 926	1 593	1 383
1501	Tysneshallen	332	408	323	901	486
1510	Bibliotek	969	934	934	898	854

Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
1542	Folkehelsekoordinator	0	221	221	263	258
1570	Kyrkjeleg administrasjon	2 322	2 385	2 385	2 320	2 149
1580	Truomssamfunn	117	77	77	107	86
	SUM sentraladm, stab, støtte	25 339	25 481	24 317	27 014	23 890

Oppvekst:

Ansvar	Ansvar (T)	Året 2020			Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
		Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett		
2000	Administrasjon oppvekstetaten	556	501	501	514	527
2100	Fellestiltak skulane	4 075	4 185	4 185	2 657	3 201
2120	Onarheim skule	3 938	3 941	3 941	4 091	3 336
2140	Tysnes skule	20 850	20 361	20 628	22 933	22 851
2150	Uggdal skule	10 845	11 471	11 471	11 129	11 341
2200	Fellestiltak barnehagar	2 102	1 779	1 779	1 835	1 510
2210	Stjernereiso barnehage	9 048	8 809	9 197	9 830	9 085
2220	Onarheim barnehage	4 009	4 148	4 366	4 382	7 964
2230	Vågsmarka barnehage	4 164	3 622	4 001	4 194	3 793
2250	Lunde barnehage	5 002	4 514	4 644	5 075	0

Ansvar	Ansvar (T)	Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
2301	Kulturskule	981	984	984	975	915
2420	Invandr.- og flyktn.underv.	-361	-593	-593	-260	-945
2910	Psykisk helsearbeider barn og unge	1 027	1 175	1 175	655	558
3120	Helsestasjon/jordmorteneste	1 672	1 720	1 629	1 857	1 652
3201	Barneverntenester	5 396	6 014	5 976	6 758	5 812
	SUM Oppvekst	73 303	72 630	73 884	76 623	71 600

*Helse og sosial:*

Ansvar	Ansvar (T)	Året 2020			Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
		Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett		
3000	Helse- og sosialadministrasjon	1 185	992	992	1 024	814
3100	Offentleg legerarbeid	344	266	266	272	272
3110	Legekontor	7 205	4 503	6 152	6 861	5 309
3130	Fysioterapi	1 625	1 613	1 574	1 679	1 643
3140	Ergoterapi	805	793	773	801	883
3200	Sosiale tenester	2 666	2 563	2 525	2 587	2 147
3202	Edruskap	423	11	11	149	80
3210	Mottak flyktningar	0	36	36	395	-79



<b>Ansvar</b>	<b>Ansvar (T)</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Rev. Budsjett</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Rekneskap 2018</b>
3301	Pleie og omsorg	68	0	0	0	0
3310	Tysnes omsorgssenter	30 832	27 365	28 886	30 593	28 945
3330	Heimesjukepleie	15 291	13 082	13 142	16 406	15 510
3340	Heimehjelp	4 042	4 079	4 079	4 141	4 157
3351	Haugen bufellesskap	9 575	8 598	8 598	9 218	9 132
3352	Vågsmarka bufellesskap	5 521	6 012	6 012	5 409	5 523
3361	Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-1 255	-1 228	-1 228	-1 285	-1 011
3362	Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-980	-1 064	-1 064	-1 057	-1 028
3363	Trygde- og omsorgsbustader, Hovland	-168	-185	-185	-62	-184
3370	Psykiatri	2 038	1 970	1 905	2 242	1 949
3400	Tiltak for funksjonshemma	3 969	3 012	3 012	3 677	3 470
3410	Dagsenter	1 833	2 016	2 016	2 089	1 895
3600	Friviljugsentral	658	678	664	547	354
	SUM Helse og sosial	85 679	75 111	78 164	85 686	79 781

Landbruk/teknisk:

Ansvar	Ansvar (T)	Året 2020			Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
		Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett		
4000	Landbruk- og teknisk administrasjon	0	0	0	6	89
4100	Jordbruk	1 165	1 413	1 300	1 496	1 472
4220	Viltforvaltning	0	-2	-2	0	0
4300	Kart, oppmåling, skilting m.m.	629	800	694	878	1 060
4410	Brann	4 173	3 436	4 088	3 618	3 371
4420	Byggforvaltning	247	183	106	776	459
4500	Bygg- og egedomsforvaltning	6 415	4 966	5 061	7 390	6 240
4501	Internhusleige fordelt	1 639	0	1 639	0	0
4502	Reinhald fordelt	4 496	3 921	4 126	0	0
4509	Vedlikehald Covid-19 tiltak	1 222	0	1 200	0	0
4560	Renovasjon	-132	0	-45	-56	-89
4570	Kloakk	-494	-95	-153	-256	-392
4580	Vassverk	-97	143	143	211	92
4590	Vegar	5 444	4 301	4 301	4 209	3 675
	SUM Landbruk og teknisk	24 706	19 066	22 459	18 272	15 978

*Finans:*

Ansvar	Ansvar (T)	Året 2020			Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
		Rekneskap	Budsjett	Rev. Budsjett		
9000	Finans	-209 027	-192 288	-198 824	-207 595	-191 248

## 2. PERSONAL OG ORGANISASJON

### 2.1 Styringsstruktur




Fig. 2.1: Styringsstruktur 2020

Strategisk leiing har vore samansett av rådmann, kommunalsjef helse- og sosial, kommunalsjef oppvekst, økonomisjef og prosjektsjef. Forutan fellestenesta og stab, rapporterer forvaltning, drift og vedlikehald, og brann til rådmannen. I 2020 var brann og redning skilt ut i ei eiga eining der det tidlegare var ei felles eining mellom brann og drift og vedlikehald.

Skular, barnehage og eining for barn og familie, rapporterer til kommunalsjef oppvekst. Omsorgssenter, open omsorg, helse og NAV rapporterer til kommunalsjef helse- og sosial. Kommunalsjef oppvekst er fast vikar for rådmannen ved fråvær.

## 2.2 Organisasjonsdemografi

Gjennomsnittsalderen for tilsette i Tysnes kommune er p.t 43 år. 36 av dei tilsette er 60 år og eldre. Det betyr at me i næraste framtid vil måtte rekruttera fleire nye medarbeidarar. Me ser samstundes at det har vore ei viss avgang dei siste åra og at gjennomsnittsalderen er på veg nedover.

Gode rekrutteringsprosessar og kloke val kan føra til at ei naudsynt fornying i personalgruppa går fint. Me ser også at det er svært ønskjeleg å halda på den kompetansen dagens seniorar har. Tysnes kommune er positiv til å vurdera overgang til avtalar om pensjonistløn der det kan vere mogleg. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevrapolitik som også er attraktiv for nye søkjarar.

## 2.3 Likestilling

I Tysnes kommune er 77 % av dei tilsette kvinner. Dette talet inkluderer alle stillingar og vil vere noko høgare dersom me held tilsette i brannvesenet utanom. Målt i talet på årsverk er 199 av årsverka utført av kvinner.

Kvinner i verksemda har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 61 %. Tilsvarande stillingsstorleik for menn er 53 %. Den er noko lågare når me reknar inn brannmannskapet.

Denne skilnaden er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar, slik som pleie- og omsorg, og oppvekst.

Tabellen under viser samanlikning av månadsforteneste for kvinner og menn i Tysnes kommune i perioden 2017-2020. Generelt ligg kvinner sin månadsforteneste noko lågare enn tilsvarende tal for menn. Dersom me samanliknar stillingar med same stillingskode er løna i realiteten lik.

	2017	2018	2019	2020
<b>Justert for</b>	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste
<b>Ujustert</b>	87	85,9	86,4 %	93,8
<b>Alder</b>	87,8	87	86,4 %	93,8
<b>Stillingsgruppe</b>	98,4	96,7	97,4 %	101,4
<b>Stillingskode</b>	101,4	101,1	99,6 %	99,2
<b>Utdanning</b>	105,1	94	100,9 %	97,8

Tysnes kommune har ikkje særskilt planverk som gjev grunnlag for kvotering til stillingar basert på kjønn, etnisitet eller funksjonshemming. Det har ikkje vore vurdert ytta kvotering.

## 2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune har ein liten nedgong i 2020, frå året før. Fråværsprosenten for 2019 og 2020 gjev imidlertid nokre utfordringar på målsettinga om eit samla nærvær på 96 %. Det vert arbeidd med tiltak på kvar eining for korleis me skal auke nærværsprosenten, parallelt er me i gong med å revidere sjukefråværsrutina. I dette arbeidet har me valt å involvere alle tilsette gjennom eit opplæringsmateriell som er gitt leiarane. På denne måten kan tilsette kome med innspel på rutinane før den vert vedteke.

**Tab 2.1: Oversyn over samla sjukefråvær**

	2016	2017	2018	2019	2019
<b>Samla fråvær</b>	7,37 %	7,19 %	7,65 %	9,0 %	8,47 %
<b>Andel korttidsfråvær</b>	33,65 %	40,9 %	37,8 %	30,1 %	32 %
<b>Andel langtidsfråvær</b>	66,35 %	59,1 %	62,2 %	69,9 %	67 %

Me ser av tabellen over at det er det lange fråværet som dominerer, dette er fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar. I 2020 er det lagt opp til at arbeidstakarar i verksemda kan nytta eigenmelding på alt fråvær innanfor arbeidsgjevarperioden, me har von om at det kan medverka til å redusera legemeldt fråvær. Det er framleis viktig å ha fokus på det lange fråværet, ettersom det korte fråværet er stabilt og moderat i samanlikning. Me må sikre at det vert vurdere tilrettelegging og tilpassing for dei 30 % av våre tilsette som har nær 90 % av alt fråværet. Det er samstundes viktig å få vurdert om det er særskilte arbeidsmiljøfaktorane som også slår ut for denne gruppa.

Sjukefråværet i 2020 viser ein samla nedgang på 0,53 %. Fråværet stig på nokre områder og vert redusert på andre. Fråvære innan helse- og omsorg har ein stor nedgang frå 12 % året før til 8,26 % i 2020, dei andre sektorområda auker noko i siste år. Fråværet innan landbruk og teknisk, og sentraladministrasjonen, kan ha samanheng med at det er einingar med få årsverk. Dei vil difor i større grad verte påverka av variasjonar.

**Tab. 2.2:** 2016 2017 2018 2019 2020  
**Sjukefråvær delt per sektor 2015-2019**

	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Sentraladministrasjonen</b>	1,9%	2,57%	2,1 %	5,7 %	6,4 %
<b>Oppvekst</b>	8,2%	8,1%	7,3 %	7,4 %	9,66 %
<b>Helse- og sosial</b>	7,5%	7,19%	8,5 %	12 %	8,26 %
<b>Landbruk og teknisk</b>	7,7%	6,23%	9,4 %	3,9 %	8,08 %
<b>Samla</b>	7,4%	7,19%	7,65%	9 %	8,47 %

Statistikk for samla sjukefråvær i sektoren er ikkje klart enda, men Tysnes kommune har dei tidlegare åra låge under. I 2019 var sjukefråværet i sektoren på 9,8 %. Tal frå SSB og KS viser derimot at fråværsprosenten i dei fyrste kvartalane i 2020 er gått opp i oppvektsektoren samanlikna med helsesektoren. Begge sektorane ligg høgare enn administrasjon og teknisk. Det kjem fram av same statistikk at legemeldt fråvær i kommunesektoren er 1,9 % høgare enn det nasjonale gjennomsnittet.

## 2.6 Rekruttering

Totalt har det vore gjort 17 nye tilsetjingar i 2020, dette inkluderer både faste tilsetjingar og mellombelse tilsetjingar gjennom vikariat og anna.

Turnover, målt som endring i tilsettgruppe frå 1. desember eitt år til 1. desember neste år, er relativt lav i Tysnes kommune. Dersom me ser gjennomsnitt frå 2016 til 2020 er endringane klart størst i tilsettgrupper utan krav til utdanning, her er turnover 22,1 % i perioden, tilsvarande tal for fagutdanna er 13,8 %. For tilsette i høgskulegruppa (sjukepleiarar, vernepleiarar, sosionomar med vidare) er turnover 10 %. Dette måler dei som av ulike grunnar vel å slutte i verksemda, eller går av med pensjon. Den klart største avgangen i Tysnes kommune er for dei som går av med pensjon.



Det er elles positivt å merkja seg at det i tilsettgrupper utan krav til utdanning er ein kvalifiseringsprosent på 4 % i året, det betyr at dei i løpet av året tileignar seg kompetanse som fører til ny stillingskode. Dette talet er gått ned frå tala frå 2019, det er naturleg å sjå dette i samanheng med den situasjonen og endringane som har kome grunna covid-19. Me har von om å auka kvalifiseringsprosenten og har hatt eit godt samarbeid med Fagforbundet knytt til kvalifisering til helsefagarbeidar.

## 2.7 Etikk

Etiske retningslinjer for Tysnes kommune vart rullert av kommunestyre i september 2020, saman med varslingsrutina. I samband med denne rulleringa har personalavdelinga fylgt dette opp gjennom informasjon på utvida leiarmøte og oppmoda til at desse retningslinjene vert tema på personalmøter i kvar eining. Det er også utarbeidd felles opplæringsmateriell som skal vera gått gjennom på alle avdelingsmøter.

Fokus på etiske retningslinjer er også ein del av introduksjonsprogrammet for nytilsette i verksemda. Det vert elles arbeid med etisk refleksjon i høve til personal- og avdelingsmøter. Dei ulike arbeidsplassane varetek dette litt ulikt, nokre avdelingar har etikk som eit fast punkt på møter, medan andre legg opp til å gjera det til eit større tema på einskilde møter med case. Barnehagane plar å ha etikk som eit av hovudtema på planleggingsdagane i august, då dette er månaden med flest nytilsette.

For 2021 er planen at det vert arbeidd vidare langs same akse som no. Oppfølging av rutine for nytilsette vil ha fokus. Det er også starta opp med eit arbeid med å implementere medarbeiderundersøkinga, 10-faktor, med vidare gjennomføring i september/oktober. Dette er eit anerkjent digitalt utviklingsverktøy, som er utvikla av KS. Undersøkinga gjer ein score på dei ti faktorane som er vurdert som viktige innsatsfaktorar for å oppnå organisasjonen sine mål og kvalitet på tenestene. Resultata skal jobbast med på einingane og legg opp til at både leiing og tilsette tek ansvar for endring/forbetring gjennom handlingsplanar og fast punkt på personalmøter. Undersøkinga skal så gjennomførast 2.kvart år.

Det er vidare eit viktig etisk arbeid knytt til informasjonsarbeid og medvit i korleis me handsamer brukarinformasjon. Arbeidet har fått auka fokus i samband med innføring av personvernforordninga (GDPR). I 2019 vart arbeidet med tilpassing til nytt regelverk vidareført, og det vart også gjennomført leiarsamlingar der GDPR har vore tema. Databehandlaravtaler er teikna og fylgt opp, det er også gjort noko arkivmessige grep for å ivareta betre kontroll over desse. Arbeidet med oppfølging av GDPR har likevel vorte noko svekka i 2020, dels grunna t Korona har gjort det vanskeleg med involverande prosessar og dels grunna sjukdom.

Det er organisert fellesmøte mellom arkivtenester i nærrområde for å ha særskilt fokus på GDPR og arkivarbeid. Arkivplanen er oppdatert på ein del viktige punkt og det vart gjort førebuingar til tilsyn med arkivverket. Dette vart planlagt med gjennomføring i 2020, men vart utsatt til 2021.


I samband med at det vart tilsett kvalitetsrådgjevar i 2020 vil betre interkontrollsystem også verka positivt i høve til etikk, tenestekvalitet, GDPR og helse, miljø og tryggleiksarbeidet i verksemda. Me har von om at me skal teikna kontrakt med leverandør før, eller like etter sumaren.

## POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

### 3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut gjennom dei politiske prosessane.

Den politiske organisasjonen var i 2020 slik:



Forutan denne overordna strukturen har kommunen også ein rekkje råd og underutval, nedanståande tabell viser politisk aktivitet målt i tal på saker i siste år fordelt per utval for 2015 -2019:

Tab. 3.1 handsama saker delt per utval	2016	2017	2018	2019	2020
Kommunestyre	91	72	54	75	85
Formannskap	98	92	97	87	116
Tenesteutval	35	33	24	37	35
Landbruk/teknisk/Utval for landbruk/teknisk	145	144	127	103	81
Administrasjonsutval	8	14	14	9	15
Arbeidsmiljøutval	13	7	21	18	13
Eldreråd/Råd for eldre og menneske med funksjonsnedsetjing	9	4	5	3	3
Ungdomsråd	26	35	34	-	1
Sakkunnig nemnd	6	8	2	4	9
Sakkunnig ankenemnd	1	3	0	1	1
Tilsetjingsutval	64	58	24	63	49
Valstyre	-	9	-	15	-
Andre <sup>i</sup>					
SUM	514	491	413	402	408

Underståande tabell viser dei sakene som kommunestyre hadde til førehaving i 2020. Tabellen viser litt kring breidda i det politiske arbeidet, den viser også at 2020 var eit spesielt år der me både nytta skrifleg sakshandsaming og digitale møter for gjennomføring av kommunestyre. Så vidt

rådmannen er kjent med har det aldri før vorte gjennomført hjå oss. Me hadde også møte på Mandelhuset då det var vanskeleg å ivareta eit tilstrekkeleg smittevern i kommunestyresalen på rådhuset.

Tab 3.2: Saker til handsaming i kommunestyre 2020

Møtedato	Sak
Kommunestyre	<p>6. februar</p> <p>Nye adresseparsellar 2018 – Heningshagen og Kroken</p> <p>Tysnes skule mellomtrinn – opsjonar</p> <p>Retaksering – eigedomsskatt 2020/2021</p> <p>Reglement for påskjønning – revidering 2020</p> <p>Godkjenning av kommunevåpenet til Tysnes kommune</p> <p>Utviding til 5 dagars skuleveke</p> <p>Grunnkjøp – Onarheim barnehage</p> <p>Plan for habilitering og rehabilitering</p> <p>Rådsmedlem i Sunnhordland folkemusèum- og sogelag 2020 – 2023</p> <p>Innkvateringsnemnd 2020 – 2023</p> <p>Tilflyttingsnemnd 2020 – 2023</p> <p>Val av representant til stiftinga kystsogevøkene 2020 – 2023</p> <p>Val av representant til styra i helseføretak under helse vest RHF 2020 – 2023</p> <p>Kontaktperson i plansaker for born og unge 2020 – 2023</p> <p>Val av representant til konfliktrådet i Hordaland 2020 – 2023</p> <p>Utsending til landstinget i landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) 2020 – 20230</p> <p>Dyrevernsmemnda i Sunnhordland 2020 – 2023</p>

Møtet var eit fjernmøte – med e-post stemming

Møtet var halden på Teams

	Alkoholkontrollutval 2020 – 2023 Forstandarar til Tysnes sparebank 2020 – 2023 Utsendingar til årsmøtet – kandidatar til styreverv i Bergen og omland friluftsråd
19. mars	Lokal forskrift om smittevern for Tysnes kommune
7. mai	Val av revisor for Tysnes kommune Val av representantar til samarbeidsutvala i barnehagane 2020 – 2023 Samanslåing av kommunal råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd 2020 – 2023 Val av medlemmer til fellesråd for kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd 2020 – 2023 Kommunedelplan for kulturminne 2020 – 2023 Reguleringsplan Svarvahella 2. gongs handsaming Nasjonal transportplan 2022 – 2033 Høyring
16. juni	Årsmelding 2019 for kontrollutvalet i Tysnes kommune Årsmelding 2019 Rekneskap for Tysnes kommune 2019 Alkohollova – søknad om sals- og skjenkeløyve for 2020 -2024 Val av meddommarar til Gulating lagmansrett 2021 – 2024 Val av årsmøtorepresentantar til vest brann- og redningsregion for perioden 2019 – 2023 Val av meddommarar til Haugaland tingrett 2021 – 2024 Val av jordskriftemeddommarar til Haugalandet og Sunnhordland jordskrifterett 2021 – 2024 Val av skjønnsmenn for perioden 2021 – 2024 Dekking av utgifter og økonomisk tap – folkevalde – ny forskrift Prinsippvurdring – interkommunalt barnevern Tilstandsrapport for Tysnesskulane 2020-2021 Budsjettregulering ny avdeling – Lunde barnehage Utviding av spillvassnettet på Lande – budsjettregulering

		<p>Tiltakspakke – lag og organisasjonar          Prosjekt – retaksering eigedomsskatt          Ny brannordning          Vigselsmynde – fullmakt          Mandelhuset AS – søknad om skjenkeløyve for 2020 - 2024</p>
	24. september	<p>Tilstandsrapport – barnevern          Val av ungdomsråd 2020 – 2022          Val av forliksrådsmedlemmer for perioden 2021 – 2025          Delegasjonsreglement for Tysnes kommune – delegasjon til rådmannen – 2020          Etske retningslinjer for Tysnes kommune – rullering – 2020          Rutiner for varsling av kritikkverdige forhold – rullering          Dekking av utgifter og økonomisk tap – folkevalde – ny forskrift          Finansforvaltningsrapport pr. 30.06.2020          Alkohollova – søknad om sals- og skjenkeløyve for 2020 – 2024          Reguleringsplan Svarvahella 2. gong handsaming          Høyring – forslag til reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av standsonen langs sjøen          Vedlikehald av fylkesveggar</p>
<p>Møtet vart halden på Mandelhuset</p> <p>Kulturprisen vart utdelt til Patrick Madsen</p>	15. desember	<p>Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024          Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024          Klage på reguleringsplan Svarvahella          Kommunal planstrategi 2020 – 2024          Statlig sikring av kommunale friluftsråd          Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2020          Samordna regional digitalisering Hordland – Digivestland – avtale for samarbeid          Løspolitisk plan – rullering – 2020          Ny samarbeidsavtale – Bergen og omland friluftsråd          Sunnfast – vegsamband – Kvinnherad – Stord - Tysnes Kommune          Søknad om fritak for eigedomsskatt for Onarheim idrettslag sitt bygg i Solheimsdalen          Nytt delegasjonsreglement for Tysnes kommune – 2020          Eigdomsskattevedtak 2021</p>

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

### 3.2 Prosjekt

Investeringsporteføljen til Tysnes kommune har i 2020 bestått av 27 små og store prosjekt mot 19 året før. Prosjektet Tysnes skule mellomtrinn har vore det mest omfattande prosjektet gjennom året der bygginga starta og har gjort store framsteg gjennom året.

Året har også vore det fyrste året med drift av vassforsyninga til Uggdal og Tysnesbygda. Dette er ei heilt ny oppgåve for Tysnes kommune der prosjektavdelinga har vore tett involvert saman med teknisk drift og vedlikehald for å oppdatera system og rutinar til vår organisasjon samt bistand i den daglege drifta av vassforsyninga.

I tillegg til ein del enkeltinnkjøp som vert rekna som investeringsobjekt har administrasjonen i 2020 arbeida med følgjande prosjekt:



Tab. 3.3. Prosjektoversyn med kommentarar til enkelte prosjekt under.

Prosjekt	2019	2020
Tysnes skule – Nytt mellomtrinn	Under arbeid	Under arbeid
Utbyggingsavtale Krokjen - Lande	Ferdigstilt	
Brannsikring av PU Vågsmarka	Ferdigstilt	
Meiroke bibliotek	Ferdigstilt	
Adressering og skilting av kommunale vegar	Ferdigstilt	
Ny AV-løysing i kommunestyresalen	Ferdigstilt	
Oppgraderingar i IKT-infrastruktur	Ferdigstilt	
Utvikling av området ved Tysnes omsorgssenter	Påbegynt	Under arbeid
Brannbil – First responder	Ferdigstilt	
Utviding av parkeringsplass i Solheimsdalen	Ikkje påbegynt	Ferdigstilt
Onarheim barnehage		Påbegynt
Utvendig toalett Stjernereiso Barnehage		Ferdigstilt
Fortau Vågsmarka byggjefelt		Ikkje påbegynt
Ny avdeling i Lunde barnehage		Påbegynt
Rehabilitering av Tysnes sjukeheim		Ferdigstilt
Maling av Reksteren kyrkje		Ferdigstilt
Kvalitetsstyringssystem		Påbegynt
Rehabilitering Tinghuset		Ferdigstilt
Investeringar i vassforsyning		Ferdigstilt

Brannbil - Tankbil	Påbegynt
Utviding av spillvassnettet på Lande	Påbegynt
Dagsturhytta	Påbegynt

Vidare kjem ein kort omtale om ein del av prosjekta i 2020.

#### *Tysnes skule – Nytt mellomtrinn*

I løpet av den fyrste månaden av året var dei førebuande arbeida i gong med bygging av det nye mellomtrinnet ved Tysnes skule. I april vart den midlertidige skulen for mellomtrinnet etablert og rivinga av det gamle skulebygget kunne starta for fullt. Gjennom året er den gamle bygningsmassen mellom ungdomsskulen og bassenget riven og det nye skulebygget har tatt form og blitt eit tett bygg. For prosjektavdelinga sin del har det vore ei stor og viktig oppgåve og sørgja for at elevane og dei tilsette ved skulen får ein god og sikker skulekvardag trass i eit stort byggjeprojekt som nær nabo.

#### *Onarheim barnehage*

Planlegginga av ny barnehage på Onarheim hadde oppstart i løpet av året. For forprosjektet skal det gjennomførast ein plan- og designkonkurranse der vinnaren av denne vert tildelt arbeidet med å gjennomføra forprosjektet for barnehagen. Konkurransgrunnlaget for denne konkurransen vart gjennomført i tett samarbeid med barnehagen der dei vart utfordra til å konkretisera sine mål og visjonar for den nye barnehagen. Prosjektet vil fortsetta inn i 2021 med gjennomføring av konkurransen og forprosjektet.

#### *Ny avdeling i Lunde barnehage*

Arbeidet med å etablere ny avdelinga i Lunde barnehage viste seg å vera meir omfattande enn fyrst antatt når planlegginga starta. Gjennom året har det vore arbeida med ein kravspesifikasjon og eit anbudsgrunnlag for å gjennomføra ein offentleg anskaffing av totalentreprenør til prosjektet.

#### *Rehabilitering av Tysnes sjukeheim*

Om lag halvveis ut i året kunne Mestringshusene AS stadfesta at dei hadde alle naudsynte godkjenningar i orden og at dei var klar til å inngå leigeavtale med Tysnes kommune for leige av dei tidligare lokala til Tysnes sjukeheim. Som ein del av avtalen skulle Tysnes kommune

gjennomføra ein oppussing av bygningsmassen før leigetakar overtok lokala. Dette arbeidet tok til i august og leigetakar var klar til å ta i mot sin fyrste bebuar 11. januar, om lag fem månader seinare. Prosjektet var krevjande å gjennomføra på så kort tid, men vart ferdigstilt med ei effektiv framdrift og eit godt resultat.

### *Rehabilitering Tinghuset*

Det gamle tinghuset i Uggdal er utleigd til Tysnes Sogelag som nyttar bygget som eit klubbhus og til ei samling av gjenstandar av lokalhistorisk verdi. Før dei flytta inn vart det gjennomført ei rehabilitering i samarbeid med laget der sterkt naudsynt vedlikehald vart gjennomført og delar av bygget som hadde vore ombyggd vart tilbakeført til original stand.

### *Investeringar i vassforsyning*

Prosjektet har vore nytta til fleire ulike tiltak og har vore naudsynt i samband med overtaking av vassverka. Prosjektet har mellom anna kjøpt inn naudsynt verktøy og utstyr for å kartlegga leidningsnett og fullført ein del prosjekt på leidningsnett som var planlagt eller påbegynt i forkant av overtakinga til kommunen.

### *Utviding av spillvassnettet på Lande*

Arbeidet med å vidare byggje ut spillvassnettet på Lande var eit behov som vart avdekka i samband med utbygginga av byggjefeltet i Kroken og på Lande. Ein del av bustadane i område hadde utslepp frå sine slamavskiljarar til den dyrka marka i området som vart fjerna i samband med utbygginga av byggjefeltet. Prosjektet går ut på å kople til minst fem bustadhus på det kommunale spillvassnettet og legge til rette for ei vidare utbygging for tilkopling av alle bustadane i området. Arbeidet kom godt i gang på slutten av året og fortsette inn i neste år.

## 3.3 Digitalisering

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon. Visjonen i KS sin digitale strategi er:

«Gode og tilgjengelige digitale tjenester stryrer dialogen med innbyggere og næringsliv og gir gode lokalsamfunn.»

2020 har vore eit år der me har teke store steg vidare i høve til det digitale grunnarbeidet. Bruk av digitale møteplattformer har blitt ein del av kvardagen og er eit godt alternativ til fysiske møter. I 2020 har me også fått på plass E-dialog som er ein eigen plattform for digital utveksling av sensitiv informasjon.

Kommunestyre gjort hausten 2017 vedtak om å gå inn i DigiFin som er ei finansieringsordning der kommunane saman skal sikra at sektoren får ei utvikling mot meir homogene IT løysingar og der sektoren opptretr einskapleg i forhold til både andre offentlege etatar og sektorområde og ikkje minst i høve til kommunane sine IKT leverandørar. Finansieringsordninga tek sikte på å sikra mellomfinansiering til å utvikla felles digitale komponentar til kommunesektoren. Deltaking er heilt naudsynt for å sikra at det vert utvikla nasjonale løysingar som me får høve til å ta del i.

I 2020 gjorde kommunestyre vedtak om å slutta seg til satsinga DigiVestland og dette er ein plattform me må gje større merksemd i 2021.

Innanfor legetenestene har me teke i bruk verktøy for å understøtta arbeid med smittesporing, me har også byrja å sjå på arbeid med bruk av e-konsultasjonar som me la til rette for i vår.

Me ser nok også at om me skal få full nytte av digitale løysingar som samhandlingspunkt mellom kommunen og innbyggjarane må me også investera meir tid i utvikling av kommunen sin nettstad. Her har løns- og personalkonsulent gjort eit framifrå arbeid med å gjera nettstaden meir relevant, men arbeidet skjer nok litt på trass av tildelte ressursar og ikkje på grunn av dei.

### 3.4 Planarbeid

I 2020 er me endeleg komne i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel. I samband med pandemien var det trong for å gje noko lengre tid for å koma med innspel til planen som følgje av at det ikkje var mogleg å gjennomføra alminnelege folkemøter. Me hadde oppe ei sak om alternativ medverknad og dette vart løyst gjennom digitale møter og opne kontordagar. Me meiner at involveringa samla sett har vore god. Dei einskilde innspela har vorte vurdert etter fastsette kriterier hausten 2020 og me er no i gang med å gå gjennom administrative tilrådingar. Det vert lagt opp til ein vidare politisk prosess våren 2021.

Når det gjeld reguleringsplanar så vart plan for Svavahella vedteken i 2020, Reguleringsplanane for Elsakervågen og Matre fiskerihamn er omfatta av motsegn frå Statsforvaltaren og er såleis framleis under handsaming.

Kommunedelplan for Kulturminner vart endeleg vedteken våren 2020, ein del av punkta i planen vert fylgt vidare opp gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Kommunedelplan for E39 vart endeleg vedteke i 2019 og arbeidet med reguleringsplan er no starta opp, det blir veldig interessant å følgja utviklinga her vidare gjennom åra som kjem!

### 3.5 Internkontroll og statlege tilsyn

Den nye kommunelova § 25-2 inneheld nye formuleringar når det gjeld rapportering av internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn der det står dette:

*«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»*

Rådmannen meiner at det er hensiktsmessig å følgja dette opp i årsmeldinga. For orden skuld skil me då mellom temabaserte tilsyn som er tilsyn med eit verksemdsområde og meiner at det også er relevant å vurdere statleg oppfølging av einskildssaker som ein del av ordninga med statleg tilsyn.

#### Temabaserte tilsyn

Det vart tidleg i året varsla tilsyn med kommunen si arkivteneste, tilsynet skulle vorte gjennomført i september same år, men vart av omsyn til smittevern ikkje gjennomført før januar 2021. Tilsynet vart då gjennomført som eit digitalt tilsyn. Rapporten for tilsynet er no klar og det vart avdekka mindre avvik knytt til arkivplan og oppbevaring av arkiv. Desse avvika let seg lukke utan vesentlege økonomiske eller personalmessige ressursar. Me er i gang med arbeidet knytt til lukking av avvik og alle avvika lar seg lukke i løpet av året. Hovudkonklusjonen i det gjennomførte tilsynet var at Tysnes kommune har god styring av sitt arkivarbeid.

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn med kommunen sitt system for asbestsanering, tilsynet vart gjort i februar 2020. Det vart gjeve pålegg om informasjon og opplæring samt å etablere ei rutine for å kartleggja asbest ved oppdragsforhold. Pålegga vart endeleg lukka i februar 2021.

I 2019 vart det gjennomført tilsyn med barnevernstenesta sitt arbeid opp mot gjennomføring av undersøkingar ved mistanke om vald og overgrep. Tilsynet vart lukka gjennom skriv frå Fylkesmannen i juni 2020 der dei sa seg tilfreds med kommunen si oppfølging av avvika.

Mattilsynet hadde tilsyn med kjøkken i Tysneshallen, tilsynet var initiert av administrasjonen. Tilsynet resulterte ikkje i pålegg, men det vart gjeve råd om noko opprustingar av kjøkkenet.

#### Individuelle saker

Forutan temabaserte tilsyn har kommunen også tilsyn knytt til handsaming av einskildssaker.

I 2020 har det vore tilsyn knytt til einskildssaker innanfor pleie og omsorg, legetenester og barnevern. Alle sakene vart lukka utan pålegg eller merknader.

#### *Arbeid med internkontroll*

Dei ulike tilsyna som vert gjort av statlege mynde og gjennom kontrollutvalet sitt arbeid med forvaltningsrevisjon er viktige og nyttige innspel i arbeidet med internkontroll.

Det har i 2020 særskilt vore arbeidd med internkontroll i høve til følgjande problemstillingar og saksområder:

- Barnevern – vidare oppfølging av tilsyn frå 2019.
- Teknisk drift – oppfølging av tilsyn knytt til asbesthantering
- Arkiv – førebuing av tilsyn og ajourføring av arkivplan
- Pleie og omsorg – oppfølging av forvaltningsrevisjon av tenestene
- Helsestasjon og skulehelsetensta – oppfølging av forvaltningsrevisjon av tenestene
- Personal og organisasjon – revidering av rutine for intern varsling med meir.
- Eining for forvaltning – oppfølging av einskildssak våren 2020 og brukaropplevd kvalitet
- Brann og redning – oppdatert ROS analyse og etablering av ny brannordning, etablere og utvikle rutineverk i DSB-CIM
- Kultur – oppdaterte retningsliner for tildeling av årvisse tilskot.
- Helse, miljø og tryggleik – oppdatert IK system og miljøfyrtårnsertifisering.
- Helse – arbeid med smittevernsrutiner og rutiner for oppfølging av TISK strategien
- Vassforsyning – Oppfølging av krav frå NVE vedkomande damklassifisering.

Lista er ikkje uttømande og det skjer fortløpande arbeid knytt til utvikling av rutinar og betre system for interkontroll på den einkilde eining. I 2020 vart Intranett utvikla vidare og me har von om at dette skal sikre betre interkommunikasjon i verksemda noko som er ein viktig føresetnad for å lukkast med systemarbeidet. Me har også i 2020 lagt større vekt på å utarbeida felles opplæringsmateriell i samband med viktige organisatoriske retningslinjer og reglement, dette vil også kunne gje oss eit betre grep og sikra at det vert tolka og praktisert mest mogleg likt i verksemda. God informasjon og kommunikasjon er ein føresetnad for å kunna arbeida betre med kulturutviklinga i verksemda.

Me er veldig glad for at det i 2020 vart tilsett i stilling som kvalitetsrådgjevar og trur at dette vil gje oss ein ny dimensjon i det kontinuerlege kvalitetsarbeidet. Me har også tru på at innføring i eit felles system for kvalitet er heilt naudsynt for å styrka dette areidet.

## 4. TENESTEOMRÅDA

I følgjande kapittel vil me kort gå gjennom dei ulike tenesteområda, gjennomgangen vert gjort etter budsjettkapitel.

### 4.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene
- kultur
- næring
- plan

Ein del av sentraladministrasjonen sine arbeidsområder er naturleg omtala gjennom kapitla økonomi, politikk og utvikling og personal.

#### 4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta

2020 har vore eit aktivt år for arkivet. Me starta opp i fellestenesta med jevnlege møter, arkivsnakk, og som følgje av dette har me gjort endringar og laga nye rutiner, som er meir tilpassa drifta slik den er idag. Me har rydda i skyggearkiv og me har flytta og samlokalisert papirarkiva våre.

Me starta ny arkivperiode 1. januar 2020. Arkivperioden føl kommunestyrevalperioden.



I januar 2020 meldte arkivverket at dei kom til å gjennomføra tilsyn med arkivhaldet i Tysnes kommune. Tilsynet skulle haldast i byrjinga av september 2020. Me veit alle korleis ting endra seg undervegs i året som har gått, slik at tilsynet blei halden på Teams, no i januar 2021. Arkivtenesta i Tysnes står seg godt, me har fått pålegg om tre avvik, som me er i ferd med å lukka, utan nokon store personal- eller økonomiske konsekvensar.

Alle kommunar er pålagt å ha ein arkivplan. Arkivplanen til Tysnes ligg under arkivplan.no. Denne planen ligg open for alle som vil, og ta gjerne ein kikk innom for å sjå kva som ligg av arkivmaterieill, enten på rådhuset eller i depot hos Interkommunalt arkiv i Hordaland.

Denne arkivplanen skal også vera eit styringsverktøy for arkivarbeidet i kommunen, og me har gjennom året som har gått gjort oppdateringar på nærmast alle områder. Arkivplanen framstår no som eit godt verktøy for det vidare arbeidet med arkivet til Tysnes kommune.

Nedstenginga, med pålegg om heimekontor i mars 2020 gjaldt også for fellestenesta. For ei avdeling som har som oppgåve å vera ein støttefunksjon, var det viktig å få på plass rutiner som sikra at post og arkivet skulle ha same tilgjenge og standard som elles. Me har gode elektroniske verktøy som gjorde at dette fungerte godt for alle. Fellestenesta kunne oppretthalda sin støttefunksjon både for tilsette og innbyggjarar. Me hadde også ei sentralbordløysing som fungerte godt frå heimekontoret.

Året 2020 var ikkje året for å delta på fagsamlingar og kurs, men me har nytta oss av dei digitale kursa som er tilgjengelege. Dette er eit godt alternativ til fysiske oppmøter.

Tysnes kommune har lagt til rette for at all kommunikasjon med samarbeidspartnarar og innbyggjarar kan gjerast digitalt. No sist med tilrettelegging av E-dialog. Dette verktøyet sikrar at me kan kommunisera med innbyggjarar våre på ein sikker måte, dvs at me kan senda unnateke dokument oss imellom.

Fellestenesta står ansvarleg for å tilretteleggja det praktiske rundt kommunal vigsel. I 2020, som blei eit annaleis år, også for dei som planla giftemål, hadde kommunen totalt 15 vigslar, som er det høgaste nokon år. Til samanlikning var det 4 vigslar i 2019.

#### 4.1.2 Val

2020 var eit kvileår i høve til val, men arbeidet og plan for gjennomføring av Stortings- og sametingsval i 2021 vart starta opp.

#### 4.1.2 IT

IT-løysingane på rådhuset har også i 2020 vore stabile og med ei høg oppetid. T.d. har oppetida vore 100 % for legeserver i både 2020, 2019 og 2018.

I 2017 vart Tysnes Omsorgssenter ferdig, og me har hatt omsorgsteknologi i bruk i over tre år. Denne gjev oss gevinstar, men krev også noko arbeid i samband med drifta.

Brot i telesamband/fiber til rådhuset/omsorgssenteret og straumbrot, er dei 2 største utfordringane me har innan IT i dag. Den 3. største utfordringa er opplæring. Me ser i den daglege drifta at det er trong for meir brukaropplæring. Større ferdigheter innan databruk vil nok gjera det mykje lettare å kunna realisera gevinstane av dei ulike datasystema. Det var opphavleg planlagt midlar til felles opplæringstiltak i 2020, men dette vart sett på vent som følgje av Covid19.

Koronautbrotet og nedstenginga av samfunnet i mars 2020, medførte at mange tilsette i Tysnes kommune måtte sitja fleire veker på heimekontor. Mange hadde bærbar PC'ar og VPN tilkobling frå før, men resten måtte i all hast få utlevert bærbar PC'ar. Det vart kjøpt inn både høgtalartelefonar og webkamera for Teams.

Kommuneadministrasjonen og politikarane fekk installert Teams for å kunna ha digitale møte. Kommunestyret hadde møtet 7. mai 2020 på Teams.

2020 har såleis medført at me har blitt meir digitale enn før. Møte med eksterne vert ofte gjennomført som fjernmøte på Teams, og me sparar oss då for mykje reisetid. Korona medførte at me mykje raskare fekk tilrettelagt for digitale møte.

Microsoft Teams er eit program som gjer det mogeleg å ha digitale videomøte på datamaskina.

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon.

For Tysnes kommune er det viktig å ha digitale tenester som vert nytta fordi dei er gode, ikkje fordi det ikkje finst alternative tenester.

#### 4.1.3 Innkjøp

Tysnes kommune er knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Stord kommune er vertskommune. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp. I 2020 har drifta av innkjøpskontoret vore noko redusert mellom anna med bakgrunn i at innkjøpskonsulent slutta og at leiar av kontoret har vore delvis fråverande. Det har likevel vorte inngått fleire nye avtaler, mellom anna på innkjøp av smittevernsprodukt, frukt og grønt, fisk og fiskemat samt rammeavtale på elektrotjenester for å nemna noko.

I tillegg til alle felles anbodskonkurransane som Tysnes kommune er med på, har Tysnes kommune i 2019 gjennomført større innkjøp i eigen regi mellom anna for Treffstaden i Våge, ombygging av Lunde barnehage, konsulent for byggesak og rammeavtale for byggjeverar og maling. I tillegg er det sett i gang arbeid med kjøp av ein nytt heilskapleg digitalt kvalitetssystem. Alle konkurransane vert no gjennomført fullelektronisk via EU supply.com

Året 2020 har vore utfordrande også for innkjøps avdelinga ved ekstra innkjøp av smittevernsprodukter etter haste- og forse majeure anskaffing regler. Vidare har smittesituasjonen medført store endringar i møte -og opplæringstilbodet i samband med anskaffingar, dette fører til ein potensiell risiko for at avtaler ikkje vert tilstrekkeleg fylgt opp og kontraktsoppfølging må ha eit stort fokus frametter. Det har vore innleigt ekstern konsulent i tenesta grunna fråver i avdelinga

#### 4.1.4 Eigedomsskatt

For 2020 vedtok kommunen 10 % kontorjustering og eigedomsskattesatsen satt til 3,4 promille for næring og 4,5 promille for private. Ei vedtaksendring av eigedomsskattelova gjorde at alle skattetakstar for bustader og fritidsbustader vart redusert med 30%. Dermed vart skatten for

bustader og fritidsbustader lågare enn i 2019. Eigedomsskattetakstane for verk og bruk vert også redusert med 1/7 i 2020 tilsvarande ca. kr. 30.000

Dette gjev Tysnes kommune ein samla eigedomsskatt på omlag kr. 10,6 millionar for 2020

I 2020 har det vorte arbeidd med gjennomføring av ny allmenn taksering. Prosjektet kom seint i gong grunna Covid19 og uføresette utfordringar knytt til fråver. Prosjektet vart også meir kostnadeskrevjande enn føresett noko som vart fylgt opp gjennom eiga budsjettrevidering. Synfaring av alle eigdomar vart gjennomført før årsskifte, men ut frå at det er trong for å gjennomføra ei god kvalitetssikring vert ikkje nye takstar lagt til grunn før skatteåret 2022.

#### 4.1.5 Fast eigedom

Hovland sjukeheim blei lagt ut for sal i april 2019, trass i at det var nokre interessentar lukkast det ikkje å selja eigedomen i 2020. I utgangen av mars 2021 kan me endeleg slå fast at eigedomen er solgt til ein akseptabel pris.

Det er inngått leigeavtale med Mestringshusene om leige av sjukeheimen, dette arbeidet har vorte fylgt opp av prosjektavdelinga og leigetilhøvet kom endeleg i gong rundt årsskifte 2020-21.

Det er særskilt gledeleg å melda at det i 2020 vart kome til semje om kjøp av grunn til ny barnehage på Onarheim, med dette er eit viktig steg i realisering av prosjektet passert!

Det er gjort politisk vedtak om sal av gjennomgangsbustaden på Jensvoll, Tomyra 18. Her har saka versert i i rettssystemet etter at kommunen vant fram i Husleigetvistutvalet. Både namsmannen sitt vedtak og Husleigetvistutvalet sin dom er klaga inn og saka har vore ført både i Tingretten og Lagmannsretten. Me har nett no fått melding om at me vann fram i den nye førehavinga i Tingretten og har såleis grunn til å tru at salet let seg gjennomføra i inneverande år.

#### 4.1.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har hatt stort fokus i 2020 som følge av oppfølging av pandemien, me ser samstundes at ein del oppgåver som burde vore starta opp i 2020 ikkje kom i gang. Av prioriterte oppgåver som ikkje vart fylgt opp var oppfølging av det overordna planverket og etablering av ny overordna ROS analyse.

Når det gjeld arbeidet med oppfølging av pandemien vart det i vår utført eit omfattande arbeid der det vart laga oppdaterte kontinuitetsplanar for heile verksemda. Me såg elles at kommunen var ganske tidleg ute med å setja organisasjonen i beredskap, allereie 2. mars vart det gjennomført møte med alle einingsleiarar for å førebu på ein situasjon me såg kunne utvikla seg i ein dramatisk retning. I samband med nedstenging av samfunnet 12. mars vart eit utvida KKL i møte. Etter kvart kom nasjonale mynde meir på banen og arbeidet vart då meir knytt til å følgja opp dei nasjonale strategiane. Det vert vekentleg gjennomført møter i utvida KKL og beredskapsmøter med Statsforvaltaren.

Trass i at beredskapsarbeidet har vore omfattande i 2020 ser me at me ikkje er kome så langt som me burde i høve til å rullera det overordna planverket, dette må ha vidare fokus i 2021.

#### 4.1.7 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen.

Den kommunale byggporteføljen har også vorte meir energieffektiv ved at me i slutten av 2017 tok i bruk det nye omsorgssenteret, me venter ytterlegare energieffektivisering når mellomtrinnet på Tysnes skule vert erstatta av nytt bygg. Me ser at energikostnad per kvadratmeter for bygg i Tysnes siste året var 86 kroner per kvadrat mot 153 kroner i nasjonalt snitt.

I samband med prosjektet Bærekraftige reisemål har Tysnes kommune forplikta seg til å miljøsertifisere verksemda si gjennom Miljøfyrtårn programmet. Arbeidet med miljøsertifisering har halde fram i 2020. Sertifiseringa skjer etter den såkalla hovudkontormodellen, det betyr at det i

første omgang er rådhuset som blir sertifisert. Det har i tillegg vore krav om at ei eining i tillegg vert sertifisert og då er det Tysnes folkebibliotek som er valt i denne omgangen. Me har tru på at arbeidet med sertifisering vert avslutta våren 2021.

#### 4.1.8 Økonomi og løn

Som for dei øvrige delane av verksemda hadde økonomi og løn heimekontor i deler av 2.kvartal. Dette fungerte greitt, ettersom kommunen har gode IT-løysingar for å kunne arbeide utanfor kontoret. Det einaste som vart forsinka var handsaming av inngåande fakturaer i papirformat. Men den delen som framleis kjem i papirformat er stadig synkande. Den store majoriteten kjem no elektronisk i EHF-format

I løpet av året starta me opp med utsending av fakturaer digitalt via TietoEvry Multikanal. Dette er ei løysing som gjer det enklare å sende ut fakturaer, samt at fakturamottakar sjølv kan velje om dei vil betale via Vipps, e-faktura, avtalegiro, Digipost og liknande.

#### 4.1.9 Næring og reiseliv

I 2019 vart Tysnes Næringsråd reetablert med nytt styre. Ordføraren har arbeidd aktivt for å få dette til, rådmannen er for tida sekretær for næringsrådet. I 2020 har Tysnes Næringsråd fått ein god auke i talet på medlemmer og framstår som ein livskraftig og viktig aktør i utviklinga av Tysnes samfunnet.

Tysnes kommune nyttar også Atheno som 2. linje tenesteleverandør både mot enkeltpersonar, etablerte verksemdar og for å gjennomføra kurs. Samarbeidet med Atheno fungerer bra og samlingar og kurs vert i dag også tilbydd i samarbeid med næringsrådet. 2020 har vore eit spesielt år noko som har gjort det vanskeleg å gjennomføra tradisjonelle næringsgssamlingar, men det vert søkt å nytta digitale verkty for å sikra tilgang på kurs og samlingar.

Det var i 2020 sett av løyving til å laga ein plan i høve til samarbeid om næringsutvikling, planen vart utsett då den må byggja på ein involverande prosess med næringa sjølv. Det er løyvd midlar til å ta opp att arbeidet i 2020.

I desember 2020 delte formannskapet ut nær ein halv million gjennom kommunalt næringsfond for Covid19. Det er ingen tvil om at pandemien har gjeve store utfordringar også for lokalt næringsliv.

Av rekneskapen er det elles å merkja at det ikkje er ført lønsmidlar mot næringsarbeid i 2020, det betyr ikkje at det ikkje er gjennomfòr alminneleg oppfølging og aktivitet, men midlar til løn er ført på ansvar 1120 – rådmannskontoret. Me finn det naturleg og at det gjev eit meir reellt bilete i høve til bruk av lønsmidlar.

### *Reiseliv*

Det vart i 2020 gjort ein ny avtale om drift av turistinformasjon med Våge Hamnd. I første rekkje er det ein kortsiktig avtale med føresetnad om at næringa sjølv kjem med innspel om eventuelle endringar i konseptet. Avtalen er forlenga til og med 2021.

Det er positivt at Turistinformasjonen har teke grep for å få inn meir informasjon frå andre reiselivsaktørar i kommunen, dette har sikra ein betre og breiare informasjon om tilbodet i kommunen.

Turistinformasjonen registrerte totalt 7949 turistar i 2020 mot 6016 i 2019. Det er elles å merkja at turistane i 2020 stort sett er frå Norge sjølv om det også var ein del frå Tyskland og Danmark så har Covid19 dempa innslaget frå det store utland. Me ser også at talet på gjestedøgn auka monaleg i førre år med heile 2350 gjestedøgn, mot 1151 førre år.

Det er å merkja seg at gjestehamna i Våge nyleg vart rangert som den tredje beste hamna i Hordaland, me har von om at me gjerne vil kunne koma ennå høgare som følge av nytt servicebygg, leikeplass og nytt avfallssystem.

I regi av Tysnes Næringsråd er det no i gang eit prosjekt for å sjå på moglegheit for å byggja eit sterkare omdømme opp mot nærturisme, me ser at prosjektet går framover og har sore forventningar til det.

#### 4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv

Tysnes kommune har ei stilling innanfor kultur. I 2020 har stilling i praksis vore ei 50% stilling om ein ser på året under eit. Ny medarbeidar vart tilsett i april, i august og frå oktober til desember vart stillingsprosenten redusert til 60%. Frå midten av desember var stillinga delt på to personer; ei vikar i 40 %-stilling og ei fast person i 60 % stilling.

Sentrale oppgåver har mellom anna vore innanfor felta; kontakt med frivillige lag og organisasjonar i kommunen, handsaming og utvikling av ulike tilskotsordningar, kulturminnevern, allment kulturarbeid, idrett, friluftsliv, sekretær for ungdomsrådet, reiseliv, sakshandsaming, førebyggjande folkehelsekoordinator, og drift av Tysneshallen.

I tillegg har kulturstillinga bidrege til arbeidet med å lage arrangement til Eldredagen 1. oktober og å skape eit kommunalt tilbod for heimebuande eldre under koronapandemien. Til dette arbeidet er det løyva pengar frå Helsedirektoratet via Statsforvaltaren i Vestland.

Arbeidet på kulturområdet har vore prega av koronapandemien som alt anna i 2020, men ein har i hovudsak klart å gjennomføre det ein hadde sett seg føre. Digitale møter og møter i friluft har blitt ein del av kvardagen.

### Barne- og ungdomsarbeid

Tysnes ungdomsråd fungerer godt og er i ferd med å finna ei litt ny form etter at dette vart eit lovfesta medverknadsorgan etter ny kommunelov.

Kulturkonsulenten føl opp arbeidet i rådet og også ordføraren har vorte mykje involvert. Me har von om at rådet kan medverka til å skapa politisk medvit og eigarskap til samfunnsutviklinga. Ungdomsrådet har levert eiga årsmelding som vert lagt fram for kommunestyre.

### Kulturvern

Kommunedelplan for kulturminner vart endeleg vedteken i 2020. Me har von om at planen vert eit verktøy for å styra og følgja opp dette viktige ansvarsområde på ein god måte. Me har også von om at planen kan ha positive ringverknader for det lokale reiselivet då undersøkingar viser at dei som reiser og oppsøker kulturminner er dei som er mest tilfredse.

I 2020 er det rydda litt i faste tilskot til samlingar, og andre langsiktige avtaler me har gjort i høve til kulturvern og kulturformidling.

I 2019 gjekk Tysnes kommune inn avtale med Tysnes Sogelag om leige av gamle Tinghuset. I 2020 er det gjennomført eit stort arbeid for å vøla og tilretteleggja for ny bruk av bygget. Me trur at bygget over tid kan verta utvikla til ein viktig samlingsstad for fleire lag, per i dag samarbeider Tysnes sogelag, Bygdekvinnelaget og Venelaget for Jåttmuseum om prosjektet. Me ser at det er ei utfordring at Tysnes kommune står som eigar av bygget då dette gjer at me ikkje får tilgong på ekstern finansiering, i 2020 har me gjort ei juridisk utgreiing knytt til moglegheit for å overføra bygget til ei stifting. Me vil koma attende til denne saka i løpet av 2021.



Kommunen er medlem av Sunnhordland museum og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. Tysnes kommune var viljuge til å auka sitt tilskot til museet under føresetnad av at også dei andre kommunane i regionen gjorde det, men det vart det ikkje noko av. Bygningsvernkonsulenten ved museet vert nytta til rådgjeving i samband med restaureringsplanar, det vart gjennomført to synfaringar saman med museet i 2020.

### Kulturformidling

Patrick Madsen vart tildelt kulturprisen i 2020 for sitt viktige arbeid innanfor kulturformidling!

Som følge av Covid19 vart det ikkje gjennomført Tysnesfest i 2020, kommunen gjorde likevel vedtak om å oppretthalda sitt tilskot for året og me trur at festivalen vil klara seg gjennom også denne tida.

### Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Kulturmidlar til idrett vart auka opp ved inngangen til 2020 og vart som vanleg fordelt gjennom Tysnes Idrettsråd. Det er også veldig positivt at Tysnes Kraftag AS har valt å gje eit tilsvarande fordeling. Dette bør gje betre økonomiske rammer for idretten frametter!

Kommunedelplanen for idrett vart revidert ved inngangen til 2021, det er lagt til grunn at planen skal ha ei meir fullstendig overhaling i 2022.

### Friluftsliv

Det mest tidkrevjande prosjektet innanfor område friluftsliv, har vore utvikling og etablering av friluftsområde ved Kyrkjevattet i Uggdal. Området utvikles gjennom eit samarbeid med Bergen og omland friluftsråd (BOF) og Uggdal bygdalag. Tysnes kommune står for oppføring av ei dagsturhytte, medan BOF setter opp ei gapahuk, byggjer badebrygge og lager til eit toalett. Bygdalaget byggjer veg frå starten på Heningen langs vatnet fram til området til kommunen og BOF.

Det vart delt ut midlar til merking av turløyper; Tysnes turlag fekk 50 000,- til merking av løyper i Tysnesfjella, medan Tore Økland fekk tilskot til skilt i kulturløypa ved Gjerstad kraftstasjon.

Kommunen er medlem av BOF og betaler ein fast sum pr. innbyggjar. BOF skjøttar ti friluftsområder og fire parkeringsplasser i kommunen. Parkeringsplassane er i tilknytning til turløypar i Tysnesfjella.

Statens kartverk lyste ut midlar til «kartlegging av tilrettelegging for friluftsliv». Tysnes kommune i samarbeid med Tysnes turlag søkte om midlar til ei slik kartlegging. Det vart tildelt 30 000,- får Statens kartverk og resultatet var ei oversikt over friluftsområda i kommunen. Denne oversikten viste at det ikkje finnes noko tilrettelagt område i kommunen og dette er derfor eit område me kjem til å jobbe vidare med. Det er eit mål at flest mogleg skal kunne bruke naturen i kommunen.

#### Allment kulturarbeid

Ordningar og kriterier for tildeling av kulturmidlar har vorte revidert i løpet av 2020, det er også utbetalt meir i tilskot til både idrett og song og musikklag. Når det gjeld desse ordningane så er det veldig positivt at Tysnes Kraftla AS har valt å betale ut tilsvarende beløp etter tilsvarende kriterium. Me har von om at dette kanskje også kan bli ei ordning for tildeling av almenne kulturmidlar.

Hausten 2019 vart det skipa eit nytt teaterlag på Tysnes. Laget fekk kommunal støtte til ny oppsetning av Onarheimsgilde i 2020, men som følge av pandemien lot ikkje dette seg gjennomføra. Det er lagt opp til at det vert framsyning i 2021 om tilhøva tillet det. Laget har også arbeidd med oppsetjing av Ronja Røverdatter, men heller ikkje dette lot seg gjennomføra i 2020.

I samband med dei utfordringar frivillige lag og organisasjonar har fått i 2020 vart det oppretta ei eiga tiltakspakke på kr. 300.000 til fordeling til laga, kommunen, Tysnes Sparebank og Tysnes Kraftlag gjekk inn med ein lik del i denne tiltakspakka. Sluttoppgjer vart gjort no i 2021,

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar. Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur- og friluftaktivitet, kulturminne og kulturbasert næring. I samband med at me har hatt inne studen i 2020 har det vore gjort eit arbeid opp mot å sjå på ein eigen frivilligstrategi i kommunen, arbeidet med dette bør følgjast opp vidare.

#### 4.1.11 Folkehelse

Partnerskapsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune vart ikkje vidareført i den formen den har vore tidlegare. I praksis har dette ført til at me har mista kr 70` som har vore knytt til delstillinga innanfor folkehelse. Me har ikkje ført lønsmidlar på dette ansvarsområdet i 2020, men har ført dei på kulturadministrasjon. Dette betyr likevel ikkje at me ikkje også i fortsetjinga vurderer at folkehelse er eit viktig arbeid innanfor fagområde kultur og idrett. Det er i 2021 lyst ut midlar til folkehelse, men desse er meir prosjektretta. Me vil leggja opp til å søkja midlar i 2021.

#### 4.1.12 Bibliotek

2020 vart sjølv sagt også eit uvanleg år for biblioteket. Biblioteket var stengt i to månader frå 12. mars til 18. mai. Grunna fokus på smittevern og restriksjonar har det vore færre organiserte arrangement og aktivitetar, samstundes har utlånstala halde seg på nivå med 2019. Statistikken for folkebiblioteka vert først offentliggjort inn mot sommaren 2021, men det er grunn til å tru at Tysnes folkebibliotek har kome godt ut av krisa samanlikna med mange andre bibliotek.

##### *Utlån fysiske media*

Totalt utlån og fornyingar var på 6443 (ekskl. e-bøker), ein nedgang på 2,67 % samanlikna med 2019 (6620)<sup>ii</sup>.

I sommarmånadene var me stengt 2 veker mot normalt 4-5. Eit betre bibliotektilbod om sommaren var populært, noko som viser på utlånet.

5623 fyrstegangslån gir eit omløpstall på 0,6, noko som er litt betre enn snittet i KOSTRA-gruppe 2 i 2019.

---

<sup>ii</sup> I 2019 hadde me eit prøveprosjekt med utlån av lærebøker på Tysnes skule. Utlånet av 607 lærebøker i august 2019 kom med i den rapporterte statistikken, noko det sikkert ikkje burde ha gjort. Ser vi bort frå dette avviket, hadde vi hatt vekst i 2020.

*Tab. Utlån per måned 2019-20*

	2020	2019
Januar	956	533
Februar	582	304
Mars	363	542
April	18	404
Mai	313	422
Juni	533	483
Juli	613	92
August	673	1231
September	949	721
Oktober	543	675
November	696	694
Desember	537	519

### *Samling og tilvekst*

Dei siste par åra har me kjøpt inn monaleg meir barnelitteratur enn vaksenlitteratur. Dette heng saman med at me har bygd opp ei solid grunnstamme til skulebibliotekbruk. Innsatsen har resultert i eit godt omløpstal på 1.

Tilveksten inkluderer 142 bøker me har fått gjennom innkjøpsordningane til Norsk kulturråd (kulturfondbøker). Nytt frå 2020 er at me får doble sett med kulturfondbøker. Desse bøkene vert distribuert vidare ut til Onarheim og Uggdal skule.

Av tilveksten i vaksenavdelinga er det 429 kulturfondbøker. Noko som vil seie at me har brukt ein del mindre av mediebudsjettet på litteratur for vaksne. Den store tilveksten av kulturfondbøker er ikkje udelt positiv. Med ein oppbevaringsplikt som gjeld 5 år, betyr det mindre plass til dei bøkene som publikum faktisk etterspør. Innkjøpet må nok opp om me skal få opp utlånet, samtidig må samlinga halde seg på same storleik.

Det er ikkje lenger mogleg å skaffe nye lydbøker på CD, så her har det ikkje vore tilvekst. Innkjøpsordninga for tidskrift vart avslutta i 2019. Tilveksten av tidsskrift har derfor vore lågare enn tidlegare år.

	<b>Bestand 31.12.2020</b>	<b>Tilvekst 2020</b>
Faglitteratur vaksen	1703	220
Skjønnlitteratur vaksen	3936	495
Tidsskrift	333	112
Faglitteratur barn	610	153
Skjønnlitteratur barn	2992	453
Totalt	9924	1472

	<b>Tysnes 2020</b>	<b>KOSTRA-gruppe 2 (2019)</b>
Omløp bøker barn	1	0,6
Omløp bøker vaksen	0,35	0,3
Omløp totalt: fysiske medier	0,6	0,5

Meiroppe var stengt frå 12. mars til 15. oktober. Me hadde 258 innloggingar i 2020 og eit totalt besøk på 498 personar.

Som medlem av e-bok-konsortiet i Vestland fylke, går 5 % av mediebudsjettet vårt til innkjøp av e-bøker. I tillegg vart det løyvd ekstra midlar frå Nasjonalbiblioteket under nedstenginga i mars. Tilbodet av e-bøker og e-lydbøker har aldri vore betre. Likevel gjer Tysnes det nokså dårlig på utlansstatistikken. Totalt vart det lånt ut 384 bøker i 2020. I 2019 var talet 61, så den prosentvise auken er trass alt stor.

Det er no opna for at alle skuleelevar kan logge inn med Feide-ID`en sin i BookBites (utlånsløysing for e-bøker). Dette har hatt ein positiv, om ikkje særleg markant effekt. Hovudforklaringa på dei svake utlånstala er nok at tilbodet ikkje er godt nok kjent.

### *Digital formidling*

Biblioteket har delteke i prosjektet *Heim til Sunnhordlandslitteraturen*, ein podkastserie på sju episodar, med mellom anna Mads Rage som bidragsytar. Prosjektet var eit samarbeid mellom Sunnhordlandsbiblioteka og fekk midlar frå Nasjonalbiblioteket.

Biblioteket har fått 18 000 til digital formidling, som vart nytta til DSLR-kamera og mikrofon.

Biblioteket har i tillegg kjøpt inn to infoskjermar til formidling av digitale tenester og media frå eiga samling.

Sommarles vart ein stor suksess med ny lokal deltakarrekord. I alt 90 born frå 1-7. klasse var med. Dei las til saman 1390 bøker.

Me hadde booka sommarlesforfattaren Mari Moen Holsve til eit arrangement i september, men grunna restriksjonar vart det eit digital arrangement i staden. Dessverre var det ikkje så mange som fekk det med seg.

### *Arrangement*

21. januar: Markering av høgtlesingsdagen på Onartun med vikarierende biblioteksjef Nicoline Leonhard Drageset

3. november: To forfattarmøte med Malin Hellebø på Onarheim skule. Del av årleg samarbeid med Falturiltu.

12. november: Lansering av Sveinung Øklands bok Tysnesingar i krigsår, i samarbeid med Mandelhuset og Kapabel forlag.

#### 4.1.13 Tysneshallen

Hausten 2020 vart ansvaret for Tysneshallen overført til kulturstillinga. Etter synfaring med ulike brukarar og tilsyn frå Mattilsynet, vart det utarbeid ei oversikt over tiltak som ein meiner det bør jobbast med framover.

Det er trong for gjennomgang av IK system, plassering av ansvar og betre oppfølging av inntektene i Tysneshallen. Me er i gang med dette arbeidet no og har von om at samarbeidet kring Tysneshallen vert ennå betre i åra som kjem.

## 4.2 Oppvekst

Oppvekstområde består av Barn og familie som er barnevern, helsestasjon og psykisk helse for barn og unge, og Barn og utdanning, som er barnehagar og skular, PPT, Kulturskule og vaksenopplæring.

### 4.2.1 Grunnskule

Me har 3 skular i kommunen fordelt på eit samla elevtal på 326 elevar.

Tab. 4.2: Utvikling av elevtal delt per skule

	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20	2020/21
Uggdal	105	110	107	106	119
Onarheim	27	26	32	31	38
Tysnes mellomtrinn	71	67	72	170	169
Tysnes ungdomstrinn	90	97	93	-	-
Elevtal	293	300	304	307	326

Samla elevtal har ei auke på 19 elevar. Personalet er stabilt, endringar skjer helst i samband med elevar som har trong for særskild oppfølging. Me får stadig fleire elevar med særskilde og samansette behov, noko som er ei utfordring m.o.t. assistent- og pedagogressursar.

Målet for skulane er: Ein skule der kvar einskild elev nyttar sitt faglege potensiale og blir eit trygt og sjølvstendig menneske.

Dei overordna satsingane på skule område er Fagfornyninga og Anti-mobbing. Ny læreplan kjem frå 2020, så førebuinga til denne er i gang, særleg har det vore fokus på «Generell del» av læreplanen. I 2018 inngjekk me avtale om å vera pilotkommune for den nye Olweus-satsinga,- eit program for å forbyggja mobbing. Arbeidet har hatt stor merksemd og vorte fylgt opp i 2019, i løpet av 2020 vart alle skulane sertifisert som Olweus skular.

Det er arbeid på tvers av skulane med eit program som heiter *Struktur, kultur og leiing for læring*.



Det er likevel vanskeleg å snakke om skulen i 2020 utan at me også kjem inn på dei utfordringar me har fått som følge av Covid19, rektor ved Uggdal skule har gjeve ei lita oppsummering som nok er dekkande for fleire:

*«2020 starta så bra med fagdagar for elevane, lærande vandring, Olweusarbeid, arbeid med kompetansepakkane i høve fagfornyninga, førebuing av innføringa av 5-dagars skuleveke, kartleggingsprøver, samarbeidsmøte og nettverksmøte med PPT. Vinterferie.....- og så full stopp.*

*2.mars: Felles informasjonsmøte om Korona i kommunestyresalen.*

*12.mars: Siste skuledag før total nedstenging av heile samfunnet.*

*Digital undervisning, lærarsamarbeid på Teams, elevmøte på Google Meet, tilsyn med elevar av foreldre med samfunnskritiske rollar, skuletilbod for ekstra sårbare elevar, rapportskriving, kontinuitetsplanar, fristilt personell klargjort for andre oppgåver i kommunen, utlån av digitalt utstyr, digitale leiarmøte osv.....*

*7.april: Nytt frå regjeringa: Førebu stegvis gjenopning.*

*22.april: Planleggingsmøte for oppstart på to skular. 1.og2. trinn på Uggdal skule og 3. og 4. trinn på Tysnes skule. Innkjøp av handsprit, overflaterens, munnbind og oppheng av smittevernreglar. Køyra flyttelass.*

*27.april: Gjenopning av skulen*

*12.mai: Alle elevar og klassar tilbake til Uggdal skule*

*17.mai: Digitalt songinnslag av elevar i 17.mai-gudstenesta.*

*Førebuing av fagfornyinga, 5-dagars skuleveke og utvida SFO-tilbod*

*4.juni: NRK-intervju ang. omlegging til 5-dagars skuleveke.*

*10.juni: Innskrivingsdag i tre puljar.*

*17.juni: 4. Klasse på besøk hos nye lærarar på Tysnes skule.*

*Etter nedstenginga den 12.mars har me fått mange nye ord og omgrep i språket vårt: Korona, Covid-19, Kohort, trafikklysmodellen, testing, spritdispensar (1100 kr. for 5l. sprit!!), karantene, heimekontor, avstand, smittevern, helsa med alboge eller fot, hosting og nysing i albogen, halvfulle bussar med inngang bak.....*

*Trass i dette annleisåret, har me klart å halda trykket oppe både i høve dagleg drift og utvikling av skulen. Me blei m.a. Olweus-sertifiserte i år, me har godt grep på LK 20 og fagfornyinga, me har klart å omstilla oss til 5-dagars veke og utvida SFO-tilbod utan større problem.*

*Men, det har kosta. Mange av dei tilsette har vore veldig slitne.»*

Me ser også at Covid19 utfordrar oss i høve til fysiske lokaler, tilgang til handvaskar, toalett, garderobar, storleik på klasserom og ulike spesialrom for tilsette og elevar.

## IT

I januar vart det lyst til møte om GDPR og personvern i skulane/barnehagane. Det vart mellom anna avdekka at det var trong for å justera noko om mot biletbuk på nettsidene til skulane. Det vart rydda i desse tilhøva ganske umiddelbart, med bakgrunn i fråver og ikkje minst Covid19 så kom me ikkje så langt at planlagde møter kring temaet vart gjennomført.

I februar vart det arbeid med Visma og intergrasjon mot arkiv. Gjennom våren arbeidde ein ut det kodeverket som trongst og ved utgangen av året er det berre rutine for arkivering som står att. Samla vil bruk av Visma i skulen og samankopling mot arkiv gje ennå større tryggleik for at me får ei forsvalg og god ivaretaking av arkivverdige materiale i skulane.

I mars kom covid-19 og med den heimeundervisning og andre utfordringar av ymse slag. Det vart kjøpt inn resterande chromebook til elevane slik at ein da hadde 1:1 når det gjeld datamaskiner hos elevane. Læringskurven for dei involverte, store og små var bratt men det vart ikkje meld om alvorlege tekniske manglar i heimeundervisninga.

I april begynte dei praktiske førebuingane til fagfornyninga. Det vart opna FEIDE tilgang for Udir sitt planleggingsverktøy og ei gruppe vart etablert for å sjå på mogelege digitale løysingar til erstatning for lærebøker. Det vart også gjort undersøkingar rundt bruka av robot i klasserommet. Dette med omsyn til elevar som av ein eller annan grunn ikkje kan møte på skulen over lengre tid.

I juni vart talet på datamaskiner til elevar for neste skuleår justert. Det vart kjøpt nokre maskiner som supplering. Gruppa for digitale læremiddel landa på innkjøp av CappelenDamm sitt "skolenmin". Vurderinga gjekk på at det såg ut som desse var komen lengst i utvikling. Ein meinte også at ein ved å velje dette ikkje var bunden til same valet også neste år. Fagplanen er i stor grad løyst frå spesifikke læreverk

I desember var det diskusjonar om bruk av Visma vis a vis føresette etter at tekstmeldingar (sms på telefon) til og frå skule-føresette vart lesne av fleire enn dei tiltenkte. Ein vart då same om at Visma skulle brukast til dette føremålet og at det vart kjøpt ein "tilsette-app" til telefonane for sikker kommunikasjon. Arbeidet med opplæring og utrulling vert gjort på nyåret.

### Onarheim skule.

Onarheim skule hadde hausten 2020 38 elevar. Det er ein auke på 7 elevar og det høgste elevtalet på mange år. Skulen har rektor, 3 lærarar og 2 assistentar.

Bygningsmassen på Onarheim skule har ein god standard og er godt tenleg for verksemda. Grunna lågt elevtal i skulen, og høgt barnetal i barnehagen, har skulen for tida «lånt vekk» heile arealet som vart påbygd i samband med reform -97. Skulen har difor i sidan skuleåret 2019/2020 måtta teke i bruk det eine kunst & handverkrommet til klasserom. Dette fungerer som ein mellombels løysing, men med bygging av ny barnehage vert det også eit løft for skulen å få tilbake ein del av dei areala som har vore omdisponert! Frå hausten 2020 er det vedteke at Onarheim skule skal vera ein skule frå 1. til 7.trinn. Det er von om vidare vekst i Onarheimsbygda og det er difor viktig at planane kring ny barnehage på Onarheim held fram som planlagt.

Personalet på Onarheim er for tida ganske «ferskt», men dei utviklar stadig betre rutinar for års- og halvårsplanlegging, og sikrar difor at læreplanverket blir fylgt opp så godt som råd er. Lærarane på skulen har i fleire år hatt heile sin skuletid/fellestid bunde på skulen. I praksis er dei fleste lærarane på arbeidsplassen ein god del meir enn dette og.

Lærarane på Onarheim skule dekkjer fagkrinsen i barneskulen på ein god måte med unnatak av i engelskfaget. Ein av har gjennomført vidareutdanning i faget, så når ho kjem tilbake frå permisjon er dette også på plass.

### Uggdal skule.

Uggdal skule starta hausten 2020 med, 119 elevar, 11 pedagogstillingar i tillegg til rektor og i underkant av 8 årsverk med fagarbeidarar/assistentar.

I tillegg til nasjonale satsingsområde som innføring av Fagfornyinga LK20, lokal innføring av Olweus antimobbeprogram og Lærande vandring som er eit prosjekt gjennom KS, har skulen jobba mykje med tilsettelegging og innføring av 5-dagars skule.

Uggdal skule har ingen elevar som gjennomfører nasjonale prøver. Likevel brukar me ein god del tid på å førebu elevane på 4. trinn på denne prøveforma som dei møter tidleg på 5. trinn.

Elevane våre gjennomfører dei obligatoriske kartleggingsprøvene frå Udir. Desse prøvene seier noko om kva elevar som ligg kring grensa for uro. Der det vert dokumentert trong for ekstra oppfølging vert det gjeve gjennom intensivopplæring.

#### Tysnes skule:

Tysnes skule har i haust hatt utskifting av leiinga. Tidligere rektor Kari Pettersen slutta i september, Terje Sløgedal vart konstituert rektor og 30.11.20 var ny rektor Cicilie Mette Lund på plass. Me har i dette året og fått viktig kunnskap om leiing for kvalitet, med skuleoppfølging i regi av KS-konsulent med hovudfokus på fagfornyinga, der lærerane og har fått delta.

#### Nasjonale prøver: 5. klasse:

Disse prøvene for 5. trinn er utført om hausten etter at elevane kjem til Tysnes skule. Me har lågare resultatgrad enn me ynskjer, særleg er det for mange elevar på nivå 1. Me har best resultat i engelsk, dårlegast i rekning. Skulane har no eit samarbeid på tvers av skulane for å arbeida med fag og undervisning i ljøs av nasjonale prøver. Grunna korona, har dei planlagde samlingane vorte utsett, men så snart smittesituasjonen tillèt samlingar på tvers av skular og kohortar, vil arbeidet vert fylgt opp vidare.

#### Nasjonale prøvar 8. klasse

På dette klassesteget har me gått frå 46 til 47 skalapoeng i rekning, dette er tre skalapoeng under nasjonalt snitt. Me ser at andelen som ligg på nivå 1 og vert monaleg redusert frå 5. til 8. klasse. Når det gjeld lesing og engelsk så ligg me også i desse faga litt under nasjonalt snitt.

#### Nasjonale prøvar 9. klasse

9.trinn kan visa til sær s tilfredstillande resultat. I rekning ligg elevane på 59 skalapoeng, ni poeng meir enn nasjonalt snitt. Det er ingen av elevane om får skår innanfor meistringsnivå 1, Det er og berre 4,8 % som skårar på mestringsnivå 2. På dette klassesteget får heile 38 % skår innan mestringsnivå 5. Dette er svært gode resultat! 9.klassingene skårar òg veldig godt på lesing, her ligg på heile 60 skalapoeng, ti skalapoeng over nasjonalt nivå. Det er ingen som ligg på mestringsnivå 1 og 2, som er dei lågaste nivåa.

Når det gjeld 9. klasse må me prøva å grava etter gull i eigen skattekiste; Kva har me gjort for at dei gode resultat i 5. held fram og aukar? Erfaringane herifrå kan me ta med oss inn i arbeidet med dei andre trinna.

Me må foreta ein analyse av nasjonale prøvar for å kartlegga kor utfordringa ligg. Ei framtidig målsetjing er at ingen elevar skal skåra innanfor meistringsnivå 1 og arbeida for at fleire elevar skal koma opp på meistringsnivå tre i 5.klasse og meistringsnivå fem i 8.klasse.

Elevundersøkinga vart gjennomført med heile skulen i i år. Vi hadde ein svarprosent på 97,1 . Vi skårar best på støtte frå lærar 4,4 av 5.0 og har ei utfordring med å leggja til rette for praktiske arbeidsmåtar. 3,0 skårar vi her, men har løfta oss frå 2.1 på to år. Vi ser og at jobbinga med Olweus er viktig å ha fokus på, då nokre elevar ved skulen vår opplever å ha vorte mobba. Skulen ser at det absolutt er grunnlag for betring på dei fleste områda, og me vil i samarbeid med klassane og elevråda sjå på tiltak som kan setjast inn for å få endå betra resultat.

#### 4.2.2 PPT

Tysnes kommune har eit samarbeid med Fitjar og Stord kommune om PP –tenester. Avtalen vart sett i drift frå 1. oktober 2018. Tysnes kommune har vore godt nøgd med samarbeidet med PPT. Me synes dei har høg fagleg kompetanse og er på tilbodssida for å dela denne. PPT har tidlegare invitert til ulike nettverkssamlingar på tvers av kommunar og skular og hatt kursrekkjer med ulike tema som autisme og språkvanskar. Dette har pedagogane våre opplevd som svært nyttige samlingar. Grunna koronasituasjonen har det dette året vore lite fellessamlingar, men dette ynskjer me å halda fram med så snart smittesituasjonen tilseier det.

PPT har hatt tilbod om systemarbeid i klassar med ulike utfordringar, der skulane opplever å ha fått god rettleiing. I tillegg har dei jobba med individsaker og sakkunnige vurderingar. På Uggdal skule er det i 2020 gjennomført systemretta arbeid på alle klassestega.

#### 4.2.3 Spesialundervisning

Talet på spesialundervisning er låg for 2020, utviklinga går i retning av ein mindre del av elevar med spesialundervisning som tabellen under viser. Me ynskjer å dreia all undervisning til «tilpassa opplæring», der alle elevar får undervisninga på sitt nivå (Opplæringslova § 1.3.). Dette er nedfelt i «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i Tysnes kommune». Me ser og at me no får einskildvedtak der det ikkje er tilrådd ekstra timar til spesialundervisning, men råd om korleis ein skal tilpassa undervisninga i klassane.

Tab 4.5: Elevar med spesialundervisning	2016	2017	2018	2019	2020	Komm.gr. 2	Landet u Oslo
Andel elever i grunnskolen	10	10	8,9	8,2	6,2	8,3	7,8
Andel elevar 1.-4. trinn	6,7	6,2	6,1	1,6	-	6,0	5,1
Andel elevar 5.-7. trinn	13,3	9,6	8,8	14,3	10,3	9,4	9,2
Andel elevar i 8.-10. trinn	11,2	15,5	12,9	11,6	-	10,1	9,7

Logopeden arbeider no i 100% stilling, der ca. 50% av stillinga er sett av til reint logopedarbeid. Resten av stillinga, ca. 10% vart nytta til Logostesting, ca 10% vart sett av til observasjon, kartlegging og rettleiing i barnehage og 30 % til intensivopplæring på Uggdal skule. Intensivopplæring vil seia at skulen gjennomfører 5-6 intensivperioder a 7 veker i eit skuleår, der elevar som har trong for det, får spesiell og intensiv opplæring i fag eleven strevar med.

17 barn hadde jamn oppfølging av logoped gjennom hausthalvåret; 8 skulebarn på Uggdal skule og 9 barnehagebarn i alle dei fire barnehagane. Enkelte barn hadde einetrening, dei fleste var i små grupper. Det er få av disse borna/elevane som har einskildvedtak, eller vedtak om logoped, men me ser på det som svært viktig at born med ulike utfordringar får hjelp så snart som råd.

Synspedagog er tilsett i 30% stilling i Tysnes kommune. Synspedagog er ei tilleggsutdanning på 60 studiepoeng i tillegg til barnehagelærer eller lærarutdanning. Det meste av arbeidet har gått med til synskartleggingar på alle 6-åringar før skulestart, noko oppfølging av dei som har vanskar og samarbeid med føresette. Synspedagogen føl og opp barn som har hatt synstrening tidlegare, for å sjå om synet har stabilisert seg, eller om dei treng nye treningsperiodar. Ein opplever at sjølv små mengder trening kan gje store utslag på lesefarten, noko som dei vil ha stor nytte av til meir dei skal lesa.

#### 4.2.4 Blå skule

Den blå skule er eit pedagogisk opplegg me har grunn til å vera stolt over på Tysnes, her er året skildra med deira egne ord:

##### **«Mannskap:**

*Dette året har det som vanleg vore eit særst godt og sjøsterkt mannskap ombord i sjarken. Det faste mannskapet er gutar frå 5kl til 10.kl. Dette er karar som ikkje er redd for å ta i eit tak. Dei vil klare seg svært bra i livet. Skulen derimot kan være litt strabasiøs, og skuleveka blir mykje lettare å gjennomføre med eit avbrekk.*

*Dagane med aktivitet har vore måndag, tysdag og torsdag. Forutan det faste mannskapet, mønstrar 7.klasse på to elevar kvar måndag, tysdagen er det 6.klasse som mønstrar på, og torsdagen har vore til 5.klasse. 8.klasse og 9.klasse har og fått tilbod i enkelte periodar av året.*

*Denne blandinga av fast mannskap, og rullerande besøk, er svært positivt både fagleg og sosialt.*

**Aktivitetar:** *Våren 2020 bygde me ei ny flytebrygge for BOF, denne vart bytta ut med den gamle som låg på Solstråleøya. Eit veldig kjekt og lærerikt prosjekt. Me måtte støype 425 liter med betong som base til landgongen. Rektangulær ramme med armeringsjern måtte til. Medan me var i brygge modus lagde me ei lita brygge på Ada si bade plass, denne til oss sjølv, og turistar sommarsdagen.*

*I løpet av hausten fangstar me agnfisk til teinesesongen. Makrell og sild, pelagisk fisk, er det me får mest av. I år fekk me mange krabbar og færre humrar. Desse sel me til kundar og noko av fangsten et me sjølv på øya. Minstemål på krabbar og humrar er 13cm og 25cm. Dette må sjølvst målast, slik at ein slepp ut igjen dei som er for små.*

*Om vinteren fisker me etter botnfisk. Torsk, hyse, breiflabb og lange er det som oftast kjem opp frå botnen. Fisken går til mat- og helseundervisninga, eller den blir levert til Mandelhuset og litt vert seld til nokre faste kundar.*

**Plast i havet:** *Kvar vår dei siste åra har me brukt 2 – 3 veker på plukke plast og maritimt boss i skjergarden rundt Solstråleøya. I år var me påmeldt ein konkurranse i regi av Noregs jeger og fisk. Me vant 20000,- som resulterte i ein dumper til å hjelpe oss med arbeidet på øya.*

**Vaktmeister oppgåver:** *i år som alle år veltar det trær på øya. Desse har me fjerna og gjort om til ved. Elevane er utruleg flinke til å hogge ved.*

*Veden sel me i 60 liter sekker til 45kr sekken, og elevane reknar kor mykje dei har klart å pakke. Fliskutteren gjer greiner og småtrær om til flis som me legg på stiar. På sikt skal stiane bli mjuke og gode å gå på.*

*Blad frå trea vert tatt vekk frå stiar og scene-området.*

*Daude tre og greiner som fell ned gjennom vinteren vert til store bål, og øya vert meir og meir ryddig.*



**Honene våre:**

*I vår hadde me to hanar og sju høner. Desse klarte seg fint gjennom sommaren. Dei gjekk då fritt og båtfolket kunne hente seg ferske egg. Trur ikkje det er mange øyer i Noreg kor feriegjester kan forsyne seg med ferske egg om morgonen.*

*Då hausten kom og båtfolket forsvann kom ørna og tok med seg 6 fuglar, me satt igjen med ein hane og to høner. Ny runde med rugemaskina, og me har igjen ein fin flokk med høner og haner.*

*Desse dyra er viktige. Elevevane lærer seg å ta vare på og stelle dyr. Dei må sørgje for at dei har tilgang til reint vatn og mat. Mange er og veldig glad i å kose og snakke med dei.*

**Mat:***Fiskesuppe, grønsaksuppe, betasuppe, krepseuppe, havregraut, pannekaker, fisk i aluminiumsfolie og stekt hane kylling er nokre av dei matrettane me har laga til no, dette året. Her er det mykje læring, mengdemål, å følgje ei oppskrift og lage eit bål som er brukande til å lage mat på.*

*Til slutt et me ilag alle samene, og kokkane må ta imot skryt frå dei andre.*

**SIM:***Me fekk 35 000,- i prosjektmidlar frå SIM til å kjøpe kanoar, lage kanostativ og bossdunk på øya. Slik at folk kan låne seg kano padle rundt i bukter og vikar og plukke maritimt boss som dei igjen legg i bossdunken. Denne tar me ansvar for å tømme. Dette prosjektet er påbegynt og blir ferdig våren 2021.*

**Fagleg:***Så langt det lar seg gjere trekk me skulefag inn i det praktiske arbeidet. Matematikk, naturfag, kroppsøving, mat og helse, historie, norsk og kunst og handverk er fag som lett lar seg kombinere med livet på Solstråleøya.*

**Erleholmen:***Er naboøya til Solstråle øya. Denne øya eig Wencke Strømme. Ho såg til honene våre gjennom heile sommaren 2020, og i haust har me bygd ny brygge og hogd ved for ho. Dette samarbeidet set begge partar pris på. Elevane lærar seg å ta imot hjelp og å hjelpe tilbake.*

**Sosialt:***Som tidlegare ser me at sosialisering i små grupper gjer positiv utvikling på elevane våre. Sjølv om talet faste matrosar aukar, prøver me å halde på at dette skal være eit tilbod for alle elevane ved Tysnes skule.*

*Kaptein*

*Blå skule*

*Terje Sløgedal»*

#### 4.2.5 Skulefritidsordning - SFO

Frå inngangen til skuleåret 2020/21 tilsette Tysnes kommune ein ny SFO-leiar. SFO-leiar sitt ansvar er å lage planer og aktiviteter som sørgje for et godt og spennande SFO-tilbud for elevane. Begge skulane med småskuletrinn har tilbud om SFO fem gonger i veka. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn, og leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Det er eit stort fokus på fysisk aktivitet, og gymsalen er mykje i bruk. Sosial trening er også ei viktig del av arbeidet på SFO, og det vert lagt til rette for mykje frileik blant elevane. Det vart opent tilbud i SFO i haustferien og totalt 9 barn nytta seg av tilbudet på Uggdal SFO.

Våren 2021 vert det gjennomført ei brukarundersøking knytt til korleis SFO tilbudet vert opplevd, me har von om at denne undersøkinga vil verka til ei vidare positiv utvikling av tilbudet!

Det er planer om å pusse opp gymsal og SFO på Uggdal i 2021.

Tab. 4.6: Barn med SFO tilbud

	2016	2017	2018	2019	2020
Uggdal SFO	35	39	35	30	43
Onarheim SFO	7	7	12	12	1
SUM	42	46	47	42	54

#### 4.2.7 Vaksenopplæring

Elevtalet ved vaksenopplæringa i Tysnes kommune har gått gradvis ned då tidlegare elevar er ferdig med intro- programmet og er ferdig med nødvendig opplæring, samt at det ikkje er kome fleire flyktningar til Tysnes dei siste åra. Det har kome nokre få elevar innan kategorien familieinnvandring som har rett og plikt til norsk- og samfunnskunnskapsopplæring. På grunn av lite elevgrunnlag og svært sprikande opplæringsbehov har Tysnes kommune valt å kjøpa opplæringa av Bjørnefjorden kommune. Dette fordi me vurderer det til at tilbudet for elevane vil bli betre og at ein då vil få raskare progresjon hos den enkelte. Vaksenopplæringstilbudet i Tysnes kommune har difor ikkje elevgrunnlag nok til å driftast slik som tidlegare. Det har difor ikkje vore nytta noko lærarstilling til denne opplæringa i 2020.

Skuleåret 2019/2020 var det 7 elevar som gjekk på grunnskuleopplæringa i Bjørnefjorden kommune, men i løp av hausten flytta eine eleven frå Tysnes kommune til Bjørnefjorden. Det siste semesteret var det difor kun 6 registrerte elevar frå Tysnes som deltok på grunnskuleopplæringa. 3 av desse elevane gjekk siste året i eksamensretta 2- årig løp, medan 3 elevar gjekk fyrste året i eksamensretta 3- årig løp.

Hausten 2020 starta det to elever med rett og plikt til norsk 550 timar og samfunnskunnskap 50 timar. Også denne opplæringa vart kjøpt frå Bjørnefjorden kommune.

#### 4.2.8 Kulturskulen

I meldingsåret vart det gitt undervisning på piano, slagverk, gitar, bassgitar, song og messing/aspirantundervisning. Kulturskulen sel dirigent-timar til korps, og desse laga held eit godt nivå. Det er ønskjeleg å utvida breidda i kulturskulen med fleire kunstformer og det vert mellom anna arbeid for å ta opp igjen tilbodet innanfor dans.

Kulturskulen ventar stadig på betre tilhøve for undervisning, og ser med forsiktig optimisme fram til ei god løysing med betre lokaler/undervisningstilhøve, som vil gje eit betre elev/lærarmiljø, og gje ei viktig tilhøyrse til Kulturskulen

Tab 4.8: Elevar i kulturskulen

	2016	2017	2018	2019	2020
Elevtal	86	91	55	52	52

Skuleåret 2020-21 er det pr. 10.oktober 2020: 27 på piano, 1 på song, 4 på messing, 8 på gitar og 7 på slagverk. Av gruppeundervisning så er det 27 på messing og 10 på musikkleik. Musikkleik er eit gratis tilbod til barnehagane som vart starta opp hausten 2020.

Utviklinga av elevtal er svært positivt og me har von om at betre læringsmiljø i nye lokaler vil gje grobotn for vekst i både fag og antall elevar. Me har også von om at det skal medverka til fleire framsyningar og konsertar i kulturskulen sin regi!

## 4.2.7 Barnehagar

Barnehagane i Tysnes hadde tilsaman 168 barn i frå fødselsåra 2015, 2016, 2017, 2018 og 2019 per 15.12.2020.

Tab 4.10: Tal på born delt etter barnehage	2016	2017	2018	2019	2020
Vågsmarka	29	25	29	28	28
Stjernereiso	67	61	68	67	67
Lunde	22	21	33	36	40
Onarheim	21	25	28	29	26
Totalt	139	136	158	160	161

Tysnes kommune har stort sett jamne fødselstal år for år, men innimellom kjem det variasjonar også her. Mellom anna ser me at fødselstalet i 2015, som er skulestartere i år, var 29 barn (inkl.Onarheim), mens 40 barn vart fødde i 2016, og er skulestartere i 2022. Dette gjev oss nokre utfordringar m.o.t. tal avdelingar, tilsette m.m.

Onarheim barnehage (42 plassar). Onarheim barnehage har hatt eit varierende år. Vårhalvåret hadde dei 45 plassar, og låner framleis rom frå skulen, som er innreia til avdeling. Me såg tidlig at hausthalvåret ville bli annleis og ved oppstart barnehageåret 2020/2021 hadde me omlag 30 plasser.

Drifta er stabil og god, ny styrar har teke dei utfordringane som kjem. Og utfordringar har det vore! Tidlig på året måtte me forholde oss til korona og nedstenging. Les meir om barnehagane og korona i eige avsnitt. Fysisk miljø er likt som alltid, med avgrensingar knytt til uteområde, pauserom og garderobar for dei tilsette, og det faktum at barnehagen opptar ein del av skulen sine lokale. Desse utfordringane bidreg til at samarbeid og hjelp mellom avdelingane vert noko avgrensa. Det er vedtatt å bygge ny barnehage på Onarheim og prosjektet er i gong. Det er då lettare å vere tolmodig med tanke på dei utfordringane som er knytt til fysisk miljø, det vil bli bra!

Vågsmarka barnehage (36 plassar) Vågsmarka barnehage er alltid full og det er stor søknad til denne barnehagen. Det er fleire som ikkje får plass her på 1.ynskje, dei får enten plass i Stjernereiso eller Lunde. Personalet er stabilt, det same er drifta. I forbindelse med Korona endra barnehagen på organiseringa på avdelingane, dei har hatt aldersblanda avdelingar, men opplevde at dette var noko utfordrande med tanke på

korona og storleik på kohortar. I august delte dei avdelingane i små-barns avdeling og store- barns avdeling. Igjennom heile hausten gjorde personalet seg erfaringar som tilsa at dei ynskjer å gå tilbake til aldersblanda avdelingar etter nyttår.

Vågsmarka barnehage har søkt om REKOMP- midlar frå staten. Bakgrunn for søknaden er eit ynskje om enda betre kompetanse innan språk, språkutvikling og språkopplæring.

Lunde barnehage (54 plassar) Lunde barnehage har deler av dette året hatt 3 pedagogar ute i fødselspermisjon og då det er vanskelig å rekruttere barnehagelærarar i vikariat, har me her hatt 3 dispensasjonar. Styrar gjekk inn i vikariat som einingsleiar, og det vart nødvendig med ei konstituering i styrarstillinga. Einingsleiar bidrog også i styrarrolla i denne perioden.

Lunde barnehage ligg stabilt i barnetal dette året, og er full i høve til bemanning. Storastova er i daglig bruk til ei gruppe barn. Det er sett i gong arbeid med ei oppgradering her, med planlagt oppstart i mars 2021. I samband med dette arbeidet har me jobba med å få plass ein leigeavtale med Lunde bedehus slik at barna som er tilknytt Storestova får eit godt lokale å nytta i utbyggingsperioden.

Stjernereiso barnehage (96 plassar) er og heilt full. Nye søkjarar i løpet av året til Stjernereiso har fått tilbod om plass i andre barnehagar. Barnehagen har hatt nokre utfordringar knytt til bemanning og pedagognorm. Me starta barnehageåret med 1 dispensasjon. På grunn av langtidsjukefråvær såg me oss nøydd til å konstituere ein pedagogisk leiar i styrarstillinga ein periode.

Stjernereiso barnehage har dette året fått bygd eit toalett rom på baksida, i tilknytning til huset slik at det er mykje lettare og mindre tidkrevjande å hjelpe barna på toalettet i utetida.

#### Foreldreundersøking

Tysnesbarnehagane har gjennomført ei foreldreundersøking i regi av utdanningsdirektoratet. Denne undersøkinga er nasjonal og gjeld for alle barnehagar i landet, og vert gjennomført kvart år.

Svarprosent var på 59 % (92/156), me kunne sjølv sagt ønska at svarprosenten var høgare. Alle barnehagane har fått eigne resultat for sin barnehage, og dette er gir grunnlag for arbeidet vidare i den einskilde barnehage.

Undersøkinga måler tilfredsheit langs ulike variablar der 5 er best og 1 er dårlegast. Undersøkinga viser ein veldig liten nedgang på dei fleste spørsmål. Det mest gledelige resultatet er at barns trivsel ligg på 4,7, noko som er eit veldig godt resultat. Også i år, som i fjor er det *ute og inne-miljø* me kjem dårlegast ut på, med 3,9. Brukarundersøkinga er eit godt verkty for å driva kvalitets- og utviklingsarbeid i barnehagane.

### Regional kompetanseheving:

Onarheim og Lunde barnehage er og med i Regional Kompetanseheving (REKOMP) som er den nye måten å gjennomføre kompetanseheving ute i den enkelte barnehage. Dette er midlar frå staten som Statsforvaltaren tildeler etter ein søknadsprosess. Barnehagane samarbeider med Høgskulen på Vestlandet. Begge barnehagane har temaområde barnehagemiljø, med fokus på vaksenrolla. Onarheim har vore med i over eitt år og har gjort ein del, mellom anna hatt felles foredrag/ rettleiing, dei har kjøpt ein del litteratur, og er i dialog med samarbeidspartnern. Lunde fekk midlar hausten 2020, og har mellom anna hatt digiltalt forerdrag i felles personalgruppe, kjøpt litteratur, og jobbar jamt og trutt med temaet.



Vågsmarka barnehage har søkt om Rekomp midlar i 2021, med tema språk. Barnehagane føl satsinga som samsvarar med planen «Saman for framtida»

Og for å nemne noko vil me trekkje fram arbeidet med sosialkompetanse og førebyggjande arbeid mot mobbing. Slik me ser det kan me ikkje «legge ned lista» for arbeidet med sosialkompetase, dette er eit daglig arbeid som er viktig for å ruste barna til skulestart, og til å bli den beste utgåva av seg sjølv.

Språk er også eit arbeid me ikkje ser for å slutte med, Rammeplanen for barnehage legg stor vekt på dette arbeidet.

Eit anna satsingområde som har vort naturleg å ha, og ha framover er knytt til §41, 42 og 43 i den nye barnehagelova som går på det psykososiale barnehagemiljøet. §41 seier noko om *nulltoleranse og forebyggjande arbeid*. §42 *plikt til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)*. Og § 43 som seier noko om *skjerpet aktivitetsplikt dersom en som jobber i barnehagen, krenker eit barn*. Innan dette har me oppdatert «mobbeplanen» som no heiter psykososialt barnehagemiljø, den inneheld mål for arbeidet og rutinar for å i vareta ev avvik.

### Korona-situasjonen:

Me kjem ikkje utanom å sei noko om situasjonen til barnehagane i samband med koronapandemien.

Einingsleiar for barnehage tiltredde i vikariatet 01.03.2020, og 12.03.2020 var det lockdown over alt. Alle skulle utføre arbeidet sitt frå heimekontor, ein skulle unngå permitteringar og alle skulle ha eit arbeid å gjere. For tilsette i barnehagane er dette ein uvant situasjon då arbeidet deira i veldig stor grad er praktisk saman med barn. Her gjorde styrarane ein formidabel jobb, med å finne oppgåver som alle kunne gjere. Med allereie varsla lovendring knytt til barnehagens psykososiale miljø, og fokus på mobbing/ krenking hadde dei tilsette rikelig litteratur dei kunne jobbe seg igjennom.

Så kjem opning av barnehagane i siste del av april, og det er tidvis stor spenning, både i det å arbeide på raudt nivå, med veldig strenge smitteverntiltak, ikkje rom for å ta ut pedagogar til planleggingstid, ein vaksen i ei gruppe heile dagen/ veka, og tilleggsoppgåver knytt til reinhald, for å nemne noko. Og så kjem frykta. Frykt for å vere smitteberar og frykt for å bli smitta. Mange var urolige i denne perioden. Det gledelege er at det var særst lite klaging og fokus på dette, alle hadde eit ynskje om å gjere ein god jobb sjølv om forholda var krevjande! Styrarane har meldt tilbake at det også kom noko godt ut av den situasjonen, for eksempel at ein vart tvungen til å ha mindre grupper, at barna måtte ta med seg matpakke igjen, og at det stort sett heilt fram til ferien var levering/ henting på uteområdet, og mykje meir utetid. Det vart opna for redusert opningstid, noko som var heilt avgjerande for å kunne oppretthalde det smittevernnivået me hadde påbod om. Me hadde opningstid frå 8.00 til 15.30 denne perioden.

For fakta og tal for kvar barnehage, kan ein sjå her: <https://barnehagefakta.no/sok?q=tysnes>

Tab 4.11: Dekning og bruk

	Tysnes					Kostra	Landssnitt
	2016	2017	2018	2019	2020	Gr. 2	2020
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,2	84,5	91	94,2	88,8	97,3	97,4
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	87,7	65,1	77,3	83,8	75,0	79,9	85,5
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	100	96,9	102,2	101	99,0	97,3	97,4

#### 4.2.8 Tenester for barn og familie

Eining barn og familie er samansett av tenestene; psykisk helse for born og unge, helsestasjonen- og skulehelsetenesta samt barneverntenesta. Årsmeldinga skildrar tenestene i høve områda økonomi, personal, målsetnadar og våre tenester for arbeidsåret 2020

Eininga er etablert med felles leining for dei tre tenesteområda, og er ein del av oppvekst

Arbeidsåret 2020 har vore spesielt og annleis for alle tenester i eininga, men det har blitt levert tenester innanfor lovkrav under heile pandemien.

##### 4.2.8.1 Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har i 2020 i utgangspunktet satt av 2 stillingar som skal dekke arbeidet i helsestasjon- og skulehelsetenesta.

Det har frå januar – august 2020 vort tilsett helsesjunktepleiar i 1,7 av desse to stillingane, og frå august-desember 1,8. Helsesjunktepleiar i helsestasjonen har ei 100 % stilling som også innehar fagansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta.

Helsesjunktepleiar i skulehelsetenesta har gått i 70 % stilling frå januar – august 2020, og 80 % frå august – desember 2020. Helsesjunktepleiar i skulehelsetenesta har måtta ta ein del arbeid i helsestasjonen grunna sjukemeldingar i tenesta hausten 2020. Helsesjunktepleiar i skulehelsetenesta tok på seg oppgåver på helsestasjonen, og dei minste barna blei prioritert. Dette førte til at skulehelsetenesta har mangla ressursar i løpet av hausten, og det har blitt ein del arbeid å hente inn igjen.



Tab 4.15: Nøkkeltal helsestasjon

	Tysnes					Kostra	Landet
	2016	2017	2018	2019	2020	gr. 2	u/Oslo
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	95	97	93,5	97,1	119,4	103,3	98,9
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 års alder	112	93	126,2	102,7	129,4	95,2	88,8
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	100	83	100	116	42,9	97,6	90,0
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1. skoletrinn	67	100	-	147,1	147,1	90,5	90,0

Tysnes helsestasjon- og skulehelsetenesta har jobba ut frå og forholdt seg til gjeldande nasjonale føringa i forhold til Covid-19, og smitte i arbeidet på helsestasjonen og i skulehelsetenesta. Frå mars til juni 2020 blei heimebesøka etter fødsel utført på helsestasjonen. 2 års- og 4 års-konsultasjonane blei utsatt, og på begynt henta inn igjen i løpet av hausten 2020. Me er no komen ajour med 2 års-konsultasjonane og kjem til å henta inn att 4 åringane i løpet av mars 2021.

Ein del barn fekk ikkje tilbod om 4 mnd., 8 mnd., 10., mnd og 18 mnd. konsultasjon på helsestasjonen, då desse kontrollane vart utsatt pga. nedstenginga, Covid-19. Ein prioriterte dei nyfødde, barn som skulle ha vaksine, og dei som hadde behov for ekstra oppfølging. Me har hatt fysiske møter på helsestasjonen, men færre en normalt. Helsesjukepleiar har hatt ei auke i oppfølging via telefon denne perioden. Barn som var under et år og der konsultasjonen blei avlyst, vart føresette oppringt for å høyre korleis det gjekk. Alle fekk informasjon om at dei var velkomne til å ta kontakt med helsestasjonen pr. telefon og avtale eventuelle fysiske møter.

Frå juni 2020 tok helsestasjon- og skulehelsetenesta opp att normal aktivitet og fysiske møter, og har gjennom hausten fylgt anbefalt program i tråd med Nasjonal faglig retningslinjer. Hausten 2020 begynte helsestasjonen å gjennomføre audiometri<sup>iii</sup> på 4 års-konsultasjonane. Årskulla 2014 og 2015, som ikkje har fått audiometri via helsestasjonen, vil få tilbod om dette på 1. kl. konsultasjonen.

<sup>iii</sup> Audiometri er måling av høyrsel

Helsestasjon har også noko oppfølging av barn som har trong for ekstra oppfølging og koordinert innsats gjennom Individuell plan.

Det vart teikna ein utvida leigeavtale i lokala Treffstaden nyttar, desse står no klare og det er eit mål om at dette skal gje meir tilgjengelege tenester for brukargruppa. Det er på kort sikt plan om å flytta tilbod om helsestasjon for ungdom inn i desse lokala våren 2021.

Året 2020 vart spesielt også for skulehelsetenesta, grunna pandemien som endra mykje av måten ein arbeidde på. Under skulestenginga, vart det oppretta informasjon på kommune si heimeside, i lokalaviser og sosiale medier om kontaktinfo til helsesjukepleiar. Ein kan likevel spørje seg i ettertid om tilbodet var godt nok og lett nok tilgjengelig. Pr. i dag veit me endå ikkje om barn som slit med tunge tankar har fått den hjelpa dei har hatt trong for, eller kva barn og unge har opplevd under lukkinga.

Trass i stenginga, er planen for 2020 når det gjelder vaksinerings i 1. klasse, 6. klasse, 7. klasse og 10. klasse gjennomført.

I tråd med nasjonale retningslinjer, deltok helsesjukepleiar på nær alle foreldremøter hausten 2020. Dette vart gjort i samarbeid med COS P<sup>iv</sup> instruktør, eit tilbod om foreldrerettleiing som Tysnes kommune no tilbyr. Det er eit kurs som skal hjelpe foreldre til å forstå barnet sitt betre. Frå hausten av, måtte ressursar i skulehelsetenesta omdisponerast til helsestasjonsoppgåver, grunna sjukemeldingar der. Med lite tilgjengelige ressursar, er det sårbart ved fråvær, noko som førte til avvik i høve kontroll av 2 og 4 åringar. I skrivande stund er dette i hovudsak henta inn att.

Skulehelsetenesta er lovpålagt «open dør» tilbod til alle skuleelvar. Grunna ressursmangel hausten 2020, har dette tilbodet vore varierende, men ein ser at elevane kjem når dei veit at helsesjukepleiar er på plass, og tilbodet er naudsynt.

Det har vore utarbeidd plan for arbeidet i skulehelsetenesta i skuleåret 2019-20 og 2020-21.

---

<sup>iv</sup> COS P: Circle of security parenting. Eit rettleiingsprogram for foreldre og andre omsorgspersonar.

#### 4.2.8.2 Jordmor

Tysnes kommune har i heile 2020, vore utan fast tilsett jordmor. Det vorte nytta vikar første del av året, frå september 2020 vart inngått avtale med Stord kommune, om kjøp av jordmor teneste derifrå. Dette var ein mellombels løysing i påvente av rekruttering av eigen jordmor.

Det var i 2020 fatta politisk vedtak om å auke jordmorressursen i kommunen frå 50 – 100%, og stillinga er no etablert som ei 100 % fast stilling.

I 2020 vart det registret 33 fødsalar. Grunna utfordringar med jordmorressurs, er det ikkje tilgjengelig selektering av dei gravide ut frå om det er svangerskap med/utan risiko.

Ein del gravide har gått til kontrollar hos almenlege i perioden utan jordmor, ein del har teke imot tilbod om kontrollar i Stord kommune.

Det er registrert gjennomført 10 heimebesøk innan 3 døger etter heimkomst i samsvar med nasjonalfaglege retningslinjer. Under nedstenginga frå mars 2020, var heimebesøk utført på helsestasjonen. Det reelle talet er såleis langt høgare enn 10, og avviket handlar om koronarestriksjonar i all hovudsak.

#### 4.2.8.3 Psykisk helse for barn og unge

Psykisk helsearbeider for barn og unge er ei 100 % stilling. Hausten 2020 vart det også tilsett kommunepsykolog i full stilling, dette er ein viktig samarbeidspartner for psykisk helsearbeider.

I løpet av 2020 har tenesta vore i kontakt med 41 barn og unge under 18 år. Av desse har nokre hatt oppfølging over tid, medan andre berre har vore innom for samtalar 1-3 gonger. Grunna korona-situasjonen vart våren 2020 veldig annleis enn vanleg. Ein hadde då mykje mindre kontakt med målgruppa grunna skulestenging. Dei minste (1.-7. klasse) fekk ein i liten grad kontakt med. Dei eldste hadde ein moglegheit til å nå lettare t.d. gjennom Facebookgruppa til Treffstaden, og via meldingar til ungdom ein allereie hadde kontakt med. Psykisk helsearbeidar hadde tur-avtalar med fleire ungdomar gjennom heile våren. Dette var svært viktig for dei det gjaldt, men ein ser i ettertid at mange born ikkje fekk tilbod eller kontakt i denne perioden.

Dei typiske vanskane barn og ungdom strevar med er til dømes tunge tankar/vere nedstemt/kjenne seg trist, angst/redsel, tankekøyr/stress, sosiale utfordringar, ulike diagnosar med vanskar knytta til dette, vanskar grunna skilsmisse hjå foreldre, sjølvskading, ulike vanskar heime, sorg m.m.

For å sikra betre systematikk i arbeidet er det no etablert eit førebyggjande tiltaksteam for barn og familiar der psykisk helsearbeidar går inn saman med kommunespsykolog og helsesjukepleiarar.

#### 4.2.8.3 Barnevern

Barneverntenesta har i hovudoppgåve å ivareta born mellom 0 og 23 år som på grunn av tilhøva i heimen, eller av andre årsaker har trong på hjelp frå barnevernet. Barneverntenesta har i tillegg i oppgåve å arbeide førebyggjande jfr bvl. § 3-1, samt plikt til samarbeid med andre instansar jfr bvl § 3-2.

Barnevernetenesta i Tysnes kommune har i 2020 bestått av 4 årsverk, som består av einingsleiar/barnevernleiar i 100% stilling, 2 sakshandsamarar, samt tiltaksarbeidar i 100% stilling.

I tillegg til egne faste tilsette, består tenesta av barnevernsvakteneste som ein kjøper frå Bergen kommune.

<b>Tal barn med tiltak</b>						
	I løpet av året			Slutten av året		
	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak
<b>2018</b>	8	8	12	8	5	12
<b>2019</b>	8	5	13	7	3	10
<b>2020</b>	7	4	12	6	3	7

<b>Tal meldingar og undersøkingar</b>						
	Tal meldingar	Meldingar som er lagt vekk	Undersøkingar i alt	Avslutta undersøkingar i alt	Vedtak etter BVL	Undersøkingar over 3 månader
<b>2018</b>	21	4	17	20	14	4
<b>2019</b>	23	10	13	16	49	2
<b>2020</b>	21	9	12	6	33	1

Tabellane over syner talet på saker i Tysnes barnevernteneste for 2020. Tala i rubrikken «i løpet av året» syner totalt antal saker som tenesta har arbeidd med i løpet av året. Tala i rubrikken «i slutten av året» er status per 31.12. «Omsorg» er tala for antal barn kommunen har omsorg for og er lovheimla i bvl § 4-12, og «hjelpetiltak» syner antal barn som har frivillige tiltak etter bvl § 4-4. «Tilsyn andre kommunar» er barn som bur i fosterheim i kommunen (plassert av andre kommunar).

Tabell nr 2 syner antal meldingar og undersøkingar som Tysnes barnevernteneste har hatt i løpet av året. Antal meldingar er talet på meldingar som er kome inn for året 2020. Meldingar som er lagt vekk, syner talet på meldingar som er avklart innan fristen, og der det ikkje er opna undersøking. Alle sakene der det er sett i gong undersøking finn ein i rubrikken «undersøkingar i alt».

Det er ein liten nedgang i mottekne meldingar frå 2019 til 2020. Talet i 2019 var 23.

Under stenginga frå mars, måtte barneverntenesta endre arbeidsmåtar, og kunne ikkje kome i kontakt med familiar under same forhold som elles. Det kom raskt på plass nasjonale retningslinjer som vart fylgt av tenesta. Alle born og familiar fekk oppfølging slik dei hadde rett på, likevel i noko endra omfang. Til dømes vart nokre fosterheimsbesøk utsett, og rettleiing med foreldre vart gjort elektronisk. Nye meldingar til tenesta stoppa heilt opp i mars, det vart då forsøkt å gjera tilgjengeleg kontaktpunkt gjennom sosiale media og kommunen si heimeside. Det var likvel først hausten 2020 at talet på meldingar igjen tok seg opp.

Ser ein attende, kan ein undre seg om det vart gjort riktige tiltak for å gjere tenesta tilgjengelig for barn og familiar. I juni vart det sendt ut uromelding til samarbeidande tenester om situasjonen og tilbod om at barneverntenesta kunne besøke personalgrupper på skular, barnehagar og

helsetenester. Under heile stengningperioden, og etter opninga, deltok Tysnes barnevernteneste i faste møter med Statsforvaltaren for å sjekke ut om riktige tiltak vart sett i vert, og for å sikre at tenesta fylgde nasjonale råd. Det har jamleg blitt rapportert om status i tenesta til Bufdir.

Parallelt med eit utfordrande år, har Tysnes saman med kommunen Austevoll og Kvinnherad arbeidd med eit utviklingsprosjekt på barnevernområdet, for å betre tenesta og sikre kompetanseutvikling for å møte nye krav. Prosjektet er kalla «fagleg fellesskap på tvers av kommuengrensar», og har som mål å sikre barn i risiko rett hjelp til rett tid, gjennom trygge tenester. Målet er å bli betre på analyse-vurdering – avgjerd knytt til ulike delar av sakshandsaminga.

I juni 2020 vart det fatta politisk vedtak om utgreiing av interkommunale alternativ for barnevernsamarbeid. Politikarane peikar på at det er svært sårbart med ei teneste med 4 tilsette, og med auke i krav og utvikling av kva kommunen skal etablere av tilbod på eiga hand, er administrasjonen blitt bedt om å utgreie moglege alternativ til å stå åleine vidare.

Generelt merkar me ei auke i komplekse saker, og dette har i nokre tilfelle ført til at barneverntenesta har måtte nytta eksterne sakkunnige til undersøking av born sine omsorgstilhøve.

I tråd med lovendring frå 01.01.2021 om årleg tilstandsrapportering i barneverntenesta, vart det i september 2020 lagt fram ei tilstandsrapport for kommunestyret. Me har von om at dette kan gje betre styringsinformasjon om tenesta og at politisk nivå kan medverka i den strategiske utviklinga av tenesta. Framlegg til ny barnevernlov som vil tre i kraft frå 01.01.2022, seier at kommunestyre også skal vedta ein plan for førebyggjande arbeid knytt til heile oppvekstfeltet i kommunen. Dette vert eit viktig arbeid for 2021.

Som del av den nasjonale satsinga på kompetanseheving i barnevernet, har ein tilsette gjennomført vidare utdanninga «*Vurderinger av barnets beste*» ved HVL i 2020. Ein tilsett er i gang med nasjonal vidareutdanning i barnevernleiing, og me ser behovet for at tenesta nyttar moglegheiter som no er med gratis vidareutdanningar innan barnevernområdet.

Barneverntenesta opplever at samarbeidet med andre kommunale instansar som arbeider med barn og unge som godt. Særleg samarbeid mellom barnevern, helsestasjon, jordmor, skulehelseteneste og psykisk helse for born og unge vert opplevd teitt og godt etter samorganiseringa i eining barn og familie. Barneverntenesta opplever at det er låg terskel for skular og barnehagar til å ta kontakt.

Det har i 2020 blitt arrangert samarbeidsmøte mellom Barnevernvakten i Bergen og Tysnes barnevern, der også ambulansetenesta deltok. Det er også teke initiativ til ein samarbeidsavtale med politiet, noko me har von å få fullført i 2021.

### 4.3 Helse og sosial

Helse- og sosial yt tenester innafor 4 einingar, helse, institusjon, open omsorg og NAV sosial, i tillegg til Frivilligsentralen.

Det er mange dyktige tilsette i etaten som yt ei samvitsfull og god teneste på dei ulike tenesteområde. Året som ligg bak har vore særleg krevjande i høve covid -19 pandemi, og har utfordra tenestene på ein særleg måte.

I sekretariatet har det vore krevjande med langtidsfråvær av konsulent for merkantile oppgåver, bistand på IT, personvernombod m.m. Det har vore diverse oppgåver vi ikkje har kunna løyst optimalt grunna manglande kompetanse på viktige fagfelt. Ein liten organisasjon er sårbar med få tilsette på kvart fagfelt utan overlapping av kompetanse

#### 4.3.2 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, fysioterapi, ergoterapi og psykisk helse. Kommuneoverlegen leiar den samla tenesta.

##### 4.3.2.1 Psykisk helse

I psykisk helseteneste er det 1,5 årsverk, psykiatrisk sjukepleier, knytt til tenesta. I tillegg er det ca. 0,5 årsverk og timeressursar knytt til brukaroppfølging, støttekontakt og drift av aktivitetssenteret. Gjennom støtte frå Fylkesmannen og i samarbeid med NAV er det også 0,5 årsverk nytta til ein prosjektstilling innan rus og psykisk helse. Prosjektstillinga vart ved årslutt vedteke politisk, vidareført til fast stilling med 0,5 årsverk.

Psykisk helseteneste har hatt inne ekstra ressurs psykiatrisk sjukepleier, grunna sjukemelding og stort press i tenesta. Den ekstra ressursen har vore viktig. Både for å ta unna nye tilviste pasientar, for fagleg refleksjonar og eit fagmiljø som gjev rom for utvikling, og for utvikling av tenesta i sin heilhet. Det er framleis auka pågang på tenesta og tett program for alle i tenesta til tross for at det er nytta ekstra ressursar. Me ser og at omfanget av tilvisingar frå fastlege/lege aukar, og fleire tek sjølv kontakt med tenesta for milde- moderate symptom.

Kommunen har ansvar for oppfølging av kortvarige alvorlege problem til langvarige mildare problem. Då med tilbod om rettleiing frå DPS. Omfanget av hjelpetiltak blir difor større og meir og komplekse. I fleire tilfelle bør oppfølginga vere intensiv for at behandlinga skal gje effekt, som ved eksponeringsterapi.

Tett og intensiv oppfølging treng og brukarar med alvorleg psykisk lidning i periodar grunna auka lidingstrykk. Brukaren bur ofte åleine i omsorgsbustad utan bistand tilgjengeleg mesteparten av døgnet. I slike periodar kan brukaren krevje mykje ressursar. Kunne auka lidingstrykk vore unngått dersom brukaren hadde hatt tilgang til tettare oppfølging med tilgjengeleg personell heile døgnet? Tilgjengeleg personell tett på vil vera viktig for å oppleva tryggleik for mange. Bistandsbehovet kan variere frå dag til dag. Tenesta vår er berre tilgjengeleg for brukaren på dagtid. Heildøgnsstilbod for brukarar med trong for tettare oppfølging gjennom døgnet er KAD- seng ved akutte behov for hjelp, eller korttidssopphald på omsorgssenteret. Dette tilbodet er ikkje alltid godt nok tilpassa vår brukargruppe. Eit døgntilbod vil kunna gje pasientane trygge rammer og gje ein god struktur i kvardagen. Det vil og kunna førebyggje risiko for forverring av lidinga. Eit bufellesskap med tilgjengeleg personell og tett oppfølging gjennom døgnet vil vere å tilrå.

Samhandlingsreforma gjev utfordringar og det forventast at ting kan løysast lokalt i kommunen, og det er ei forventning om at kommunen skal kunna ha tett oppfølging med brukarar. Tilbod om planlagde døgnopphald på DPS som eit førebyggjande tiltak for pasientar med kronisk lidning, vart teke vekk for nokre år sidan. Brukarar som har behov for døgnopphald ved symptomauke får ofte avslag i spesialisthelsetenesta. Også ved akutte behov kan ein få avslag grunna plassmangel der. Store krav til kommunen for oppfølging og behandling av pasientar gjer at me planlegg nye og effektive arbeidsformer. Planen vidare er som før at alle i teamet vårt skal kunna nytta kognitiv terapi som arbeidsform. Opplæringa i kognitiv terapi vart ikkje gjennomført som planlagd grunna covid-19.

Ein opplever eit generelt stort arbeidspress i avdelinga, og med større krav til behandling i kommunen blir det fleire tilvist tenesta lokalt. Dagens ressursituasjon oppleves krevjande med utgangspunkt i dei forventningar som vert stilt til tenesta.

Psykisk helseteneste driv dagsentertilbod ved aktivitetssenteret i Våge, to dagar per veke. Målet med tilbodet er å bryte isolasjon, auka livskvalitet og livsmeistring. Me har hatt 12 faste brukarar i løpet av 2020. Tilbodet har blitt redusert grunna covid 19. Nokre har fått tilbod ein dag i veka i staden for to. Det har ikkje vore høve til å ta imot nye brukarar i denne tida grunna smittevernrestriksjonar.

I mars vart tilbodet på aktivitetssenteret stengt og me måtte retta oss etter FHI sine retningslinjer. Brukarane vart i starten følgt opp via tett telefonkontakt. Personalet som er tilknytta aktivitetssenteret kontakta eller oppsøkte brukarar på telefon eller i heimen. Brukarane fekk tilbod om å gå turar ute med personalet. Bruk av støttekontakt og ekstra timerressursar vart og nytta til å sikra at brukarane vart ivaretatt. Stenging av aktivitetssenteret, redsel og uro for viruset, førte til at me såg symptomheving hos fleire av brukarane. FHI sine retningslinjer ved brukarkontakt vart følgt, og det vart laga interne retningslinjer i tenesta vår og ved aktivitetssenteret. Etter nokre veker vart tilbodet ved aktivitetssenteret opna forsiktig igjen. Då aktivitetssenteret opna, var det fokus på å vere ute å gå turar. Det var mindre grupper i starten.



Samarbeidet med spesialisthelsetenesta, i første rekke Stord DPS, består av faste samarbeidsmøter i kommunen ca 5 gonger i 2020. Grunna covid -19 har me hatt fleire møter på teams og det har fungert fint. Ein opplever og det er lett å ta kontakt for spørsmål, dersom det er spørsmål utanom dei faste møta. Men i covid -19 tida har telefonnummer til DPS vorte kopla opp mot eit fellesnummer i Helse Fonna, og i fleire høve har det vore vanskeleg og få kontakt p.g.a. det. Me har i enkeltsaker fått direktenummer til behandlar, som er positivt. Samarbeid med Stord DPS er framleis viktig for eit sterkare fagmiljø og eit nært samarbeid mellom pasient og fagpersonell.

Basert på ei rekke hendingar i 2019 kor det vart høgt trykk på kriseteamet vart det avdekka behov for revidering av planverket for livskriseteamet. Grunna covid 19 situasjonen har det ikkje latt seg gjennomføra i 2020. Kriseteamet har i denne tida vorte aktivert ein gong. Verdensdagen for psykisk helse vart markert for elevane på Tysnes skule med foredrag av Helsesista. Grunna covid- 19 situasjonen og uvisse kring smittesituasjonen valte me å ikkje markere verdensdagen i Tysneshallen 2020.

#### 4.3.2.2 Legekontor

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønnspraksis, i motsetning til der ein har privatpraktiserande allmennlegar. Legetenesta i Tysnes er samla i eit kontor. Dei tilsette legane uttrykker tilfredshet med ein slik modell. Det er tre legeårsverk knytt til legekontoret, i tillegg til dette kjem inntak av LIS1 lege.

Det har vore litt ustabil situasjon når det gjeld legedekning i 2019, som har gjeve ei meir kostnadskrevjande teneste. Kommuneoverlegen har vore halve året i fødselspermisjon og kommunelege Jacobsen har vore konstituert kommunoverlege i perioden. Den pågåande pandemien har også ført til at det har vore naudsynt å frita kommuneoverlegen for ein del pasientretta arbeid for å prioritera arbeid med smittevern. Me har også auka opp noko ressursar knytt til forkontor og laboratoriumstenster i perioden.

Tysnes omsorgssenter kjøper 20 % av ei kommunelegestilling til tilsynslegefunksjonen. Dei andre legane bistår tilsynslegen med behov som måtte oppstå når tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg. Legane ved Tysnes legekontor har ansvar for pasientar i kommunal akuttseng som er knytt til omsorgssenteret.

#### 4.3.2.3 Legevakt

Tysnes har valt å halde på lokal legevakt. Dei tre fastlegane pluss turnuskandidat deler på legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. I samband med ferieavvikling har me legevaktansvar for mellom 12 – 14.000 personar mot eit alminneleg grunnlag på om lag 3.700.

Tysnes kommune kjøper tenester knytt til legevaktsentral i Sunnhordland interkommunale legevakt. Dette var nyoppstarta frå september 2018. Dette gjev oss betre oversikt og statistikk, og er ei kvalitetssikring av tenesta. Eit stadig større innslag av digitale og IT baserte tenester gjer oss stadig meir sårbare, dette gjeld både i høve kritisk infrastruktur som internett, telefoni og straum, men også i høve til personvern og informasjonstryggleik. Det bør arbeidast vidare opp mot å finne ein balanse i høve risiko og sårbarhet i møte med desse utfordringane.

#### 4.3.2.4 Fysioterapi

Grunna fleire smitteverntiltak i samband med Covid-19 pandemien har me dette året hatt ein del ekstra utfordringar med å gje eit fullgodt fysioterapitilbod til innbyggjarane.

Dei siste åra har det vore god kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen. Den kommunale tenesta har 1,5 årsverk, i tillegg har kommunen driftsavtaler i storleik 1,9 årsverk. Situasjonen for den kommunale tenesta er sårbar så lenge ein har deltidstillingar. Dette gjer det vanskeleg å oppretthalda kompetanse i kommunen, samstundes som det sjølvsagt er vanskeleg å rekruttera til slike stillingar.

Fysioterapitenesta utfører viktig arbeid innanfor rehabilitering, habilitering og førebyggjande arbeid for alle aldersgrupper. Den dominerande diagnosegruppa for rehabilitering er muskel og skjellettskader (lårhalsbrot) og nevrologisk lidingar. Det vert gjeve tilbod om behandling og trening ved Tysnes omsorgssentr for heimebuande kronikarar og for eldre som bur på Omsorg+. Dette tilbodet vart noko avgrensa som følgje av smitteverntiltak. Det vert også gjeve tilbod om opptrening i heimen, men også her har det blitt mindre aktivitet i meldingsåret.

Innanfor fagområde habilitering vert det samarbeidd godt med helsestasjon og jordmortenesta. Fysioterapeut deltek på barselsgrupper med informasjon om barn sin motorikk og trening av mødre i barselstida. Det vert også arbeid med oppfølging av einskilde born i skular og barnehagar og i samarbeid med spsialisthelsetenesta. Aktiviteten i meldingsåret har vorte redusert som følgje av Covid19.

Når det gjeld førebyggjande arbeid så har me ikkje kunna gjennomført gruppetreningar for eldre i 2020. Det er positivt at me i samarbeid med skulehelsetenesta har gjennomført screening av motorikk for 1. klassingar. Det er også etablert to sansemotoriske grupper for dette klassetrinnet med trening ein gong per veke. Aktivitetskalender: «BARN I LEIK OG RØRSLE» vart også teke i bruk i 2020. Det har vore ei utfordring at kommunefysioterapeut manglar faste treffpunkt med skulen og PP tenesta for å få betre samhandling til beste for den einskilde elev, samt plan-/samarbeid med lærarar om felles opplegg og fysisk aktivitet i fag- og/eller gymtimar. Dette vert å arbeida vidare med. «Sansemotorikk for barnehage og småskule» bør løftast opp på administrativt og politisk nivå då oppfølging/innføring av opplegget i full skala vil krevja auka ressursar til fysioterapitenesta, samt kompetanseheving av barnehagepersonalet, jf. Gausdalmodellen. Motorisk kompetanse er viktig for læring, psykisk helse og korleis barn utviklar seg sosialt. Tilbodet er i tråd med folkehelseilrådingar om tidleg innsats, systemtiltak og utjamning av ulikheit i helse.

Revidert Plan for habilitering og rehabilitering i Tysnes kommune vart godkjent i 2019, og har vore utgangspunkt for prosedyrar og tverrfagleg samarbeid i meldingsåret. Dette arbeidet er no i gang.

**Tab 4.19: Nøkkeltal fysioterapi**

	Tysnes					Kostra	Hordaland
	2016	2017	2018	2019	2020	gr. 2 2020	2020
<b>Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten</b>	12,8	13,5	13,4	12,5	12,3	11,4	9,6

#### 4.3.2.5 Ergoterapi

Ergoterapitenesta består av ein ergoterapeut i 80% stilling. Ergoterapeuten arbeider med kartlegging av funksjon, funksjonstrening, tilrettelegging og førebygging. Habilitering og rehabilitering. Det vert også utt rettleing i høve til bustadendring, tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak og tiltak som stimulerer til aktivitet og deltaking. Ergoterapeuten er med i tverrfagleg Inntaks – og rehabiliteringsteam, er kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen (HMS) og bindeledd til Tysnes Industri. Ergoterapeuten bistår hjelpemiddelrekvirentar i Tysnes kommune i høve til enklare hjelpemiddel.

Ergoterapeuten har ansvar for å formidle kontakt mellom privatpraktiserande logoped og vaksne med behov for den type teneste. Det har ikkje vore meldt behov for logopedteneste for vaksne i løpet av 2020.

Tysnes kommune har avtale med Tysnes Industri ang mottak, levering, lagring og retur av hjelpemiddel, i tillegg til montering, enkle reparasjonar samt tilpassingar. Frå hausten 2019 til mars 2020 var det mangel på teknisk personell ved Tysnes Industri, som påverka samhandlinga kring hjelpemiddel. Etter mars 2020 har det vore fast vikar. Samarbeidet med Tysnes Industri er generelt godt etablert og fungerer svært bra.

Koronasituasjonen har ført til at ergoterapitenesta ikkje har latt seg drifte som normalt. Heimekontor, opplæring i heimesjukepleien, lang reiseveg frå heimekontor (når kontoret har vore i bruk av legetenesta), karantene, ferieavvikling samt lav terskel for eigenmelding/heimekontor ved luftvegssymptom har ført til at tenesta har vore ustabil. Mykje har latt seg gjennomføra, men det var likevel ein del som krevde fysisk kartlegging ved heimebesøk og måtte vente. Dermed vart ventelista lang og nokre brukarar vart nøydd å vente i fleire månader før dei fekk oppfølging.

I samband med revidering av plan for habilitering og rehabilitering for Tysnes kommune «saman om meistring» i 2019, uttrykte eldrerådet ønske om at det skal bli tilbod om førebyggjande heimebesøk til eldre på Tysnes. Februar 2020 vart det vedteke av kommunestyret at det skal årleg bli tilbod om førebyggjande heimebesøk til dei som fyller 77 år. Prosjektgruppa vart sett saman av ergoterapeut, brannsjef samt fagsjukepleiar open omsorg. Målet med ordninga var å utgreie behov for tilrettelegging av bustad slik at eldre kan bu heime lengst mogeleg, samt tiltak kring ivaretaking av helse og branntryggleik. Førebyggjande heimebesøk vart planlagt og gjennomført i løpet av hausten og 24 stykk fekk tilbod. Det var totalt tre - fire stykk som tok i mot. Erfaringa gruppa gjorde seg vart i etterkant lagt fram for eldrerådet og tenesteutvalet.

Det har vore snakk om i lang tid å gjere ergoterapi lovpålagt i kommunane. Frå og med 1. januar 2020 er det blitt lovpålagt for alle kommunar å tilby ergoterapi. Tysnes kommune har vore tidleg ute med å opprette ergoterapiteneste allereie på midten av 80-talet. Det vil sei Tysnes si befolkning har i lang tid hatt tilgang på ei teneste som kan bistå med tiltak for å meistre kvardagens gjeremål til tross for nedsett funksjonsevne.

### 4.3.3 Pleie- og omsorg

Under dei kommunale pleie- og omsorgstenestene ligg: Institusjon, open omsorg og tenester for funksjonshemma.

Forvaltningsrevisjonen har i 2019 hatt gjennomgang av tenesta med fokus på kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene. Det er mange gode tilbakemeldingar på tenesta, og det vert arbeidd med forbetring av punkt som er påpeika. Dei avvika som vart meldt er lukka i 2020.

Tab 4.22: Nøkkeltal pleie og omsorg

	Tysnes					Kostragr. 2	Landet
	2016	2017	2018	2019	2020	2020	2020
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	36	35,6	38,7	37,4	36,6	36,0	32,1
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, helse- og omsorgstjenesten	32707	33165	37530	39394	37937	41251	29132

#### 4.3.3.1 Institusjon

Rekneskapen syner at drifta dette året overstig budsjetterte midlar med om lag 1.5 mill. Me har framleis fokus på nøktern bruk av lønsmidlar, men har mellom anna hatt utfordringar i samband med pandemien. Dette har påverka både personellbehov og inntekter frå brukarbetaling.

Tysnes omsorgssenter har gjennom året vore prega av Covid-19 pandemien i høg grad. Sjølv om me ikkje fekk utbrot, erfarte me at mangel på smittevernustyr og innføring av nye rutinar sette store krav til oss. Eigen kohort for isolasjon av evt smitta pasientar førde til tap av brukarbetaling. Forventningar inn i 2021 er at drifta gradvis går attende i normal modus, og at budsjett og rekneskap samsvarar betre i det nye året.

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore varierende gjennom året. Me ser framleis at det er utfordrande med ny rekruttering. Både mindre helgeavløysarstillingar og store stillingsheimlar er krevjande å fylle med kompetent personell. Me har i løpet av året gjeve støtte til 5 tilsette som har starta løpet mot fagbrev innan helsefag.

Det er samstundes viktig å understreka at me har ein solid stab av «kjernetilsette» i verksemda, og stabile tilhøve på leiarsida. Me gler oss også over at det samla sjukefråværet på eininga gjekk ned frå 11,49 % i 2019 til 7,26 % i 2020.

Ein del permisjonar, vikariat og vakante helger gjer at det framleis er naudsynt med bruk av vikarbyrå. Me har nytta vikarbyrå gjennom heile året og i ferietida hadde vi rundt 10 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Prosjekt 100 %, auka grunnbemanning har fokus i høve til å gje grunnlag for å redusera vikarinntak. Det er ennå for tidleg å måla effekten av dette arbeidet.

Oppbygging (og nedbygging) av ein eigen «koronaavdeling» i gamle sjukeheimen medførte ekstra ressursbruk. Inndeling av kohortar i omsorgssenter gjorde at me ikkje kunne bruke personale på tvers av avdelingar. Besøksrutinar i samband med smittevern har medført auka tidsbruk. I samband med nedstenginga i vår vart det gjennomført opplæring av personell frå andre deler av verksemda noko som og krevde ekstra ressursbruk.

Det vart arbeidd systematisk med internkontroll og kvalitetsutvikling og kultur for avviksregistrering og revisjon av rutinar. Tilbakemeldingar frå brukarar er jamt over gode! Det vart gjennomført møte med dei to bebuarrepresentantane om lag kvar 3. månad. I september vart det ivitert til stormøte for bebuarar og pårørande der dei var invitert til å gje innspel til drifta og tilbodet. Om lag 15 personar møtte. Det vart også utarbeidd ein informasjonsbrosjyre om omsorgssenteret noko som tidlegare har vore etterspurt. Smitteverntiltak har ført til redusert dagaktivitetstilbod gjennom året og har også hatt innverknad på kulturarrangement og vitjing av bebuarar.

ØHD<sup>v</sup> tilbodet pålegg oss å ha sjukepleiar på vakt heile døgeret, dette tilbodet har hatt stor auke siste året. Tilbodet var i bruk i til saman 81 døgn, dette er ei monaleg auke samalikna med 2019 (21 d.) og 2017 (46 d.).

2020 vart eit driftsår i unntakstilstand, og vi har ein arbeidsstokk som har stått på, og synt seg i stand til å møte kriser og nye krav på ein god måte. Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leiing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møta utfordringane.

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlegheit, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Tenesta skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det "holde hardt" innafor dei ressursane vi har til rådvelde.

---

<sup>v</sup> Øyeblikkeleg Hjelp Døgntilbod.

**Tab 4.23: Nøkkeltal – Institusjon**

	Tysnes					Kostragr. 2	Landet u. Oslo
	2016	2017	2018	2019	2020	2020	2020
<b>Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon</b>	13,9	11,7	-	-	9,8	-	-
<b>Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass</b>	934 868	1 227 862	1 402 655	1 464 483	1 443 724	1 233 334	1 292 601

#### 4.3.3.2 Open omsorg

Open omsorg sitt brukargrunnlag er omlag 170 brukarar i heimesjukepleie og heimehjelp. Me har ansvar for drift av 60 tryggleiksalarmar. Me yt teneste til alle aldersgrupper, men har størst brukargrunnlag av eldre. Primæroppgåva er nødvendig helsehjelp til grunnleggande behov og i form av praktisk bistand slik at brukarane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

Gjennom året har me sett at brukarane som kjem frå sjukehus har eit større hjelpebehov, meir samansette problemstillingar og krev meir fagkompetanse. Det er og ofte eitt ynskje frå brukarane å få vere i eigen heim. Brukarane har ein høg alder og auka redusert eigenomsorgsevne slik at det i periodar har vore naudsynt å styrkja talet på tilsette, då særleg på helg.

Sidan mars 2020 har tenesta hatt ekstra fokus på smittevern og i starten var det lite tilgang på smittevernutstyr. Dette betra seg utover året. Det har vært utfordrande for møtevirksomhet, fagutvikling og kompetanseheving, Dette har i periodar vore ei belastning for dei tilsette. Det blei ei betring frå hausten, då me fekk gjenopppta samlingar i eiga eining.

Me har gjennom 2020 hatt fleire tilsette ute i ulike permisjonar og rekruttering inn i vikarstillingar har vore utfordrande. Fagleiar vart tilsett februar 2020, men kunne ikkje tiltre før i september grunna andre kommunale oppgåver. To av sjukepleiarstillingane blei auka opp til 100 %, som følgje av dette har no alle sjukepleiarane i open omsorg ynskja stillingsstoreleik. Det har vist seg å vera utfordrande med lokal rekruttering i tenesta, både i faste stillingar og ved sjukefråvær og me har sett oss nøydd til å nytta oss av vikarbyrå gjennom heile året for å kunne gje forsvarleg helsehjelp.

Rekneskapen syner at drifta dette året overstig budsjetterte midlar med om lag 2 mill. Opplæring av fagsjukepleiar, vakante stillingar og ein del langvarig fråvær i større stillingar som kan forklare noko av dette.

Me har gjennom 2020 hatt fleire tilsette ute i ulike permisjonar og rekruttering inn i vikarstillingar har vore utfordrande. Fagleiar vart tilsett februar 2020, men kunne ikkje tiltre før i september grunna andre kommunale oppgåver. To av sjukepleiarstillingane blei auka opp til 100 %, som følgje av dette har no alle sjukepleiarane i open omsorg ynskja stillingsstoreleik. Det har vist seg å vera utfordrande med lokal rekruttering i tenesta, både i faste stillingar og ved sjukefråvær og me har sett oss nøydd til å nytta oss av vikarbyrå gjennom heile året for å kunne gje forsvarleg helsehjelp.

#### Kreftkoordinator

I mars 2020 gjekk Therece Aga inn i 20 % stilling som kreftkoordinator. Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod og krev ikkje vedtak. Helse Fonna og Helse Bergen har kontakt informasjon og har henvist pasientar. Pasientar har og tatt kontakt sjølv, dei har funne informasjon på kommunen sine nettsider. Det har i perioden vore kontakt med 9 pasientar og deira pårørande. Samtalar, råd og rettleiing. Vurdering av hjelpebehov, i nokre tilfelle har det vore planlagt og tilrettelagt for heimedød. Samhandlingsmøter og fagutvikling har vore redusert og utsatt dette året på grunn av situasjonen med covid -19.

#### Omsorg pluss

Bustader tilknytt Tysnes omsorgssenter er atterhalde for dei med høgast tenestebehov.

Kriterier for tildeling vert gjort etter lokal forskrift, av 13.06.17: «Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Tysnes kommune». Desse bustadene vert drifta etter konsept for Omsorg pluss.

#### Trygde- og omsorgsbustader

Trygde- og omsorgsbustader me har til disposisjon har vore utleigd gjennom 2020. Ein har stort sett greidd å stette behov og søknader, og nokre har takka nei når dei har fått tilbod. Det er p.t. ingen formell venteliste på å få tildelt bustad.

### 4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufelleskap og dagsenter.



### Haugen bufellesskap

Haugen bufellesskap har ansvar for 6 bebuarar (5 bebuarar etter mars) i ulike aldersgrupper og oppfølging av 1 tenestemottakar utanfor bufellesskapet. 4 av tenestemottakarane har tett oppfølging med tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Me har ein vaken nattevakt som dekker behovet til alle i bufellesskapet. Me har også dette året fått hjelp av nattpatruljen (frå omsorgssenteret) til stell av ein brukar på natta. Denne brukaren blei gradvis sjukare og døydde i mars. Me fekk god hjelp av nattpatruljen, omsorgssenteret og heimesjukepleien, slik att bebuaren fekk vere i heimen sin med trygge kjente personale rundt seg. Dette var viktig for oss og for familien. Ein av tenestemottakarane er blitt meir pleietrengande, og kvardagen blir lagt opp etter dagsformen.

Me har stadig fokus på å styrke arbeidsmiljø for å redusere sjukefråværet. 2020 har det vært mykje fråvær grunna karantenetid, luftvegssymptom og testing. Me ser att fråværet har i periodar vært svært høgt og det har vært vanskeleg å dekke inn alle vaktene Me har nokre tilsette som har permisjon frå delar av stillinga si og nokre vakante helgestillingar gjennom året. Ein tilsett har gått av med pensjon, og me var så heldig å fekk tilsett ein vernepleiar i stillinga. Ein tilsett tek vidareutdanning innan miljøarbeid i tenester for menneske med utviklingshemming.

Me var påmeldt SOR konferansen<sup>vi</sup>, men den blei avlyst. Det har blitt gjennomført digitale kurs frå NHI-læringsporttal, med blant anna korona, legemiddelhandsaming, førebygging av tvang og makt ved utviklingshemming. Alle tilsette tilgang til VAR, nettbasert oppdatert prosedyre og kunnskapsbase for helsetenesta. Me har fagteam ca 3 gantar i månaden, der me diskuterer ulike problemstillingar hos tenestemottakarane. Og me jobbar kontinuerlig for å yte eit godt miljøarbeid.

Etter nedstenginga i mars var tenestemottakarane utan dagsenter og jobbtillbud. Me kalla det «heimkontor» og dagsenter personalet laga aktivitetsplanar som blei gjennomført i bustadane. Dette vart godt mottatt, og dei tilpassa seg den nye situasjonen raskt. Denne sommaren blei det ingen aktivitetsleir, men små utflukter til Bergen og Rosendal fekk me gjennomført.

### Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka bufellesskap hadde i store deler av 2020 ansvar for 5 bebuarar i ulike aldersgrupper. Me har 2 tenestemottakarar som har tett oppfølging, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Nokre av bebuarane er blitt meir pleietrengande, og treng såleis meir oppfølging med stell og somatiske tilstandar. Me har i periodar, grunna alvorleg helsetilstand hhjåos ein bebuar, gjennomført ekstra tilsyn på natt. I løpet av 2020 vart det

---

<sup>vi</sup> Konferanse om miljøterapi for personar med utviklingshemming.

til fire bebuarar i Vågsmarka, bufellesskapet fekk då to ledige bustader. Me hadde i 2020 to kvilande nattevakter, den eine nattevakta var tilknytta ein bebuar. Det har vore starta ein prosess for å sjå på nattevaktsstrukturen i bufellesskapet og to kvilande nattevakter er frå 2021 omgjort til ei vaken nattevakt.

2020 var «anderledesåret», der mykje blei forandra grunna covid-19. Fokuset på smittevern og prosedyrar har vore, og er høgt. Alt personal har kursa seg over nettet i høve smittevernsrutiner og covid -19. Dagsenter og ulike fritidsaktiviteter, slik som til dømes klubb *Fritio* vart stengt ein lang periode. Hovudfokus var å oppretthalde og lage ein så stabil kvardag som mogeleg. Dette er særst viktig for vår brukargruppe. Det er godt samarbeid mellom bufellesskapa og dagsenteret. Ressursar frå dagsenteret vart sett inn i bufellesskapa under nedstenginga. Ein av dei ledige bustadane er gjort om til fellesareal, noko som har vore svært viktig både i denne perioden og for framtida.

Bufellesskapet har ikkje vore stengt for besøk gjennom denne perioden, og me har hatt god kommunikasjon og samarbeid med pårørande og verjer. Til tider har det vore anbefalt med lite besøk då mange av brukarane våre er i risikogruppa.

Dei tilsette har fått uniformer noko som har vore vurdert som eit naudsyn smittevernstiltak. Det er laga til garderobe i soverommet i fellesbustad. Det har vore utfordrande å ikkje kunne samlast til faste møtepunkt som personalmøte og fagteam. Men ein har prøvd å få til mindre møtepunkt innanfor dei gitte smittevernsreglane. Noko har foregått over teams.

Vågsmarka har ein relativt ung arbeidsstokk. Det er to personal over 60 år. Me har mange som går i mindre stillingar, og som stiller opp og tar ekstra vakter ved behov. Det er til tider likevel utfordrande å ha rett bemanning på jobb til ei kvar tid med hensyn til vedtak og krav frå Fylkesmannen. Men ein har fått det til innanfor rammene ved at personale er fleksibelt. Dette vil også verte lettare, sidan ein no har fått inn meir fagkompetanse. Me har fokus på sjukefråvær, og tilbyr tilrettelegging for arbeidstakarar med behov for dette.

#### Dagsenteret

Det er dagsenteret ilag med 4 tenestemottakarar som held drift i Maka kafe gjennom året.

Dagsenteret har tilbod til 13 personar. Fleire av tenestemottakarane er blitt eldre, og nyttar ikkje dagsentertilbodet på same måte som før. Det har ført til att me må tenke nye løysingar og være meir fleksibel i forhold til kva dagsform dei er i.

Då samfunnet stengte ned i mars blei også dagsenteret stengt. Me hadde eit samarbeidsmøte om korleis me kunne løyse dette, og dagsenterpersonalet blei fordelt i bustadane. Dagsenterpersonalet laga aktivitetsplaner og tok dei ulike tenestemottakarane med på utflukt og ulike aktivitetar. Det blei mange turar i det fine veret. Personalet synes det var kjekt å samarbeide enda tettare med personalet i bustad og møt tenestemottakarane på sine arenaer. Me opna forsiktig opp dagsenteret att i august, og opna kafe drifta først for to dagar og har etterkvart auka til tre dagar. Alle synes det har vore godt å møtast igjen.

#### Brukarstyrt personleg assistent

Me har 2 brukarar som har tenesta organisert som Bpa (brukarstyrt personleg assistanse), og har valt Uloba som leverandør.

Utover dette vert det også gjeve tilbod om støttekontakt, avlastning, omsorgstønad.

#### 4.3.4 NAV og flyktingtenesta

Kjerneoppgåvene i NAV/flyktingtenesta er økonomisk sosialhjelp, økonomisk rettleiing, gjennomføring av kvalifiseringsprogrammet, aktivitetsplikt, mellombels bustad, startlån og tilskott og oppfølging av rusklientar, introduksjonsprogram, busetting og integrering av flyktingar.

For 2020 har me ikkje busett eller motteke flyktingar til familiesameining. Me vil heller ikkje ta i mot nye flyktingar i 2021. Flyktingtenesta er redusert til 0,8 stilling, som ivaretek dei flyktingane som enno er i introduksjonsprogrammet, samstundes som ein søker å følgje opp etter avslutta program.

NAV har hatt eit annleis år, som så mange andre organisasjonar i 2020. Me har forsøkt å nytta statleg arbeidsmarknadstiltak til aktivitetsplikt. Språk-krava for dei statlege tiltaka er auka, noko som har ekskludert fleire av tenestemottakarane. I mars vart mange av tiltaka stoppa på grunn av pandemien, men me fekk etter kvart i gang digitale aktivitetstilbod. NAV har hatt stort fokus på tilgjenge for å kunne ivareta alle grupper under den pågåande pandemien, og har til trass for nedstenginga vore tilgjengeleg digitalt, på video, via fellestenesta og pr telefon og epost. Det har vore ei bratt digital læringskurve, men det har også gitt oss noko effektivisering i form av mindre reisetid og digitale samarbeids- og brukarmøter.

Det er fortsatt fokus på å redusere barnefattigdom. Pandemien har gjort at fleire familiar har redusert inntekt, og mange av dei som har hatt låg tilknytning til arbeidslivet har mista denne. Det har vore ein auke i utbetaling av sosialhjelp, men gode ordningar frå mellom anna bustøtte og dagpengar har kompensert noko. For NAV sin del er det viktigaste middelet mot fattigdom å få arbeidssøkjande stønadmottakarar i arbeid, og å vurdere barnefamiliar spesielt. NAV Tysnes har i 2020 hatt fokus på samarbeid med arbeidsgjevarar som gjev gode moglegheiter for formidling og lokale tiltaksplasser. Ein har fått eit nytt digitalt rekrutteringsverktøy som lettar dette arbeidet.

Flyktingtenesta har ikkje motteke flyktingar i 2020, men har hatt fokus på å drifte programmet og følgje opp dei flyktingane som er busett i kommunen. I januar avslutta ein flykting til kombinasjonen VGS og jobb. Sumaren 2020 hadde to av flyktingane overgang til VGS studieførebuande, og to fortsette i grunnskuleløp. Frå 1. september 2020 har flyktingtenesta to i introduksjonsprogram. Desse går på grunnskule

i Bjørnaffjorden. Dei har leksehjelp to kveldar i veka. Dette er eit ope tilbod også for dei andre som går på grunnskule. Flyktingtenesta har samtalar med flyktingane etter avtale på kveldstid, for at det ikkje skal gå ut over den daglege kvalifiseringa.

#### Utvikling:

For 2021 har NAV som mål at særskilt arbeidsretta bistand skal rettast mot heilt ledige, og personer med nedsett arbeidsevne under 30 år, flyktingar og tidleg avklaring for personar med nedsett arbeidsevne. Ein vil gjere individuelle og konkrete vurderingar av hjelpebehov, og vere tilgjengeleg for, og ivareta dei vanskelegast stilte. I dette ligg spesielt barnefamiljar. Ein kan anta at dei økonomiske konsekvensane for privatpersonar ikkje fullt ut har fått vise seg enno, t.d. permitterte eller oppsagte som enno har rett på dagpengar, men som har mindre i inntekt enn tidlegare.

Fylkesmannen føl med på oss i høve til tilgjengelet i sosialtenesta, og bruk av KVP. Ved smitteverntiltak som går ut over tilgjenge søker me å være tilgjengeleg via kommunen si fellesteneste, og dei digitale verkemidla me har. NAV Tysnes har hatt tilsette tilgjengeleg under heile pandemien. Me vil ha eit mål om å redusere stønadslengd på sosialhjelp, og sette føremålstenleg kvalifisering og/eller aktivitet som vilkår for sosialhjelp. Vidare vil me ha fokus på heilskapelege tenester innan rus/psykiatri og førebygging av dette. Tida vil vise om vaksinerings vil gi ønska effekt, slik at arbeidsliv og oppfølging kan normaliserast.

Tab 4.26 Tal sosialtenesta	2016	2017	2018	2019	2020
Mottakarar – sosialhjelp	61	55	58	48	55
18-24 år	10	7	2	-	5
24-66 år	51	48	56	48	50
Mottakarar med stønad over 6 md	18	..	..	14	17
Snitt utbetaling per stønadsmånad	7277	6558	8814	10728	-
Økonomisk rettleiing utan stønad	7	5	4	3	3

#### 4.3.5 Frivilligsentralen

Tysnes Frivilligsentral lager eiga årsmelding som vert lagt fram for møte i formannskapet 25.03.21. Det er gjort eit svært godt arbeid innanfor denne tenesta og me oppmodar om å lesa meldinga i sin heilskap

## 4.4 Landbruk og teknisk

Budsjettkapitleg er delt i tre einingar; ei eining for brann, ei for drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

### 4.4.1 Eining for forvaltning

Under eining forvaltning ligg plan- og byggesaksavdeling, kart – og oppmålingsavdeling og landbruk. Bjørnefjorden Landbrukskontor er felles for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes.

Eininga er sekretariat for utval landbruk/teknisk, utvalet handsamar saker innan eininga sitt samla arbeidsområde. Det vart handsama 80 politiske saker i meldingsåret.

*Tabell 4.4.1: Saker til politisk handsaming*

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2019
Utval for landbruk/ Teknisk	130	91	105	144	117	103	80

Eininga er sekretariat for utval landbruk/teknisk, utvalet handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde. Tabellen angjev alle type saker som har vore handsama politisk innan eining for forvaltning sitt ansvarsområde.

#### 4.4.1.1 Plan og byggjesak

Forutan politiske saker vert ein del saker også handsama å delegasjon, tabellen under angjev saker som er handsama etter plan- og bygningsloven og forureiningsforskrifta. For saker handsama etter anna lovverk slik som til dømes jordlova og skoglov vert det vist til andre programområder.

Tabell 4.4.2: Handsama saker etter plan og bygningslova

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Total saksmengd	259	248	280	296	280	289	324	254	248
Delegasjonssaker	139	96	160	207	189	184	218	117	145

2020 vart for Eining forvaltning og då sær for byggesak, eit spesielt år på fleire områder. Byggesak har hatt til handsaming nokre saker i 2020 som har vore ekstra krevjande og som ein har brukt mykje unødig tid på. Dette har gått utover oppfølging av førespurnadar, søknader og andre saker generelt.

Det har derfor vore gjennomført ein del møter via «teams». Teams har og vore nytta til gjennomføring av møter generelt gjennom resten av året og uavhengig av om eininga har heima-kontor. Korona-situasjonen har ikkje gått utover sakshandsaming av motteke søknadar. Det er gjennom 2020 blitt meir fokus på å gjennomføra digitale førehandskonferansar noko som over tid vil vera vera positivt både for brukarane og for verksemda.

Eining forvaltning v/byggesak har opplevd delar året 2020 som ei stor belastning i høve til opplevd arbeidssituasjon. Byggesak har opplevd å få kritikk mykje kritikk og ei svært høv eksponering. Det toppa seg i samband med saka på Vågsneset som kom siglande inn under nedstenginga i vår. For å sikra at me i ettertid fekk ein heilskapleg gjennomgang av saka og at me tok med oss læringspunkt vidare vart det tinga ei uavhengig og heilskapleg gjennomgang av saka gjennom advokatfirmaet Harris. Advokatfirma konkluderte i rapporten med at «Byggjesaka i Vågsneset» vart handsama i samsvar med lovverk, og at:

*«Det som skil denne saka frå andre saker er at saka undervegs er blitt veldig eksponert sidan søkjar vender seg direkte til politikarar og lokalavisa, konkluderer advokatfirmaet.»*

Advokatfirmaet peikar vidare på at saka har utfordra den grunnleggjande tilliten mellom politisk nivå og administrasjonen i kommunen og ført til eit stort press på administrasjonen, og truleg også på politiske representantar.

Rapporten gjev viktige læringspunkt både for politikarar og administrasjon og me vil rå til at den vert lesen.

Vidare har kvalitet på handsaming plan og byggesaker vore drøfta i fleire møter i tenesteutval i 2020. Det vart teke initiativ til eit forbettringsarbeid i høve til brukaropplevd kvalitet. Dette er eit arbeid som i seg sjølv har krevd mykje tid og saman med andre krevjande saker og ein høg grad av eksponering har ført til tidspress og ein krevjande arbeidssituasjon for dei tilsette. Eining forvaltning v/plan og byggesaksavdeling har og starta opp arbeid med å gå gjennom rutinar og kva som kan gjerast for å bli betre, for å yta best mogleg service og tenester til brukarar.

Ein samla situasjon har gjeve lengre sakshandsamingstid på innkomne saker og andre førespurnader enn normalt. Avdeling plan og byggesak har prøvd å prioritera saker knytt til søknader om nye bustadhus og næring, og elles teke andre saker så snart som råd. Dei seinare år har det vore arbeid med å byggja opp kompetanse i avløpssaker og dette vil vera ei vidare fokus også i 2021.

Når det gjeld sakshandsamingstid så er det 15 dagar for søknade med tre vekers frist, alle søknader som tilfredsstilte krava til tre vekers frist vart handsama innanfor denne. Totalt vart det handsama 59 slike saker. Gjennomsnittleg handsamingstid for saker med 12 vekers frist var 76 dagar.

Av regleringsplanar ligg det føre slike planar, plan for Svarvahella vart vedteken, dei andre er ennå i prosess.

Elsakervågen - oppstart – offentlig ettersyn – dialogmøte - Tiltakshaver: Tysnes Kommune

Fiskerihamn naustområde Skorpo – oppstart – offentlig ettersyn – dialogmøte Tiltakshaver: privat

Svarvahella – revidering av planframlegg – godkjenning i kommunestyret- Tiltakshaver: privat

#### 4.4.1.2 Kart og oppmåling

Til tross for nedstening i mars 2020, vart drifta av kart og oppmålingsavdelinga i stor grad gjennomført på vanleg måte. Oppmålingsforretningar vart halde i tråd med gjeldande retningslinjer for avstandskrav og kun ein forretning måtte utsetjast / forskyvast til ny dato. Deler av kontorarbeidet vart utført på heimekontor.

Budsjetterte gebyrinntekt er for høgt i forhold til antal saker som kjem inn og gebyret me tar for den enkelte saken. Likevel har budsjettet vore i balanse grunna mindre utgifter, enn det som var budsjettert.

Tabell 4.4.3: Utvikling av gebyrinntekter

	2016	2017	2018	2019	2020
Budsjett	1.239.996	1.200.000	1.200.000	1.340.000	<b>1.366.800</b>
Rekneskap	1.040.384	1.240.604	897.450	895.440	<b>1.145.720</b>

#### Kartlegging

Til tross for COVID 19 situasjonen vart omløpsfotografering (Prosjekt LACHVL05) gjennomført i tråd med planen i Geovekstavtalen. Nye fotodata skal leverast i løpet av 2021.

Det vart også starta eit nytt prosjekt om historiske ortofoto (Prosjekt LACHVL06). Denne gangen er det flyfoto frå rund 1980 som skal skannast, georeferast og gjort tilgjengelig.

#### Ajourføring

Det vart vanleg vedlikehald og ajourføring av FKB-data gjennomført av dei ansatte i Kart og oppmålinga. Hovudsaklig i datasett for bygningar, veg og tiltak.

Kommunen sliter fortsatt med å få inn «as-built» data frå oppførte byggverk og «melding om bygning unnateke søknadsplikt» samt «søknad om ferdigattest». Dette fører til forsinka ajourføring av byggbasen og matrikkeldata. Det vart gjennomført eit synfaringssprosjekt frå eigedomsskatteavdeling i 2020, som gir mange nyttige data til ajourføring av kartet. Synfaring har vore utsatt noen veker pga. COVID 19, men registreringsarbeidet har starta opp i slutten 2020.



Tabell 4.4.3: Oppmålingssaker

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Rekvirerte saker	40	74	66	52	41	54
Fullførte saker	63	63	72	63	47	55
Trend samla saksmengde	-23	+11	-6	-11	-6	-1

Største delen av saker var arealoverføringer (18) og oppretting av nye eigedommar (16). Det vart også gjennomført grensejusteringar (2), samanslåingar (6), samt oppretting av eigarseksjoner (3). Resten var andre saker som matrikulering, nymerking, klarlegging, m.m. (10).

#### Adressering og skilting:

Det ligg fortsatt nokre adressenamn hos stadnamntenesta for godkjenning. Dette gjeld hovudsakelig områdenamn med o-endingar.

Kommunen har rund 96 matrikkeladresser som ikkje er gått over til vegadressar (3 %). Dei meste ligg på øyer og holmar. Alle dei kan gå over til vegadresse i 2021, føresett at kartverket gjer vedtak om stavemåten. Adresser er særlig etterspurt for postttersending, sidan dei fleste adresser er knytt til fritidsbustader.

I takt med vanleg tildeling av nye vegadresser, vart det også utført ein del vedlikehald av skiltplan og skilt. Dette er eit samarbeid mellom Kart og oppmålinga og Drift og Vedlikehaldsavdeling. Kommunen har pt. 3.134 vegadresser.

.

#### Kommunale bustadtomter:

Det vart seld/skøytt 5 tomter i 2020. 1 tomt er under frådeling / sal. For tida er 12 kommunale bustadtomter ledige. Det er 5 ledige tomter i Vågsmarka VI og 6 i Kattaland, samt 1 i Jensvoll I.

#### 4.4.1.3 Landbruk

Me har ei stor oppgåve i å handsame søknadar for tildeling av midlar frå landbruksoppgjæret, og skal både være hjelparar og rådgjevarar og dele ut midlar og kontrollere at midlane vert delt ut riktig. Å både vere hjelpar og kontrollør kan vere vanskeleg og etisk utfordrande, men tilbakemeldingane tyder på at vi klarer å skilje mellom oppgåvene på ein tydeleg og god måte.

#### 4.4.2 Eining for brann og redning

I samband med ei organisasjonsendring i 2020 vart brann og redning igjeuen skilt ut som ei eigen eining. Eininga vert leia av brannsjefen.


##### 4.4.2.1 Brann og redningsteneste

Arbeidet med ny brannordning vart fullført og godkjent i kommunestyret, denne er no sendt til Dsb for godkjenning. Dette er eit viktig og godt dokument som peikar ut retninga for Tysnes brann og redning både for beredskap og forebyggjande arbeid i åra som kjem. Samarbeidet i Vest brann og redningsregion held fra,, her opplever ein økt samhandling mellom dei ulike fagutvalga innan beredskap , forebyggjande og naudmeldetenesta. Eit av fokusa er samhandling for å auke evna til å handtere større hendingar som dreg ut i tid. Dette er viktig for oss som eit lite brannvesen , me har kapasitet og kompetanse til å handtere dei fleste mindre hendingar som husbrannar og trafikkulukker, men har behov for samarbeid og tilførte ressursar og kompetanse ved større hendingar. Samøvingar med andre naudetatar er sett på vent i samband med smittesituasjonen.

Tysnes brann og redning hadde totalt 45 oppdrag i 2020. To av oppdraga var husbrannar med totalskada hus som utfall, men utan alvorleg personskade. Ein av desse var brann i fritidsbustad på ei øy der me var avhengig av båt. Tysnes brann og redning disponerar ikkje eigen båt i dag og kombinasjon av tilfeldigheter og kjennskap til aktuelle båteigara gjer at me kjem oss ut på slike oppdrag.

I ny brannordning vert det peika på behovet for eigen båt i brannvesenet. I den andre husbrannen var marginane små for eit fatalt utfall, i denne brannen omkom diverre ein hund og nokre katter. Mannskapa gjorde ein framifrå jobb i begge brannane og var raskt i innsats. Elles dreg automatiske brannalarmar opp statistikken , her ser me at ein kan gjera eit stykke informasjonsarbeid mot brukara både for å unngå desse , men og korleis brukara handterer ei slik hending.

## Oppdragstype



### *Øvingar*

Som elles i samfunnet sette covid -19 sitt preg på aktiviteten til Tysnes brann og redning, i første fase med opphald i øvingsaktivitet og oppretting av vaktlag for å begrense kontaktsmitte. Etter kvart gjekk me over i meir normalmodus med øvingar i mindre grupper og smitteverntiltak og slik er situasjonen enno. Likevel fekk me gjennomført ein del gode øvingar som ein nedbrenningsøvelse , retrening for akutthjelpara og trafikkøvingar. To mannskap fullførte utrykningssertifikat kurs, medan nokre var på retrening. I desember begynte to mannskap på grunnkurs som vert ferdig juni 2021.

### *Førebyggjande*

Feiing og tilsyn i bustader vart utført etter gjeldande plan av Vestnorske feietenester. Det blei og utført nokre tilsyn i særskilte brannobjekt. Brannsjefen har i tillegg teke del i ordninga med førebyggjande vitjing hjå eldre innbyggjarar saman med pleie og omsorg. Målet med ordninga er at me skal få ein ennå betre oppfølging av heimebuande eldre også med omsyn til branntryggleik.

### *Beredskap*

Beredskapsmessig er brannvesenet på same nivå som forgåande år, med nokre forskjellar. I samsvar med ny brannordning byrja me prosess med å tilsetje to nye mannskap og arbeid med konkurransegrunnlag for innkjøp av ny tankbil.

## 4.4.3 Drift og vedlikehald

Til drift og vedlikehald ligg vedlikehald og reinhald av kommunale bygg, vegar, avløp og kyrkjegardar. Frå og med 2020 er også vassforsyning teke inn som ei fast oppgåve.

### Kommunale bygg

Året 2020 har vore prega av Covid -19 pandemien. Fokus på reinhald av kommunale bygg blei ein viktig faktor for å følgje krava som var satt frå sentralt hald. Reinholdsavdelinga har jobba kontinuerleg med dette. Driftsavdelinga stod for alt det praktiske arbeidet med å setje opp gjerde og telt til barnehagar og skuler, til oppsetting av spritdispensere. Det blei montert fleire nye vaskerenner med berøringsfrie blandebatteri for å tilfredsstillе den auka trongen for handhygiene.

Då skular og barnehagar var stengt kunne drift gjere mykje godt vedlikehalds-og tilsynsarbeid på bygga. Det er utført vedlikehald på trygdebustader i Våge og Uggdal, også med eit strøk utvendig maling.

Eit innleigd firma har malt Tysneshallen, sjukeheimen (Mestringshusene) og Reksteren kyrkje. Tysneshallen er også malt innvendig.

I vår/sommar har drift vore med i logistikkarbeidet med å flytte/ta vare på både fast og laust inventar frå mellomtrinnet av Tysnes skule for montering av dette i det midlertidige brakkebygget. Leikeapparata blei og flytta ned til brakkebygget. Tømming og klargjering av gamle sjukeheimen i samband med ombygging vart gjort i sommarhalvåret med hjelp av sommarvikarar og dei fast tilsette. Drift har vore med i prosessen og vurderer ombyggingsprosessen som god, i dei knapt seks månadene som gjekk med. Det gjekk overraskande raskt, og til ein standard som lett kan driftast vidare.

Årleg service gjennomført på alle bygg. Me har hatt hovedservice på dei fleste ventilasjonsanlegg for å sikre den daglege drifta og levetid på anlegga. Vedlikehald av bygg har hatt hovedefokus.

Av andre ting kan men emna oppussing av omsorgsbustader, etablering av solavskjerming, innføring av nøkkelfrie låssystem med meir.

### Veg

Tysnes kommune har ca. 60 km kommunale vegar der ca. 53 km er asfaltert. Ingen ny asfaltering av veg i 2019. Mindre asfaltarbeid på parkingsplasser m.m.. Det blei utført hovedspeksjon på 11 bruer og 4 kaier i 2019.

På veg har ein jobba med å få auka midlar til asfaltering av kommunale vegar. Grøfterensk har og vore ei prioritert oppgåve. Attgroing langs kommunal veg er ein utfordring, dette er det jobba ein del med. Vegdrift har fått ansvar for oppsetting av veg- og nummerskilt langs vegar i Tysnes, og har fått ansvar for vedlikehald av desse. Maskinparken hadde trong for fornying. Det er i 2021 gjennomført kjøp av ny traktor med god utstyrspakke. Dette vil gjere arbeidsdagane tryggare og meir effektive.

Det vert arbeidd med ny rammeavtale for maskintenester slik som grøfterensk og anna vegarbeid, i tillegg er det sett i gong arbeid for å sikra ein betre rammeavtale i høve til kosting av kommunale vegar.

Me ser at me har trong for ein hovudplan for veg, dette arbeidet vert løyvd midlar til i 2021 og me er komen i gang med det arbeidet!

### Avlaup

Tysnes kommune har 6 pumpestasjoner, 8 større slamavskiljarar og 2 bio-renseanlegg.

I 2020 blei det tilsett ny fagarbeidar på avløp, mens tidligare fagarbeider på avløp gjekk over på bygg. Beredskapsvakt for veg, vatn og avløp er innført for å auke tryggleik for innbyggjarane i kommunen. Telefonnummer for vakt er oppført på Tysnes kommune si heimeside. I høve til dette fagområdet vert arbeidet prioritert opp mot hovudplan for vatn og avlaup.

### Vassforsyning

Frå om med 2020 har Tysnes kommune overteke ansvar for vassforsyning frå Uggdal Vasslag SA og Tysnes Vassverk SA. I samband med overtakinga overtok kommunen også Tysnes Vassdrift AS, personell er verksemdsoverført.

Overtakling av vassverka i Uggdal og Tysnesbygda har vore ein lærerik erfaring for drift og vedlikehald. I 2020 har me hatt ein del utfordringar, men har også fått gjennomført utbetringar og oppgraderingar. Det er også innført nytt varslingsystem til innbyggjarane ved vassbrot eller arbeid på leidningsnettet. Me har også svart opp NVE sine krav til damklassifisering eit arbeid som truleg vil gje noko ekstrakostnader i åra som kjem.

Det er oppretta eit naudvass-samarbeid mellom kommunane, Vestland Sør. Her har me då tilgong til utstyr som vil sikre tilgang til drikkevatt ved brot på vassforsyningsnettet.

Me ser gjennom året at hovudplan for vatn ikkje er god nok, det er lagt opp til revisjon av denne i 2021.

### Kyrkjegardar

I 2019 var det 34 gravferder og 4 urnenedsetjingar. Det har vært utført førefallande vedlikehald på klokketårn, bårhus, gjerde og portar. I 2019 har 70 gamle gravsteiner blitt fjerna i samarbeid med kyrkjekontoret. Dette frigjer plass.

Sommarsesongen er prega av slått på dei 10 kyrkjegardane. Fagarbeidar har her fått positive tilbakemeldingar frå besøkjande på gravplassane.

## 5. AVSLUTNING

Då har me vore gjennom årsmeldinga for 2020. Meldinga skal gje eit bilete av drifta og rammene rundt drifta som gjer kommunestyre i stand til å føre kontroll med den aktiviteten dei har vedteke for året. Det er alltid noko me kunne nytta meir tid og plass til, men det er vanskeleg å samanfatta drifta for ein så stor og kompleks organisasjon utan å også ha ein tanke for omfanget av meldinga.

Me har von om at meldinga også i år har vore ei god lesing!



# **REKNESKAP 2020**

**Tysnes kommune**



## Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen til Tysnes kommune vert utarbeidd i tråd med rekneskapsprinsipp i kommunelova § 48, rekneskapsforskrifta § 7, samt god kommunal rekneskapsskikk.

Rekneskapen er samanfallande med konsolidert rekneskap, då det ikkje er andre rekneskapseiningar enn hovudrekneskapen.

I fylgje forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 7, er all tilgong og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd ført via drifts- eller investeringsrekneskapen (anordningsprinsippet). Det skal ikkje førekoma rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar som berre vert ført i balanserekneskapen.

Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er rekneskapsført brutto, det vil sei at det ikkje er gjort frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene – og omvendt. Vidare er dei tatt med i årsrekneskapen for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje. For utgifter og inntekter som enkeltvis ikkje kan fastsetjast eksakt for tidspunktet for rekneskapsavlegginga, vert det registrert eit anslått beløp. Justering mot korrekt beløp vert føretatt påfylgjande år.

For lån er det den delen av lånet som faktisk er brukt, som vert ført i investeringsrekneskapen. Ubrukte lånemidlar er registrert som memoriapost.

### **Klassifiserings- og vurderingsreglar for anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld**

I tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8, er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Desse er ført som langsiktige eigedelar i balanserekneskapen. Eigedelar som ikkje oppfyller kravet til varig eige eller bruk, vert klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost og omløpsmidlar til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi (lågaste verdis prinsipp). Lågaste verdis prinsipp vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring.

Anleggsmidlar med avgrensa levetid, vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivingsperioden er i tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8 andre ledd. Avskrivning startar seinast året etter at anleggsmiddelet er anskaffa eller tatt i bruk. Ved verdifall som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet nedskreve til verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til verkeleg verdi.

Gjeld som er tatt opp med formål i tråd med kommunelova § 50 vert klassifisert som langsiktig. Anna gjeld er kortsiktig. Langsiktig gjeld vert vurdert til opptakskost, og vert oppskriven ved varig aukning i forpliktinga. Kortsiktig gjeld vert vurdert til høgaste av opptakskost og verkeleg verdi. Dette vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring. Der kortsiktig gjeld vert vurdert likt som marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert det vurdert til verkeleg verdi.

### **Tap på fordringar**

Kundefordringar vert vurdert til pålydande verdi med frådrag for mogelege tap. Det vert årleg føreteke ein gjennomgang av kundemassen og konstaterte tap skal utgiftsførast. I tillegg vert det føreteke ein konkret gjennomgang av kundemassen for å kunne føreta ei avsetjing på kundar der risikoen for tap føreligg.

### **Meirverdiavgift**

For dei relevante tenesteområda vert det nytta reglar i tråd med meirverdiavgiftslova. Dette gjeld sjølvkostområda kloakk, slam, renovasjon og feiing.

For dei øvrige tenesteområder vert det kravd meirverdiavgiftskompensasjon.

### **Sjølvkostutrekningar**

Sjølvkost er fastsett i tråd med retningslinjer av Kommunal- og Regiondepartementet som framkjem i dokument H2140 (2003).

### **Pensjonar**

Pensjonar vert ført i tråd med rekneskapsforskrifta § 13 om rekneskapsføring av pensjon.

**Bevilgningsoversikt drift**  
**Tysnes kommune 2020**

Tal i 1000 kr

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Reg. budsjett 2020	Oppr. budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Rammetilskot	-111 559	-112 974	-111 774	-100 294
Inntekt- og formuesskatt	-94 663	-93 906	-93 906	-105 762
Eigedomsskatt	-10 757	-10 500	-10 500	-10 757
Andre generelle driftsinntekter	-19 868	-19 833	-762	-3 159
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-236 847</b>	<b>-237 213</b>	<b>-216 942</b>	<b>-219 971</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Sum bevilgning drift, netto	204 131	204 538	202 383	201 552
Avskrivning	11 917	11 762	11 762	11 231
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>216 047</b>	<b>216 300</b>	<b>214 145</b>	<b>212 783</b>
<b>Brutto driftresultat</b>	<b>-20 800</b>	<b>-20 913</b>	<b>-2 797</b>	<b>-7 188</b>
Renteinntekter	-1 593	-1 693	-1 693	-2 035
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0
Renteutgifter	3 856	5 099	5 099	4 533
Avdrag på lån	28 944	29 132	10 061	10 494
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>31 207</b>	<b>32 539</b>	<b>13 468</b>	<b>12 992</b>
Motpost avskrivning	-11 917	-11 762	-11 762	-11 231
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-1 510</b>	<b>-136</b>	<b>-1 091</b>	<b>-5 427</b>
<b>Disponering eller dekking av netto driftsresultat</b>				
Overføring til investering	760	2 190	2 190	752
Netto avsetting til eller bruk av bundne driftsfond	2 248	-480	-480	621
Netto avsetting til eller bruk av disposisjonsfond	-1 499	-1 574	-619	4 054
<b>Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat</b>	<b>1 510</b>	<b>136</b>	<b>1 091</b>	<b>5 427</b>
Kontroll	-0	-0	0	0

**Økonomisk oversikt - Drift**  
**Tysnes kommune 2020**

Tal i 1000 kr

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Regulert budsjett 2020	Oppr. budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Rammetilskot	-111 559	-112 974	-111 774	-100 294
Inntekts- og formuesskatt	-94 663	-93 906	-93 906	-105 762
Eigedomsskatt	-10 757	-10 500	-10 500	-10 757
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-19 868	-19 833	-762	-3 159
Overføringer og tilskot frå andre	-42 095	-22 398	-22 398	-39 809
Brukarbetaling	-9 832	-9 934	-12 366	-11 295
Sals- og leieinntekter	-24 654	-23 036	-23 345	-20 156
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-313 428</b>	<b>-292 582</b>	<b>-275 052</b>	<b>-291 232</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	155 822	153 314	149 049	150 692
Sosiale utgifter	31 922	33 896	41 302	33 943
Kjøp av varer og tenester	75 736	56 004	53 589	71 503
Overføringer og tilskot til andre	17 232	16 692	16 552	16 675
Avskrivning	11 917	11 762	11 762	11 231
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>292 628</b>	<b>271 668</b>	<b>272 254</b>	<b>284 044</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-20 800</b>	<b>-20 913</b>	<b>-2 797</b>	<b>-7 188</b>
<b>FINANS - INNTEKT OG UTGIFTER</b>				
Renteinntekter	-1 593	-1 693	-1 693	-2 035
Utbytte	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0
Renteutgifter	3 856	5 099	5 099	4 533
Avdrag på lån	28 944	29 132	10 061	10 494
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>31 207</b>	<b>32 539</b>	<b>13 468</b>	<b>12 992</b>
Motpost avskrivning	-11 917	-11 762	-11 762	-11 231
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-1 510</b>	<b>-136</b>	<b>-1 091</b>	<b>-5 427</b>
<i>Netto driftsresultat i %</i>	<i>0,5 %</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,4 %</i>	<i>1,9 %</i>
<b>Disponering eller dekking av netto driftsresultat</b>				
<i>Overføring til investering</i>	760	2 190	2 190	752
<i>Netto avsetning eller bruk av bundne driftsfond</i>	2 248	-480	-480	621
<i>Netto avsetning eller bruk av disposisjonsfond</i>	-1 499	-1 574	-619	4 054
<b>Sum disponering eller dekking av netto driftsre</b>	<b>1 510</b>	<b>136</b>	<b>1 091</b>	<b>5 427</b>
<i>Kontroll</i>	0	0	0	0

## Bevilgningsoversikt - Investering Tysnes kommune 2020

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Reg. budsjett 2020	Oppr. budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>Investeringsutgifter</b>				
Investering i varige driftsmidler	60 033	83 778	83 778	21 715
Tilskot til andre sine investeringar	737	0	0	0
Investering i aksjer og deler i selskap	760	850	850	752
Utlån av eigne midlar	455	0	0	0
Avdrag på lån	1 816	0	0	1 813
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>63 802</b>	<b>84 628</b>	<b>84 628</b>	<b>24 280</b>
<b>Investeringsinntekter</b>				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-9 562	-16 036	-16 036	-3 595
Tilskot frå andre	-12 132	-1 506	-1 506	-3 584
Sal av varige driftsmidler	-1 060	-500	-500	-518
Sal av finansielle driftsmidler	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	-75	0	0	-91
Motteke avdrag på utlån av eigne midlar	-2 246	0	0	-1 539
Bruk av lån	-38 387	-64 436	-64 436	-13 926
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-63 462</b>	<b>-82 478</b>	<b>-82 478</b>	<b>-23 254</b>
<b>Overføring frå drift og netto avsettingar</b>				
Vidareutlån	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	0
Motteke avdrag på vidareutlån	0	0	0	0
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift	-760	-2 150	-2 150	-752
Netto avsetting til eller bruk av bundne investeringsfond	430	0	0	-274
Netto avsetting til eller bruk av ubundne investeringsfond	-10	0	0	0
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsettingar</b>	<b>-340</b>	<b>-2 150</b>	<b>-2 150</b>	<b>-1 027</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Balanserekneskap Tysnes kommune 2020

Tall i 1000 kroner		Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
<b>EIGEDELAR</b>			
	Note		
<b>A. ANLEGGSMIDLAR</b>			
Faste eiendomar og anlegg	4	390 851	353 224
Utstyr, maskinar og transportmidler	4	7 573	7 714
Pensjonsmidlar	3	367 225	340 480
Utlån	14	18 272	20 055
Aksjar og andelar	5	10 700	9 974
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>794 621</b>	<b>731 448</b>
<b>B. OMLØPSMIDLAR</b>			
Kortsiktige fordringar		18 334	18 018
Aksjar og andeler		-	-
Sertifikat		-	-
Obligasjonar		-	-
Kasse, postgiro, bankinnskot		92 997	86 910
Premieavvik	3	18 583	18 849
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>129 913</b>	<b>123 776</b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b>924 534</b>	<b>855 224</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. EIGENKAPITAL</b>			
Disposisjonsfond	10	-62 076	-58 910
Bundne driftsfond	10	-10 044	-7 795
Ubundne investeringsfond	10	-1 193	-1 203
Bundne investeringsfond	10	-4 290	-3 860
Endring i rekneskapsprinsipp drift (AK)		173	173
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		-	-
Rekneskapsmessig mindreforbruk	10	-	-4 665
Rekneskapsmessig meirforbruk		-	-
Udisponert i investeringsrekneskapet		-	-
Udekket i investeringsrekneskapet		-	-
Kapitalkonto	11	-200 503	-140 284
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>-277 932</b>	<b>-216 543</b>
<b>D. GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
Ihendehaverobligasjonslån		-	-
Pensjonsforpliktelser	3	-379 869	-388 000
Sertifikatlån		-	-
Andre lån	7,8	-221 118	-208 420
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>-600 986</b>	<b>-596 419</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Kassekredittlån		-	-
Anna kortsiktig gjeld		-45 616	-42 262
Premieavvik		-	-
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>-45 616</b>	<b>-42 262</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>-924 534</b>	<b>-855 224</b>
<b>MEMORIAKONTI:</b>			
Ubrukte lånemidlar		6 868	5 255
Andre memoriakonti		269	709
Motkonto for memoriakonti		-7 137	-5 964
<b>Sum memoriakonti</b>		<b>-</b>	<b>-</b>

  
Rolf J. Lunde  
Økonomisjef

  
Steinar Dalland  
Rådmann

## 1. Endring i arbeidskapital

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare uttrykkjer endringa i arbeidskapital utviklinga i kommunen sin betalingsevne. Utgangspunktet er balanserekneskapen og endringa av arbeidskapitalen som består av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld i rekneskapsperioden, korrigert for ubrukte lånemidlar i tilsvarende periode. Tilsvarende finn ein endringa av arbeidskapitalen ved å sjå på anskaffing og bruk av midlar i drifts- og investeringsrekneskap.

Tal i 1000 kr

Balanserekneskap	31.12.2019	31.12.2020	Endring
Omløpsmidlar	123 776	129 913	6 137
Kortsiktig gjeld	42 262	45 616	3 354
<b>Arbeidskapital</b>	<b>81 515</b>	<b>84 297</b>	<b>2 783</b>

Drifts- og investeringsrekneskap år 2020	Beløp	Sum
<i>Anskaffing av midlar</i>		
Inntekter driftsrekneskap	325 288	
Inntekter investeringsrekneskap	22 829	
Innbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	42 283	
<b>Sum anskaffing av midlar</b>	<b>390 399</b>	<b>390 399</b>
<i>Bruk av midlar</i>		
Utgifter driftsrekneskap	292 563	
Utgifter investeringsrekneskap	60 770	
Utbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar	35 897	
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>389 230</b>	<b>389 230</b>
<b>Anskaffing - bruk av midlar</b>		<b>1 170</b>

<i>Endring ubrukte lånemidlar</i>		
IB konto	5 255	
UB konto	6 868	
<b>Endring ubrukte lånemidlar</b>	<b>1 613</b>	<b>1 613</b>

\*) Auking framgår som (+), og reduksjon framgår som (-).

<b>Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskap</b>	<b>2 783</b>
<b>Differanse endring arbeidskapital balanse og drifts-/investeringsrekneskap</b>	<b>0</b>

## 2. Ytingar til leiande personar og revisor

Godtgjerse til leiande personar kjem fram under. Med leiande personar meiner ein rådmann og ordførar.

Vidare vert honorar for revisjonstenester spesifisert. Revisjon inkluderer både rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon:

	<i>Tal i kr.</i>	
	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Leiande personar :</b>		
Løn og anna godtgjering til rådmann 1)	977 800	977 800
Løn og anna godtgjering til rådmann for verv i kommunal samanheng	-	-
Løn og anna godtgjering til ordførar	889 200	889 200
Løn og anna godtgjering til ordførar for verv i kommunal samanheng	-	-
<b>Revisjon :</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Rekneskapsrevisjon	220 400	219 350
Forvaltningsrevisjon	154 825	350 900
Rådgjeving	-	-
<b>Sum</b>	<b>375 225</b>	<b>570 250</b>

*Fotnotar :*

1) Rådmannstillinga er ei åremålsstilling.

Årleg kompensasjon for åremålsstillinga er kr. 75.000 pr. år (inkl. i beløpet ovanfor)

### 3. Pensjonsforplikting

#### Generelt om pensjonsordninga i kommunen :

Kommunen har sine kollektive pensjonsforsikringar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) samt Statens Pensjonskasse (SPK).

Tilsette som er i kommunens teneste ved fylte 62 år har rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar.

#### Regnskapsføring av pensjon :

Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen innehalda pensjonskostnader som er berekna ut i frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Ulikskap mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavvik som er berekna før 2011 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 15 år, mens premieavvik berekna frå og med 2011 til og med 2013 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 10 år. For premieavvik oppstått i 2014 og seinare er inntekts- eller utgiftstida 7 år.

Berekna pensjonsmidlar i balansen er ført som anleggsmidlar, mens berekna pensjonsforplikting er ført som langsiktig gjeld.

#### Estimatavvik :

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting i balansen er berekna størrelser. Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal det gjerast ei ny berekning av pensjonsforpliktinga som vart balanseført førre år.

I den oppdaterte berekninga skal nye grunnlagsdata og føresetnader leggjast til grunn.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseført pensjonsforplikting (langsiktig gjeld) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsforplikting.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseførte pensjonsmidlar (anleggsmidlar) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsmidlane.

Årets estimatavvik (endring langsiktig gjeld og anleggsmidlar) vert i sin heilhet ført mot kapitalkontoen i rekneskapen.

<b>Rekneskap 2020</b>	<b>KLP</b>	<b>SPK</b>	<b>SUM</b>	<b>Arb.avg.</b>
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.) frå akturar	13 506	2 220	15 725	
Årets pensjonspremie frå akturar	16 993	2 098	19 091	
<b>Årets premieavvik</b>	<b>-3 487</b>	<b>121</b>	<b>-3 366</b>	<b>-357</b>

#### Akkumulert premieavvik :

Akkumulert 01.01.20	17 943	-901	17 042	1 806
Premieavvik for året	3 487	-121	3 366	357
Resultatføring av tidl. års premieavvik	-3 931	325	-3 606	-382
<b>Akkumulert premieavvik 31.12.20</b>	<b>17 499</b>	<b>-697</b>	<b>16 802</b>	<b>1 781</b>

#### Pensjonsmidlar / Pensjonsforpliktingar :

	<b>KLP</b>	<b>SPK</b>	<b>SUM</b>
Pensjonsmidlar	337 783	29 442	367 225
Estimat avvik pensjonsmidlar	15 100	-5 670	9 430
Pensjonsforplikting	-344 446	-34 211	-378 657
Estimat avvik pensjonsforplikting	-9 556	-9 182	-18 738
Arbeidsgjevaravgift av pensjonsforplikting	-706	-506	-1 212

#### Føresetnader :

	<b>KLP</b>	<b>SPK</b>
Avkastning pensjonsmidlar	4,00 %	3,50 %
Diskonteringsrente	3,50 %	3,50 %
Årleg lønsvekst	2,48 %	2,48 %
Årleg G-regulering	2,48 %	2,48 %



#### 4. Varige driftsmidler (anleggsmidler)

Anleggsmidler vert vurdert i tråd med rekneskapsforskrifta § 8. Følgjande anleggsmiddelgrupper vert nytta for avskrivning:

Anleggsmiddel-gruppe	Avskrivings-plan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år	Edb-utstyr, kontormaskiner og liknande.
Gruppe 2	10 år	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.
Gruppe 3	20 år	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg og liknande.
Gruppe 4	40 år	Bustader, skular, barnehagar, idrettshallar, vegar og leidningsnett og liknande.
Gruppe 5	50 år	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheimar og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande.

Samla oppstilling :

Tal i 1000 kr.

	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	SUM eigedelar med avskrivning	Eigedelar utan avskrivning	SUM EIGEDELAR
<i>Tilgong pr. 01.01</i>	14 276	6 899	21 450	186 365	260 659	489 649	13 441	503 090
<i>Tilgong ila. året</i>	671	324	12 654	29 032	7 635	50 316	70	50 387
<i>Avgong ila. året</i>						-	985	985
<b><i>Tilgong 31.12</i></b>	<b>14 947</b>	<b>7 223</b>	<b>34 104</b>	<b>215 397</b>	<b>268 294</b>	<b>539 965</b>	<b>12 526</b>	<b>552 491</b>
<i>Akk. avskrivning per 01.01</i>	11 657	4 090	9 314	68 277	48 813	142 152	-	142 152
<i>Avskrivning i året</i>	813	694	186	5 653	4 571	11 917	-	11 917
<i>Nedskrivning</i>	-	-	-	-	-	-	-	-
<b><i>Akk. avskrivning per 31.12</i></b>	<b>12 470</b>	<b>4 783</b>	<b>9 501</b>	<b>73 930</b>	<b>53 384</b>	<b>154 068</b>	<b>-</b>	<b>154 068</b>
<b><i>Bokført verdi per 31.12.</i></b>	<b>2 477</b>	<b>2 439</b>	<b>24 604</b>	<b>141 467</b>	<b>214 910</b>	<b>385 897</b>	<b>12 526</b>	<b>398 423</b>

## 5. Aksjar og andelar (anleggsmidlar)

Finansielle anleggsmidlar:

<i>Selskap</i>	<i>Tal i kr.</i>		
	<i>Balanseført verdi</i>	<i>Marknadsverdi</i>	<i>Eigarandel</i>
<i>A/L Biblioteksentralen</i>	600		<i>Liten</i>
<i>Vestskog BA</i>	1 000		<i>Liten</i>
<i>Onarheim Vassverk L/L</i>	19 000		<i>Liten</i>
<i>Tysnes Kraftlag</i>	100		<i>Liten</i>
<i>Lunde Vasslag</i>	5 500		<i>Part</i>
<i>KLP - eigenkapitalinnskot</i>	9 989 890		
<i>Våge Hamn AS</i>	50 000		9,90 %
<i>Opero AS</i>	47 000		3,25 %
<i>Fjord Norge AS</i>	5 000		0,12 %
<i>Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS</i>	22 000		12,50 %
<i>Tysnes Industri AS</i>	351 000		67,10 %
<i>Sunnhordlandssambandet AS</i>	100 000		7,41 %
<i>Hordfast AS</i>	104 000		
<i>Vann Vest AS</i>	5 000		<i>Liten</i>
<i>Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS</i>	-		5,57 %
<b>Sum</b>	<b>10 700 090</b>		-

## 6. Sal av finansielle anleggsmidler

Det er ikkje seld finansielle anleggsmidler i 2020.

## 7. Langsiktig gjeld og avdrag på lån

<i>Tal i 1000 kr.</i>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Startlån med flytande rente	16 342	17 300
Startlån med fast rente	13 020	13 878
<b>Sum startlån</b>	<b>29 362</b>	<b>31 178</b>
Ordinære lån med flytande rente	105 166	91 845
Ordinære lån med NIBOR berekning	22 112	20 297
Ordinære lån med fastrente	64 478	65 100
<b>Sum ordinære lån</b>	<b>191 756</b>	<b>177 241</b>
<b>SUM LÅNEGJELD</b>	<b>221 118</b>	<b>208 420</b>

### Avdrag lån:

<b>Avdrag</b>	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
Betalt avdrag eks. utlån	28 944	10 494
Berekna minste lovlege avdrag	5 852	5 417
<b>Differanse</b>	<b>23 092</b>	<b>5 077</b>

<i>Berekna minimumsavdrag (forenkla metode)</i>	<i>Rekneskap 2020</i>	<i>Rekneskap 2019</i>
A. Avskrivning i året	11 917	11 231
B. IB Anleggsmidler	360 938	358 152
C. IB Lånegjeld	177 241	172 735
<b>Minimumsavdrag (A/B*C)</b>	<b>5 852</b>	<b>5 417</b>

### Langsiktig gjeld i tråd med kommunelov § 50 nr. 6:

	<b>Rekneskap 2020</b>	<b>Rekneskap 2019</b>
<b>Total lånegjeld IB</b>	<b>208 420</b>	<b>205 726</b>
<b>Startlån IB</b>	<b>31 178</b>	<b>32 991</b>
<b>Lånegjeld eks. startlån</b>	<b>177 241</b>	<b>172 735</b>
<b>Avdragsutgifter eks. startlån</b>	<b>28 944</b>	<b>10 494</b>

I 2020 er det betalt MNOK 19,1 i ekstraordinært avdrag frå Havbruksfondet.

## 8. Renter – sikring

Tysnes kommune sitt finansreglement seier fylgjande om låneporteføljene :

- Minimum 20% av gjeldsporteføljene skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år)
- Minimum 20% av gjeldsporteføljene skal ha fast rente
- Resterande 60% skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen

*Rentebindingsavtalar pr. 31.12.20 (tal i kr.) :*

<i>Lån</i>	<i>Utløpsdato lån</i>	<i>Utløpsdato fastrente</i>	<i>Fastrente sats</i>	<i>Saldo 31.12.20</i>	<i>Kategori</i>
HUS-13547274-10	01.07.2028	01.01.2022	2,97%	1 403 044	Startlån
HUS-13551923-30	01.12.2030	01.01.2022	2,96%	681 800	Startlån
HUS-13560088-10	01.08.2037	01.05.2023	2,78%	4 080 000	Startlån
HUS-13560088-50	01.02.2038	01.05.2033	2,98%	6 855 037	Startlån
KBN-20060682	15.12.2026	15.12.2022	3,66%	3 358 500	Ordinært
KBN-20090382	19.12.2029	20.12.2021	1,82%	4 500 000	Ordinært
KBN-20100960	23.12.2041	23.06.2022	3,80%	10 850 060	Ordinært
KBN-20160458	01.10.2046	30.09.2021	1,87%	5 200 000	Ordinært
KBN-20180303	27.08.2026	28.08.2023	2,25%	6 069 780	Ordinært
KBN-20190591	06.12.2049	05.12.2029	2,45%	14 500 000	Ordinært
KLP-2020	11.03.2051	01.11.2025	1,28%	20 000 000	Ordinært
				<u>77 498 221</u>	
		Sum lån 31.12.2020 :		221 117 544	
		<b>Andel fastrente :</b>		<b>35,0 %</b>	

## 9. Garantiansvar

Garantiansvaret innbefattar garantiar for tilsette sine lån, samt øvrege garantiar som kommunen har ansvar for. Eventuelle tap på garantiar eller innfriing av garantiar vert redegjort for under, samt eventuelle verknader på seinare års budsjett/rekneskap.

*Tal i kr.*

<b>Garanti gitt til</b>	<b>Opprinneleg garanti</b>	<b>Garantibeløp 31.12.20</b>	<b>Utløp</b>
Tysnes Industri AS	4 250 000	2 604 800	15.12.2039
<b>Sum garantier</b>	<b>4 250 000</b>	<b>2 604 800</b>	

## 10. Avsetjinger og bruk av avsetjinger

### Beløp 1000 kroner

<b>Disposisjonsfond</b>		<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01.	kr	58 910
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr	1 638
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondet (fotnote 1)	kr	4 804
Beholdning 31.12.	kr	62 076

<b>Bundne driftsfond</b>		<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01.	kr	7 795
Bruk av fondene i driftsregnskapet	kr	1 130
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondene	kr	3 378
Beholdning 31.12.	kr	10 044

<b>Ubundne investeringsfond</b>		<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01.	kr	1 203
Avsetninger til fondene	kr	75
Bruk av fondene	kr	85
Beholdning 31.12.	kr	1 193

<b>Bundne investeringsfond</b>		<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01.	kr	3 860
Avsetninger til fondene	kr	430
Bruk av fondene	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	4 290

<b>Rekneskap 2019 - udisponert fond</b>		<b>Beløp</b>
Beholdning 01.01 (udisponert overskot 2017/18) :	kr	4 665
Årets udisponerte resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr	-
Årets disponering av tidlegare resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr	4 665
Beholdning 31.12.	kr	-

Note 1 :

I avsetjing til disposisjonsfond inngår tidlegare års udisponerte overskot (MNOK 4,665)

## 11. Kapitalkontoen

Kapitalkontoen skildrar kor mykje kommunen har brukt av sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidlar. Dette kjem fram som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukke lånemidlar.

*Tal i 1000 kr.*

**Saldo 01.01.2020 -140 284**

### **Auking av kapitalkonto (kreditposteringsar)**

Aktivering av fast eigedom og anlegg	-36 737
Reversert nedskrivning av fast eigedom og anlegg	-
Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	-13 649
Kjøp av aksjar og andelar	-9
Reversert nedskrivning av aksjar og andelar	-
Utlån	-520
Aktivert eigenkapitalinnskott pensjonskasse	-751
Avdrag på eksterne lån	-30 761
Auking pensjonsmidlar	-26 745
Reduksjon pensjonsforpliktingar	-4 789

### **Reduksjon av kapitalkonto (debitposteringsar)**

Avgang fast eigedom og anlegg	985
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	10 224
Avgang utstyr, maskiner og transportmidlar	-
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	1 693
Avgang aksjar og andelar	34
Nedskrivning av aksjar og andelar	-
Avdrag på utlån	2 303
Avskrivning utlån	-
Reduksjon eigenkapitalinnskott pensjonskasse	-
Bruk av midlar frå eksterne lån	38 387
Reduksjon pensjonsmidlar	-
Reduksjon pensjonsforplikting	-3 343
Urealisert kurstap utenlandslån	-
Overtaking lån Tysnes Vassverk og Uggdal Vasslag	3 459
<b>Saldo 31.12.2020</b>	<b>-200 503</b>



## 12. Investeringsoversikt

Bygging av nytt mellomtrinn på Tysnes skule har pågått i 2020, med ferdigstilling i 2021.

I 2020 er det påløpt eit investeringsbeløp på MNOK 34,7. Dette er noko bak budsjettert beløp, men dette vil verte korrigert tilbake i 2021.

### 13. Sjølvkost

Sjølvkost vert definert som den meirkostnad kommunen vert påført ved å produsera ei bestemt vare eller teneste. Kommunen må berekna dei faktiske kostnader innafør kvart tenesteområde og kontrollera mot dei rettslege rammer som er gjevne. Gebyrinntektene skal ikkje overstige kommunen sin sjølvkost over tid.

**VAR-området :**

*Beløp i kr.*

2020 Etterkalkyle sjølvkost	Vatn	Avløp	Renovasjon	Feiing	Totalt
<b>Gebyrinntekter</b>	<b>3 133 416</b>	<b>3 119 971</b>	<b>3 885 684</b>	<b>566 077</b>	<b>10 705 148</b>
Øvrige driftsinntekter	581 708	32 544	4 706	0	618 958
<b>Driftsinntekter</b>	<b>3 715 124</b>	<b>3 152 515</b>	<b>3 890 390</b>	<b>566 077</b>	<b>11 324 106</b>
Direkte driftsutgifter	3 227 354	1 743 932	4 047 143	490 671	9 509 100
Avskrivningskostnad	140 483	603 461	0	0	743 944
Kalkulatorisk rente (1,39 %)	48 159	189 885	0	0	238 044
Indirekte netto driftsutgifter	198 862	142 452	109 533	76 932	527 779
Sjablongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	9 943	7 123	5 477	3 847	26 389
<b>Driftskostnader</b>	<b>3 624 801</b>	<b>2 686 853</b>	<b>4 162 153</b>	<b>571 450</b>	<b>11 045 256</b>
+/- Bruk av/avsetning til etterdriftsfond	500 000	0	0	0	500 000
<b>Resultat</b>	<b>590 324</b>	<b>465 663</b>	<b>-271 763</b>	<b>-5 373</b>	<b>778 851</b>
Selvkostgrad (%)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidier	397 447	942 921	115 010	80 778	1 536 156
<b>Selvkostfond 01.01</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>741 992</b>	<b>0</b>	<b>741 992</b>
+ Avsetning av selvkostfond	325 983	280 964	0	0	606 947
- Bruk av selvkostfond	0	0	-271 762	0	-271 762
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (1,39 %)	428	669	8 425	0	9 522
<b>Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)</b>	<b>326 411</b>	<b>281 633</b>	<b>478 654</b>	<b>0</b>	<b>1 086 698</b>
<b>Fremførbart underskudd 01.01</b>	<b>-264 341</b>	<b>-184 698</b>	<b>0</b>	<b>-170 347</b>	<b>-619 386</b>
+ Inndekking av fremførbart underskudd	264 341	184 698	0	0	449 039
- Underskudd til fremføring	0	0	0	-5 373	-5 373
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (1,39 %)	0	0	0	-2 405	-2 405
<b>Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-178 125</b>	<b>-178 124</b>
<b>Gebyrinntekter</b>	<b>3 133 416</b>	<b>3 119 971</b>	<b>3 885 684</b>	<b>566 077</b>	<b>10 705 148</b>
<b>Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering</b>	<b>2 543 092</b>	<b>2 654 309</b>	<b>4 157 447</b>	<b>571 449</b>	<b>9 926 297</b>
<b>Finansiell dekningsgrad (%)</b>	<b>123,2 %</b>	<b>117,5 %</b>	<b>93,5 %</b>	<b>99,1 %</b>	<b>107,8 %</b>

**Byggesak og oppmåling :**

2020 Etterkalkyle sjølvkost	Private planar	Byggesaks- planar	Oppmåling	Totalt
<b>Gebyrinntekter</b>	0	2 085 371	1 138 825	3 224 196
Øvrige driftsinntekter	0	19 819	28 037	47 856
<b>Driftsinntekter</b>	0	2 105 190	1 166 862	3 272 052
Direkte driftsutgifter	0	2 151 012	1 263 433	3 414 445
Avskrivningskostnad	0	0	18 156	18 156
Kalkulatorisk rente (1,39%)	0	0	883	883
Indirekte netto driftsutgifter	0	143 116	96 617	239 733
Sjablommessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	0	7 156	4 831	11 987
<b>Driftskostnader</b>	0	2 301 284	1 383 920	3 685 204
<b>Foreløpig resultat</b>	0	-196 094	-217 058	-413 152
+ Subsidiert	0	196 094	217 058	413 152
<b>Resultat</b>	0	0	0	0
Selvkostgrad (%)	0,0 %	91,5 %	84,3 %	88,8 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidiert	0	-45 822	-96 571	-142 393
Selvkostfond 01.01	0	0	0	0
+ Avsetning til selvkostfond	0	0	0	0
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	0	0	0
<b>Gebyrinntekter</b>	0	2 085 371	1 138 825	3 224 196
<b>Gebyrgrunnlag inkl. ev. subsidiert</b>	0	2 281 465	1 355 883	3 637 348
<b>Finansiell dekningsgrad (%)</b>	0,0 %	91,4 %	84,0 %	88,6 %

**Slam :**

2020 Etterkalkyle sjølvkost	Slamtømming
<b>Gebyrinntekter</b>	1 130 784
Øvrige driftsinntekter	2 017
<b>Driftsinntekter</b>	1 132 801
Direkte driftsutgifter	1 177 559
Indirekte netto driftsutgifter	106 617
Sjablommessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	5 331
<b>Driftskostnader</b>	1 289 507
<b>Resultat</b>	-156 706
Selvkostgrad (%)	100 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidiert	111 947
Selvkostfond 01.01	1 109 749
- Bruk av selvkostfond	-156 742
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (1,39 %)	14 336
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	967 344
<b>Gebyrinntekter</b>	1 130 748
<b>Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiert</b>	1 287 489
<b>Finansiell dekningsgrad (%)</b>	87,8 %

## 14. Utlån

Kommunen har pr. 31.12 lånt ut tilsaman kr. 18.272.340.

Utlåna er satt saman slik :

<b>Låntakar</b>	<b>Beløp 31.12</b>	<b>Finansiering</b>
Startlån	18 101 637	Lån frå Husbanken
Sosiallån	50 704	Eigne midlar
Næringslån Myrdal Gård	<u>120 000</u>	Eigne midlar
	<u>18 272 340</u>	

## 15. Hendingar etter balansedag

Me står framleis i ein pandemisituasjon når me skriv året 2021.

Sjølv om situasjonen ikkje gav vesentlege økonomiske avvik for året 2020 er det framleis usikre faktorar framover.

Skatteinntektene er noko fallande i høve tidlegare år. Me har også sett at pandemiutbrot i andre kommunar har skapt utfordringar, med fravær og karantener i tenestene. Dette vil også kunne ha ein økonomisk effekt spesielt med tanke på vikarutgifter.

Til kommunestyret i Tysnes kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysnes kommune, som viser eit netto driftsresultat på kr 1.509.927 i kommunekassen, og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 1.509.927. Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassen sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2020, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er:

- kommunekassen sin årsrekneskap gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- den konsoliderte årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysnes kommune som økonomisk eining per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av [informasjon i kommunens årsrapport], men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

***Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen***

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

***Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen***

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskapseiningane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

**Utsegn om andre lovmessige krav*****Konklusjon om registrering og dokumentasjon***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

***Konklusjon om årsmeldinga***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

**Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik**

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Tysnes kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

**Konklusjon**

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

**Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik**

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekte premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

**Våre oppgåver og plikter**

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Kontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 15. april 2021  
Deloitte AS

**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmann  
Kommunerådet



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 84.215.xxx.xxx

2021-04-15 13:33:18Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <[penneo@penneo.com](mailto:penneo@penneo.com)>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Tysnes kommune  
Att.: Rådmann  
Rådhuset

5685 UGGDAL

15. april 2021

**Revisjonsrapport nr. 9**  
(journalføres)

## REVISJONSRAPPORT 2020

### Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapsen for 2020. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapsen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og oppretthalde ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

### Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-4 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16-18.

### Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapsen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapsen.

Vi har ikkje avdekka tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapsen.

### Rutinar bank

Ved vår gjennomgang av kommunen sine rutinar knytt til utbetalingar frå bank, observerer vi at det berre er krav om ein godkjenning for å utføre utbetalingar. Ei slik einfullmakt utset kommunen for uynskt risiko. Kommunen har etablert ei rutine på at remitteringsbilag frå banken skal godkjennast av to personar etter utbetaling. Denne rutina reduserer risikoen noko.

Kommunen sin hovudbankforbindelse støttar no ei løysing med to godkjenningar. Vi tilrår kommunen å følgje opp slik at rutinar for krav om to signaturar ved utbetaling frå kommunen sine bankkontoar kan etablerast.

Vi viser og til revisjonsrapport nummer 8 og tidlegare der tilhøvet vart teke opp.

**Revisjonen av årsoppgjeret**

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane per 31.12.2020. Vi har lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendig og at eigedelar og utgifter er gyldige og eksisterer. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen, men har nokre tilhøve som vi vil peika på.

**Budsjettering og budsjettjustering**

Ved kontroll av bundne fond i drifts- og investeringsrekneskapen ser vi at avsetnad til bundne fond er vesentleg over justert budsjett. Budsjetta burde blitt justert for å ivareta realismekravet, jf. kommunelova § 14-5, 2. ledd. Revisjonen vil oppmoda om at ein tek omsyn til budsjettavvik, både gjennom og mot slutten av året, og at det vert gjort ei budsjettjustering for å ivareta realismekravet i kommunelova.

**Avslutning**

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nytta høve til å takke for samarbeidet.

Med venleg helsing  
Deloitte AS

**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Bjarne Ryland**

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 84.215.xxx.xxx

2021-04-15 12:58:24Z



Penneo Dokumentnøkkel: G56MK-072CC-IAP46-UDCQ0-Q11PY-6EHYH

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

#### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <[penneo@penneo.com](mailto:penneo@penneo.com)>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Til Tysnes kommune

## UAVHENGIG REVISOR SIN ATTESTASJONSUTTALE OM ETTERLEVING AV AVGJERDER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTINGA

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samband med Tysnes kommune si etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på følgjande område:

Kontroll av etterleving av kommunelova sine reglar om sjølvkostområdet i tilknytning til vatn.

Vi har kontrollert perioden frå 01.01.2020 – 31.12.2020.

### *Kriteria er henta frå:*

Kommunelova § 15-1 med tilhøyrande forskrift.

### *Leiinga sitt ansvar for etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga*

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med avgjerder og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggande kontroll.

### *Vår uavhengighet og kvalitetskontroll*

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirma som utfører revisjon og forenkla revisorkontroll av rekneskap samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tenester) har Deloitte AS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering.

### *Våre oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gje ein uttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med kommunelova sine reglar og RSK 301 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av avgjerder og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det området vi har føretatt forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve RSK 301 inneber å utføra handlingar for å innhenta bevis for at avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klårt lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gjev derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

**Konklusjon**

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Tysnes kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i kommunelova knytt til sjølvkostområdet for vatn. Revisor vil likevel gjera merksam på at det blei avdekka feil i berekninga som ligg til grunn for vassavgifta, men at Tysnes kommune no har retta opp avvika.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltinga og til Tysnes kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis egna til andre føremål.

Bergen, 15. april 2021  
Deloitte AS

**Bjarne Ryland**  
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 84.215.xxx.xxx

2021-04-15 12:58:24Z



Penneo Dokumentnøkkel: 87B7B-OZVM3-L8HTY-58UT0-VE8P8-QE074

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <[penneo@penneo.com](mailto:penneo@penneo.com)>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/72-8  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	10/21	20.05.2021

## Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

### Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Tysnes kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Sigvard M. Madsen
Formannskapet	Lars Heine Kåsa
Tenesteutvalet	Kåre Haugland
Utval for landbruk og teknisk	Britt Ersvær

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. Kommuneleven § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang:

- Kommunestyret ingen nye møter
- Formannskapet 04.05.2021
- Tenesteutvalet 27.04.2021
- Utval for landbruk og teknisk 20.04.2021

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går frem av saksutgreiinga over til orientering.



Tysnes kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2020/83-8  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	11/21	20.05.2021

### Eventuelt

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 9/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

### **Vurderingar og verknader**

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

### **Konklusjon**

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

**Referatsaker**  
**RS 7/21 Budsjettbrev 2020 frå Statsforvalteren - Tysnes kommune**



Tysnes kommune,  
Rådhuset,  
5685 UGGDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## Tysnes kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Tysnes kommunestyre har i møtet 15. desember 2020, sak 83/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Kommunen har ei stor økonomisk utfordring i åra framover knytt til planlagde investeringar og pårekna auke i lånegjelda, som følge av investeringane.

### Budsjett 2021

Netto driftsoverskot i førebels rekneskap for 2020 er kr 1,5 mill., eller 0,5 prosent av drifts-inntektene. Utbetaling frå Havbruksfondet i 2020 (kr 19,1 mill.) er nytta fullt ut til nedbetaling av lån, slik at desse midlane ikkje har innverknad på det førebelse resultatet for 2020.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 4,3 mill. Det utgjer 1,5 prosent av drifts-inntektene. Etterbetaling frå Havbruksfondet (kr 8,5 mill.) er disponert til vedlikehaldsføremål og liknande.

Kommunen har budsjettert med kr 101,7 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 216,1 mill.



KS sin inntektsprognose for 2021 er no oppdatert med innkomen skatt i 2020. Kommunen sine budsjetterte inntekter er høgare enn inntektsprognose. Det er ein risiko for at dei budsjetterte frie inntektene kan vere for høge.

Det er budsjettert med kr 10,5 mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var om lag kr 10,7 mill.

I kommunelova § 14-18 er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege ordinære avdrag. Det er budsjettert med om lag kr 10,5 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Ein hovudregel er at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Dei ordinære avdraga i budsjettet er høgare enn kommunelova sitt minstekrav til ordinære avdrag.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 var kr 221,1 mill., medrekna startlån til vidareutlån. Dette utgjorde 70,5 prosent av sum driftsinntekter (medrekna utbetalinga frå havbruksfond) i 2020. Lånegjelda var til same tid om lag kr 77500,- per innbyggjar.

I 2021 er det i budsjettet planlagt brutto investeringar for til saman kr 97,8 mill. Investeringane er i hovudsak planlagt lånefinansierte. Dessutan blir investeringane finansierte med moms-kompensasjon, tilskot og driftsfinansiering.

### **Økonomiplan 2021 - 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er det lagt opp til ei negativ utvikling i netto driftsresultat gjennom planperioden. Det skuldast pårekna auka kapitalutgifter i åra framover som følgje av store planlagde investeringar.

Kommunen hadde ved utgangen av 2020 eit disposisjonsfond på kr 62,1 mill., som utgjorde 19,8 prosent av driftsinntektene (medrekna utbetalinga frå havbruksfond) i 2020.

Det er lagt opp til svært store investeringar i økonomiplanperioden, vurdert i lys av at det er ein liten kommune. Samla planlagde investeringar i planperioden 2021-2024 er kr 304,4 mill. Samla bruk av lån til finansiering av dei planlagde investeringane i økonomiplanperioden er kr 240,1 mill.

Kommunestyret har gjort vedtak om at minimum 70 prosent av utbetalingane frå Havbruksfondet skal nyttast til ekstra nedbetaling av lån. For 2020 vart som nemnd heile utbetalinga frå Havbruksfondet (kr 19,1 mill.) nytta til ekstra nedbetaling av lån. Kommunen har difor allereie nytta om lag 70 prosent av den samla utbetalinga frå Havbruksfondet i 2020 og 2021 (kr 27,6 mill.) til ekstra gjeldsnedbetaling. Det er difor gjort vedtak om å nytte utbetalinga i 2021 til vedlikehaldsføremål og liknande. Inntektene går ikkje inn i den ordinære drifta av kommunen.



### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

-Netto driftsresultat : Større enn 0,8 prosent av driftsinntektene

-Gjeldsgrad : Maks 100 prosent av driftsinntektene

-Disposisjonsfond : Minimum 15 prosent av driftsinntektene

### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

Dei frie inntektene kan vere budsjetterte for høgt for i år. Kommunen må vurdere utviklinga i dei frie inntektene nærare og gjennomføre budsjettrevisjon, i den grad det er nødvendig, slik at budsjetterte inntekter er på eit realistisk nivå.

Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Dette kjem blant anna til uttrykk gjennom kommunen sin praksis knytt til ordinære avdrag og bruk av utbetalingar frå Havbruksfondet, der størstedelen blir nytta til ekstra gjeldsnedbetaling. Kommunen prioriterer dessutan å nytte av midlane til vedlikehald. Kommunen har framleis eit moderat nivå på lånegjelda og eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond.

Vi vurderer at kommunen si største økonomiske utfordring framover vil vere knytt til dei store planlagde investeringane og auke i lånegjelda, som følgje av investeringane. Det vil vere ein risiko for at kommunen over tid får for høg gjeldsbelastning, særleg dersom inntektsutviklinga blir svak. For å kunne møte ei slik utvikling er det viktig at kommunen har eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond som driftsreserve.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
assisterande statsforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Fra:** Helge Inge Johansen (Helge.Inge.Johansen@vlfk.no)

**Sendt:** 04.05.2021 11:12:59

**Til:** Helge Inge Johansen

**Kopi:**

**Emne:** VS: FKT - medlemsinformasjon april 2021

**Vedlegg:** FKT\_prot\_210420.pdf

---

**Fra:** Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

**Sendt:** torsdag 22. april 2021 14:59

**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

**Emne:** FKT - medlemsinformasjon april 2021

### **Til FKTs medlemmer – kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat**

Her er en kort påminning om hva som skjer framover:

#### **Årsmøtet 1. juni**

Årsmøtet arrangeres digitalt på Teams 1. juni kl. 16.00. Alle medlemmene v/kontrollutvalgsledere og daglig ledere, har mottatt innkalling på e-post. Sakspapirene blir sendt på e-post senest 18. mai. De legges også ut på hjemmesiden. Det er kun medlemmer som har tale-, forslags- og stemmerett (en stemme per kontrollutvalg eller sekretariat). Medlemmene velger selv hvem som skal være representert på årsmøtet. Du kan melde deg på årsmøtet fra FKTs hjemmeside. [Lenke til informasjon og påmelding til årsmøtet](#)

#### **Fagkonferansen 1.-2. juni**

Vi minner om fagkonferansen 1.-2. juni (digital/Teams) [Lenke til påmelding og informasjon om fagkonferansen.](#)

#### **Styret**

Styret hadde Teamsmøte 20. april. Du finner protokollen vedlagt og på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Det var i hovedsak forberedelser til årsmøtet som stod på agendaen.

Styret har sitt neste møte 31. mai.

Mvh

---

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) | Tlf.: 41471166

| [www.fkt.no](http://www.fkt.no) | [@FKT\\_no](https://twitter.com/FKT_no) | [www.facebook.com/FKT.no/](https://www.facebook.com/FKT.no/)

**FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat**





## MØTEPROTOKOLL

<b>Møte:</b>	Styremøte
<b>Tid:</b>	20. april 2021   kl. 13.00 – 15.00
<b>Sted:</b>	Teams
<b>Deltakere fra styret:</b>	Til stede: Tage Pettersen, Einar Ulla, Liv Tronstad, Marit Gilleberg, Tom Øyvind Heitmann og vara Terje Engvik
<b>Andre som møtte:</b>	Anne-Karin Femanger Pettersen
<b>Forfall:</b>	Bård Hoksrud
<b>Møteleder:</b>	Tage Pettersen

Før møtestart:  
Informasjon og test av mulig digitalt årsmøteverktøy (DigDem)

### Saksliste:

SS 21/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 22/21	Godkjenning av protokoll fra møtet 15. mars 2020
SS 23/21	Økonomirapport 1. kvartal 2021
SS 24/21	Evaluering av sekretariatskonferansen 2021
SS 25/21	Status fagkonferansen 2021 - digital
SS 26/21	Styrets forslag til Handlingsplan 2021-2022
SS 27/21	Styrets forslag til kontingent 2022
SS 28/21	Styrets forslag til budsjett 2022
SS 29/21	Styrets forslag til endring i vedtektene
SS 30/21	Styrets forslag til valgkomite
SS 31/21	Styrets forslag til revisor
SS 32/21	Innkommne forslag til årsmøtet (fra medlemmer)
SS 33/21	Referatsaker:
RS 6/21	Status - Henvendelser til KMD lovtolkninger mm
RS 7/21	Valgkomiteens forslag til styrevalgene
SS 34/21	Eventuelt

## **SS 11/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

---

### **Behandling i møte:**

Det var ikke merknader til sakslisten.

### **Vedtak:**

Innkalling og saksliste godkjennes.

## **SS 22/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 15. MARS 2021**

---

### **Behandling i møte:**

Det var ellers ingen merknader til protokollen fra styremøtet 15. mars 2021.

### **Vedtak:**

Protokoll fra møtet 15. mars 2021 godkjennes.

## **SS 23/21 ØKONOMIRAPPORT 1. KVARTAL 2021**

---

### **Behandling i møtet:**

Generalsekretæren orienterte om saken.

### **Vedtak:**

Styret tar økonomirapport 1. kvartal 2021, til orientering.

## **SS 24/21 – EVALUERING AV SEKRETARIATSKONFERANSEN 2021**

---

### **Behandling i møte:**

Generalsekretæren orienterte saken.

### **Vedtak:**

Styret tar informasjon om evaluering av sekretariatskonferansen til orientering.

## SS 25/21 STATUS FAGKONFERANSEN 2021

---

### Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken.

### Vedtak:

Styret tar informasjon om fagkonferansen til orientering.

## SS 26/21 STYRETS FORSLAG TIL HANDLINGSPLAN 2021-2022

---

### Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget og foretok noen justeringer.

### Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2021 fastsetter FKTs handlingsplan for 2021-2022 som forelagt

## SS 27/21 STYRETS FORSLAG TIL KONTINGENT FOR 2022

---

### Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

### Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2021 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2022.

Kategori	Kontingent 2022
Kommune 0 - 5 000 innb.	3 700
Kommuner 5 001 - 10 000 innb.	7 500
Kommuner 10 001 – 20 000 innb.	9 700
Kommuner 20 001 - 50 000 innb.	13 000
Kommuner med mer enn 50 000 innb.	16 000
Fylkeskommuner	16 000
Sekretariater	9 700

## **SS 28/21 STYRETS FORSLAG TIL BUDSJETT 2022**

---

### **Behandling i møte:**

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

### **Vedtak:**

Styrets innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2021 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2022.

## **SS 29/21 STYRETS FORSLAG TIL ENDRINGER I VEDTEKTENE**

---

### **Behandling i møte:**

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget og foretok noen justeringer.

### **Vedtak:**

Styrets Innstilling til årsmøtet:

Årsmøtet 2021 gjør følgende endringer i vedtektene:

#### **1.**

«1. FORMÅL» endres til:

«Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) har som formål å være en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.»

#### **2.**

«2. MEDLEMMER» endres til:

«De kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalgene, kontrollutvalget i Longyearbyen, Sametinget sitt kontrollorgan, samt sekretariatene for disse, kan være medlemmer i forumet.»

#### **3.**

«3. HOVEDOPPGAVER» endres til:

«Forumet sine primære oppgaver er:

- Styrke kontrollutvalgene og sekretariatene sitt kontrollarbeid.
- Være pådriver i arbeidet med faglig utvikling av kontrollutvalgene og sekretariatene.
- Være en arena for erfaringsutveksling.
- Styrke kontrollutvalgene og sekretariatene sin kompetanse som bestiller av revisjonsoppdrag.

Andre oppgaver kan være:

- Sette kontrollutvalgene i stand til å foreta best mulig prioritering av revisjonsoppgaver.
- Være en pådriver i arbeidet med å utvikle metoder og retningslinjer.
- Synliggjøre overfor omverdenen, hvor viktig kontrollfunksjonen er.
- Være et serviceorgan for kontrollutvalg og sekretariat.
- Være talerør overfor myndighetene, herunder å gi høringssvar.»

#### 4.

«4. KONTINGENT» endres til:

«Hvert medlem betaler en årlig kontingent, som blir fastsatt av årsmøtet. Kontingenten til kontrollutvalgene blir gradert etter innbyggertallet som kontrollutvalget representerer. Kontingenten for sekretariatene er flat.»

#### 5.

«5. ÅRSMØTE» endres til:

- Separate valg av:
  - 3 styremedlemmer og 2 vara fra kontrollutvalgene (2 år), valgt i partallsår, etter forslag fra valgkomiteen.
  - 3 styremedlemmer og 2 vara fra sekretariatene (2 år), valgt i oddetallsår, etter forslag fra valgkomiteen.
  - Leder og nestleder i styret, velges årlig blant et av styremedlemmene fra kontrollutvalgene og et av styremedlemmene fra sekretariatene, etter forslag fra valgkomiteen.
  
  - Valgkomite, to medlemmer og to varamedlemmer, etter forslag fra styret. Funksjonstid i 2 år, der 2 repr. og en vara fra sekretariatene er på valg i oddetallsår og to medlemmer og en vara fra kontrollutvalgene i partallsår
  - Leder og nestleder i valgkomiteen herav en fra kontrollutvalgene og en fra sekretariatene, velges hvert år etter forslag fra styret. Leder velges fra sekretariatene i partallsår og fra kontrollutvalgene i oddetallsår. Nestleder velges fra sekretariatene i oddetallsår og fra kontrollutvalgene i partallsår.
  
  - Revisor, etter forslag fra styret. (Årlig valg).

### SS 30/21 STYRETS FORSLAG TIL VALGKOMITÉ

---

#### Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

#### Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet 2020:

Valg av medlemmer til valgkomiteen:

- Arild Røen, Samnanger kommune (ikke på valg)
- Anita Gilde, Skaun kommune (ikke på valg)
- Berit Pauline Pedersen, K-sekretariatet (2021-2023)
- Lars Hansen, Salten kontrollutvalgssekretariat (2021-2023)

Varamedlemmer:

- Jon Jæger Gåsvatn, Sarpsborg kommune (ikke på valg)
- Torill Bakken Kontrollutvalg Fjell IKS (2021-2023)

Leder: Arild Røen (2021-2022)

Nestleder: Berit Pauline Pedersen (2021-2022)

## **SS 31/21 STYRETS FORSLAG TIL REVISOR**

---

### **Behandling i møte:**

Generalsekretæren orienterte saken. Styret diskuterte forslaget.

### **Vedtak:**

Styrets innstilling til årsmøtet:

Valg av revisor (ett år):

- Bjørn Gulbrandsen, rådgiver Østfold kontrollutvalgssekretariat KOF

## **SS 32/21 INNKOMNE FORSLAG TIL ÅRSMØTET**

---

### **Behandling i møte:**

Ingen forslag var innkommet ved fristen.

### **Vedtak:**

Styret tar til orientering at det ikke er kommet forslag til saker eller vedtektsendringer fra medlemmene.

## **SS 33/21 REFERATSAKER**

---

### **Behandling i møte:**

Følgende referatsaker ble tatt til orientering.

<i>RS 6/21</i>	<i>Status - Henvendelser til KMD lovtolkninger mm</i>
<i>RS 7/21</i>	<i>Valgkomiteens forslag til styrevalgene</i>

## **SS 34/21 EVENTUELT**

---

Ingen saker

20. april 2021

Tage Pettersen  
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen  
generalsekretær